

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP



BYGDA SØV

Marsmånen søvntung lyser bak kuplar av raudlett dis.

Pyttane tinklar og fryser til skøyr og klingrande is.

Det gløser i djupe votn, og blinkar i blanke sund, men

djupt inni skuggebotn ligg bygda i roleg blund

- Jakob Sande -

Føreord

Denne masteroppgåva markerer avslutninga av ei femårig utdanning. Ho er eit resultat av bachelorutdanninga *Landmåling og Eiendomsdesign* ved Høgskulen i Bergen og ein toårig mastergrad i *Eiendomsfag* ved Universitetet for Miljø- og Biovitskap på Ås. Oppgåva sitt omfang svarar til 30 studiepoeng. Ho er skriva våren 2012. Rettleiar i prosessen har vore professor Hans Sevatdal.

Eg vil nytte høvet til å takke partar i jordskiftesakene eg har jobba med i oppgåva. Velvilje til å dele synspunkt har vore viktig for å få eit rett syn på dei undersøkte jordskiftesakene. Særskilt vil eg nytte høvet til å takke partar som tok seg tid til å delta på synfaringar.

Eg ynskjer også å takke jordskifteoverrettsleiar Per Kåre Sky som har medverka til val av tema, og elles har vore ei god kjelde til det eg drøftar.

Ein vidare takk blir retta til tilsette ved Sør – Trøndelag jordskifterett. Det har vore god hjelp å ha eigen kontorplass ved jordskifteretten.

Sist, men ikkje minst, rettar eg ein stor takk til rettleiar Hans Sevatdal. Hans konstruktive tilbakemeldingar og faglege innspel har vore til stor hjelp.

Trondheim 11.mai 2011

Cathrine Liss Hoddevik

Samandrag

Gjennom jordskifte eller avtale kan eigarar av ulike eigedomar få oppretta felles private vegar. Føresetnaden for å inngå avtale er semje. Blir ein ikkje samde og ein ynskjer tiltaket gjennomført er jordskifteretten eit naturleg val. Å velje jordskifte kan også vere eit ynskje om kunnskap og ekspertise.

Jordskiftesakene eg undersøker i denne oppgåva er avgrensa til å gjelde sakstypen sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e. Hovudproblemstillinga er å undersøke effektar av eit jordskifte og om mogleg seie noko om omfanget. For å svare på dette har eg tre underspørsmål.

Kva økonomiske effektar har den etablerte vegen for eigedomen?

For skogvegane har partane fått utløyst verdiar som før ikkje var tilgjengelege og dette har for dei fleste partar ført til ein økonomisk gevinst. Andre har fått auka verdien på bustaden sin som følgje av ein tilkomstveg i eit elles bratt og vanskeleg terreng. Det har vore vanskeleg å konkretisere kva den økonomiske verknaden har vore for partane.

Kva miljømessige effektar har den etablerte vegen for eigedomen?

Det er openbart at vegen har endra miljøet i dei sakene der vegen er bygd. Inngrepa i marka, slik ein veg representerer, vil føre til endring av bruken og det visuelle. Dei fleste partane har meint at vegen opna eit kulturlandskap som vanskeleg hadde latt seg drifte utan ein veg.

Har jordskifte medført endring av den sosiale relasjonen mellom partane?

Det kom fram mange meiningar om det sosiale forholdet mellom partane etter jordskifte og dei fleste meinte der var skjedd ei positiv endring etter jordskifte. Storparten av dei intervjuja partane meiner at vegen er viktig for rekreasjon. Ved å nytte vegen til dette føremålet møter ein naboar og andre, og saman går dei på tur, snakkar og har det hyggeleg i marka.

Møteplassen som vegen representerer var der ikkje før, og partane meiner ein slik møteplass har gjeve ein betre relasjon.

Eit anna moment som var interessant i samband med sosiale relasjonar, var gjennomføring av vedlikehald og anna naudsynt arbeid på vegen. I saker med høgt konfliktnivå har partane

uttalt at det ikkje blir gjennomført vedlikehald på vegen. Partane opplyste at vedtektene til vegen utforma av jordskifteretten er gode. Problemet låg i relasjonen mellom partane.

Casestudier av sams tiltak er eit fornuftig metodisk grep, men det gjer også omgrepet effekt meir problematisk, i den meininga at det peikar mot det kontrafaktiske; kva ville ha skjedd utan jordskifte? Intervju som einaste metode synte seg vanskeleg for å kunne undersøke den faktiske økonomiske verknaden for egedomen. Intervju som einaste metode er eigna for å undersøke miljømessige og sosiale effektar.

Abstract

Through land consolidation or written agreement, owners of different properties can establish common private roads. The prerequisite for written agreement is consensus among the owners.

This master thesis is a result of studying eight land consolidation cases and the effect of roads pursuant to the Land Consolidation Act § 2 letter e. I have documented the effects through following sub-questions; what are the economic, environmental and social effects?

The first sub-question, what are the economic effects?

All the owners agree that the road has increased the value of their properties. In general, the roads are used for the purpose they were built for. However, a small number of owners are further extending the usage to further increase their property value. The most significant effect was found for the properties used to extract timber.

The second sub-question, what are the environmental effects?

Such road projects, will lead to a usage and visual change of the area. Most of the owners involved meant that the road gave access to a cultural landscape that had been difficult to operate otherwise.

And the last sub-question, what are the social effects?

As an effect, the social relationship has been improved. They cooperate more and the roads are used as a natural meeting point. Many pointed out that they use the roads for recreational purposes. This is interesting since the roads are built for production, not recreation.

Effects of land consolidation as a case study, has proven to be a suitable method.

In this thesis, using interview as the only method for documenting the economical effect of land consolidation has proved insufficient. However, documenting the environmental and social effects of the cases using interview has been a sufficient method.

Innhald

Kapittel 1 – Innleiing.....	1
1.1 Innleiing – fagleg tema for oppgåva	1
1.2 Avgrensing av temaet.....	2
1.3 Problemstillingar.....	3
1.4 Relevant litteratur om temaet	3
1.5 Oppbygging av oppgåva	4
Kapittel 2 Metode.....	5
2.1 Innleiing	5
2.2 Kvalitativ metode.....	5
2.3 Omgrepet effekt	6
2.3.1 Økonomiske effektar	7
2.3.2 Miljømessige effektar	8
2.3.3 Sosiale effektar	10
2.4 Intervjuguide	11
2.5 Utval av jordskiftesaker og informantar	15
2.6 Tilnærming til informantar.....	16
2.7 Gjennomføring av intervju.....	16
2.7.1 Prinsipp.....	17
2.7.2 Telefonintervju	17
2.7.3 Synfaring	18
2.7.4 Samanfating av gjennomføring.....	18
Kapittel 3 Jordskifte og sams tiltak.....	20
3.1 Innleiing	20
3.2. Kva er eit jordskifte.....	20
3.2.1 Ankeinstans for rettsendrande jordskiftesaker.....	21
3.3 Jordskifteretten si arbeidsoppgåve	23
3.4 Transaksjonskostnadar	24
3.5 Utviklingstrekk i landbruket	25
3.6 Etablering av felles private vegar ved jordskifte.....	27
3.7 Sakstypen sams tiltak.....	29
3.7.1 Sams tiltak i skog.....	34
3.8 Jordskiftelova § 43	35

3.9 Vilkår for å krevje sak etter jordskiftelova § 2 bokstav e	35
3.9.1 Nytttevurdering.....	37
3.10 Forholdet til forvaltinga	39
Kapittel 4 Presentasjon av jordskiftesakene	41
4.1 Innleiing	41
4.2 1420-2005-0004 Tømmerstøl	41
4.3 1420-2001-0010 Moldrheim	42
4.4 1400-2000-0011 Hauge.....	45
4.5 1400-1995-0003 og 2500-2002-0005 Østerbø.....	47
4.6 1210-1996-0028 Seim.....	49
4.7 1110-2000-0014 og 2500-2004-0013 Storskjær	51
4.8 1210-1997-0007 og 2500-2002-0010 Flatråker	52
4.9 1210-1999-0010 Rygg og 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre	57
Kapittel 5 Presentasjon av intervju og synfaring.....	59
5.1 Innleiing	59
5.2 1420-2005-0004 Tømmerstøl	59
5.3 1420-2001-0010 Moldrheim	61
5.4 1400-2000-0011 Hauge.....	63
5.5 1400-1995-0003 og 2500-2002-0005 Østerbø.....	63
5.6 1210-1996-0028 Seim.....	65
5.7 1110-2000-0014 og 2500-2004-0013 Storskjær	67
5.8 1210-1997-0007 og 2500-2002-0010 Flatråker	69
5.9 1210-1999-0010 og 1210-2000-0002 Rygg og Fosse Indre og Ytre	70
5.10 Vurdering av intervju materialet	71
Kapittel 6 Analyse	73
6.1 Innleiing	73
6.2 Effektar i sakene.....	73
6.2.1 Tømmerstøl.....	73
6.2.2 Moldrheim	75
6.2.3 Hauge.....	77
6.2.4 Østerbø.....	79
6.2.5 Seim.....	81
6.2.6 Storskjær	86

6.2.7 Flatråker	90
6.2.8 Rygg og Fosse Indre og Ytre	92
6.3 Sakene sett i samanheng	93
Kapittel 7 Avsluttande refleksjonar	101
Kjelde	105
Bibliografi:	105
Internettkjelde:	107
Lovregister:	108
Forskrifter:	109
Avgjersler publisert i Norsk Retstidende og Rettens Gang:	109
Figurar:	
Figur 1: Jordskiftesaker frå Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett.	15
Figur 2: Jordskiftesaker frå Nordfjord jordskifterett.	15
Figur 3: Jordskiftesaker frå Haugalandet og Sunnfjord jordskifterett.	15
Figur 4: Kva saker som er anka og handsama i Gulating jordskifteoverrett.	16
Figur 5: Intervjustatistikk i kvar jordskiftesak.	19
Figur 6: Intervjustatistikk for jordskiftesak 1210-1999-0010 Rygg og 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre.	19
Figur 7: Hierarkiet for anke av jordskiftesaker.	22
Figur 8: Bruttoinntekt frå attåtning i landbruket.	26
Figur 9: Bygging av skogsveggar i Noreg frå 1972 til 2010 i kilometer.	28
Figur 10: Eksisterande Råkeveg og vidareføring av Råkevegen på Tømmerstøl.	41
Figur 11: Kartet illustrar skogsvegane på Moldrheim. Parsell I – III blei lagt ut i jordskifte.	43
Figur 12: Eigedomane på Moldrheim sin del i opparbeiding og maksimumsbeløp kvar eigedom skulle yte.	44
Figur 13: Jordskiftekart i sak nr.: 1400-2000-0011 Hauge. Vegtrasé er teikna inn med brunt i kartet.	46
Figur 14: Jordskiftekart i sak nr.: 1400-1995-0003 Østerbø. Grøn trasé er veg 1 og 3, og raud trasé er veg 2.	49
Figur 15: Jordskiftekart i sak nr.: 1210-1996 -0028. Gul trasé er Seim skogsveg.	50
Figur 16: Jordskiftekart i sak nr.: 1110-2000-0014 og 2500-2004-0013 Storskjær	52
Figur 17: Jordskiftekart i sak nr.: 1210-1997-0007 og 2500-2002-0010 Flatråker.	54
Figur 18: Kostnad og del kvar eigedom på Flatråker skulle yte i bygging av veg.	55
Figur 19: Total sum for kostnad for bygging av veg 1 til 4 på Flatråker.	55
Figur 20: Grunnlag frå skogbruksplandata som inngjekk i kostnadsutrekningane for vegane 1-4 på Flatråker. .	55
Figur 21: Endring av del for kvar eigedom på Flatråker etter anke til Gulating jordskifteoverrett.	56
Figur 22: Jordskiftekart i sak nr. 1210-1999-0010 Rygg og 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre	58
Figur 23: Grensa mellom bnr. 1 og bnr. 2 langs steingjerde på Tømmerstøl.	74
Figur 24: Grensa mellom bnr. 1 og bnr. 3 langs gjerdet på Tømmerstøl.	75
Figur 25: Innanfor den røde sirkelen ser ein eigedomen på Moldrheim som i dag er veglaus.	76
Figur 26: Ny tilkomstveg til bruk 3 på Hauge.	77

Figur 27: Tilkomstveg til bruk 3 på Hauge før jordskifte.	78
Figur 28: Tilkomstveg til bruk 3 på Hauge etter jordskifte	78
Figur 29: Anleggskostnad, tilskot og partane sin samla del i vegen på Østerbø.	79
Figur 30: Kvar eigedom sin del og kostnad i vegen på Østerbø.....	79
Figur 31: Skogteig på Østerbø etter hogst.	80
Figur 32: Krysset for veg 1 og 2 på Østerbø.	81
Figur 33: Kostnad for partane på Seim.	82
Figur 34: Partane sin del og kostnad i innpåkjøp av Naterstad vegen og opparbeiding av Seim skogsveg.	82
Figur 35: Gjennomsnittleg pris pr. kg sau, inkludert distrikt og grunntilskot.	83
Figur 36: Gjennomsnittleg levande vekt og slaktevekt for sau.	83
Figur 37: Døme på auke i inntekt ved endring av tal vinterfora sau.	83
Figur 38: Døme på auke i inntekt ved endring av tal utegangar sau.	83
Figur 39: Gjennomsnittlege prisar på tømmer.	84
Figur 40: Pårekeleg verdi av tømmeret i tilknytning til Seim skogsveg.	84
Figur 41: Stormskade på granskogen på Seim, ei direkte følge av vegtraséen.	85
Figur 42: Seim skogsveg.	86
Figur 43: Hytteeigedom utan veg til sals i nærleiken av hyttefeltet på Storskjær.	87
Figur 44: Hytteeigedom med veg til sals i hyttefeltet på Storskjær.	87
Figur 45: Utsnitt av arealdelen til kommuneplan for Sauda kommune 2012 – 2023. Punkt 5 gjelder Storskjær.	88
Figur 46: Veg A samt fellesvegane I og II på Storskjær.	89
Figur 47: Tømmer tatt ut på Flatråker.	90
Figur 48: Sams velteplass for vegen på Flatråker.	91
Figur 49: Fjellskjeringar etter sprenging på Flatråker.	91
Figur 50: Starten på veg 1 og 2 på Flatråker.	92
Figur 51: Hovudføremålet for jordskiftekravet.	93
Figur 52: Respons på spørsmålet om det var fornuftig for eigedomen å delta i vegprosjektet økonomisk.	94
Figur 53: Respons på spørsmålet om eigedomen har fått auke i bruksverdi.	95
Figur 54: Respons på spørsmålet om eigedomen sin marknadsverdi etter jordskifte.	96
Figur 55: Partane sine synspunkt om det var tatt omsyn til vegtraséen i terrenget.	97
Figur 56: Er det sosiale forholdet mellom partane blitt endra etter jordskifte, og i kva retning?	98
Figur 57: Sosiale forhold for familieeigedomar.	99

Vedlegg:

Vedlegg 1: Infoskriv til partane i jordeskiftesakene.....	111
Vedlegg 2: E-post frå Nortura, informasjon om slaktepris på sau.	112
Vedlegg 3: Søknad til fylkesmannen i Hordaland frå eigarar på Seim om tilskot til prosjektet Landskap i drift	113
Vedlegg 4: Flybilde av vegane. Henta frå www.norgebilder.no	117
Vedlegg 5: Tilbakemelding frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.....	121

Kapittel 1 – Innleiing

1.1 Innleiing – fagleg tema for oppgåva

Eit krav om sams tiltak til jordskifteretten kan ha ulike årsaker. Partane ser at tiltaket bør gjennomførast for å oppnå ein gevinst på eigedomen, men er ikkje i stand til å bli samde. Det kan òg vere slik at partane ynskjer hjelp av ein nøytral fagleg instans, slik jordskifteretten representerer.

Etter at eit jordskifte er rettskraftig har ikkje jordskifteretten lenger ansvar i jordskiftefeltet. Kva som faktisk skjer etter at jordskiftet er ferdig veit retten sjeldan noko om. Eit vilkår i jordskiftelova¹ (jskl.) er at kostnadane og ulempene med eit jordskifte ikkje skal overstige nytta.

Det kan vere mange ulike tilnærmingar til kva ein meiner med effekt og med gevinst av eit jordskifte. Gevinst er gjerne forstått positivt, nytten, eventuelt netto nytte, medan effekt er forstått som ”*verknader*” både positive og negative. Det har vore vanleg å fokusere på dei økonomiske effektane, men eit jordskifte kan i tillegg til desse mellom anna ha arronderingsmessige, juridiske, sosiale og miljømessige effektar. Ifølgje Sky (2009:369) er slike effektar i dei seinare åra trekt fram for å undersøke om eit jordskifte skal avvisast eller fremjast. Eit vesentleg element i vurderinga av kva effekt er, må vere om partane handlar annleis etter jordskiftet enn dei gjorde før med omsyn til utnyttinga av ressursane i skiftefeltet (Engjaberg, 1986:3). I denne oppgåva er det fokusert på økonomiske, miljømessige og sosiale effektar.

I samband med prosjektet *Jordskifterettens ressursbehov*, blei det i 2009 skriva ein rapport om *Gevinstbetraktningar ved jordskifte*. Arbeidsgruppa hadde tilgang til 200 saker, dei var avslutta over ei periode på 10 år. Rapporten var eit resultat av ein litteraturstudie samt ein spørjeundersøking hjå ulike jordskiftekontor. I rapporten syner arbeidsgruppa fleire døme på saker med gevinstar. Arbeidsgruppa konkluderte òg med at det er vanskeleg å talfeste gevinst i kroner. Vidare konkluderte rapporten med at gevinstar ikkje kan knytast opp mot særskilte sakstypar.

¹ LOV 1979-12-21 nr 77: Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven).

Private vegar utgjer ein stor del av vegsystemet i Noreg. Ifølgje Flø og Haraldstad (2009:399) er det 124 000 kilometer med private vegar. Til samanlikning er det 38 000 kilometer med kommunal veg og 58 000 kilometer med fylkesveg, riksveg og europaveg. Det private vegnettet kan delast opp i fleire kategoriar: Bustadvegar, gardsvegar og skogsbilvegar. Nokre av vegane er organisert gjennom regelverket i veglova², medan ein god del av vegane ikkje har noko form for organisering. Første halvåret av 2011 var det slutta 427 saker av jordskifterettane. Ifølgje Domstoladministrasjonen³ var 19 % av desse bruksordningar og sams tiltak, tilsvarande tal var i 2010 på 23 %. Statistikken syner vidare at det er handsama 178 kilometer med veg.

I denne oppgåva har eg undersøkt åtte jordskiftesaker frå Gulating jordskiftedøme Sakene er henta frå Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett, Nordfjord jordskifterett og Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett samt Gulating jordskifteoverrett. For å undersøke effektar og omfanget av jordskifte, har eg valt å undersøke saker kravd etter jordskiftelova § 2 bokstav e, etablering av sams privat infrastruktur. Sakstypen etter paragrafen blir ofte referert som “*sams tiltak*” eller “*felles tiltak*”. Dersom det er naudsynt å foreta investeringar for å løyse eit problem mellom eigedomar kan jordskifteretten nytte seg av sakstypen sams tiltak. Dette er vanleg dersom ein ynskjer å løyse til dømes sams tilkomst til eit område. Ofte vil ei slik investering vere til nytte for mange eigedomar. Tyngda i granskinga er intervju av partane; eigarane av eigedomane.

1.2 Avgrensing av temaet

Temaet for oppgåva er omfattande og kan ha mange problemstillingar. Det er dermed viktig at eg avgrensar oppgåva sitt faglege tema.

Oppgåva vil bli avgrensa til å undersøke økonomiske, miljømessige og sosiale effektar, i saker handsama etter jordskiftelova § 2 bokstav e, nyetablering av veg. Partane sine synspunkt er i fokus og dannar grunnlag for analysen.

² LOV-1963-06-21-23 Veglova.

³ Øygard, I, (2011, 30. august). *Fleire løyste tvistar i jordskiftedomstolane*: <http://www.domstol.no/no/Aktuelt/Nyheter/Fleire-loyste-tvistar-i-jordskiftedomstolane/>

1.3 Problemstillingar

Hovudmålet i denne oppgåva er å undersøke effektar jordskiftet har hatt og om mogleg seie noko om omfanget. For å undersøke dette har eg følgjande underspørsmål:

- *Kva økonomiske effektar har den etablerte vegen for eigedomen?*
- *Kva miljømessige effektar har den etablerte vegen for eigedomen?*
- *Har jordskifte medført endring i dei sosiale relasjonane mellom partane?*

Slik desse spørsmåla er stilte kan det sjå ut som ambisjonane er å klårleggje alle effektar tiltaket måtte ha, det er ikkje meininga. Meininga er heilt enkelt å finne ut så mykje som mogleg, på eit gitt tidspunkt.

1.4 Relevant litteratur om temaet

Effektar av jordskifte er publisert i bøker, artiklar og masteroppgåver. I dette delkapittelet syner eg til tidlegare arbeid som har vore til nytte i denne oppgåva, både som inspirasjon og kjelde.

Heidi Skaug presenterte i 1993 *Effekter i skog, ein studie av skiftefeltet Bråta i Eidskog*. Skaug synte mellom anna til at det var andre forhold enn jordskifte som påverka aktiviteten i skogen. Skaug kunne også dokumentere ein del negative sosiale effektar.

I 2003 undersøkte Oddmund Roalkvam i si masteroppgåve to jordskiftesaker ved Lista jordskifterett. Studien *Jordskiftelova § 3a og nytten for kvar einskild eigedom* syner kva jordskifteretten legg til grunn i si nyttevurdering. I tillegg kunne Roalkvam syne til endring i sosiale relasjonar.

Artikkelen *Effekter av jordskifte* av Per Kåre Sky (2009), publisert i *Perspektiver på jordskifte*, gjev ein gjennomgang av ulike effektomgrep knytt til jordskifte. Sky deler effektane opp i fire kategoriar, økonomiske og arronderingsmessige, juridiske, miljømessige og sosiale effektar.

Rapporten *Gevinstbetraktninger ved jordskifte* (Øygard et. al. 2009) tar for seg effektar ved jordskiftesaker generelt. Arbeidsgruppa hadde tilgang til 200 saker og rapporten syner døme på saker som synleggjer gevinstar.

En studie av sosiale effekter av jordskifte – ved oppløsning av sameie, av Anne Katrine Laskemoen (2011) undersøker om det har skjedd ein transformasjon av sosiale relasjonar i tida før, under og etter eit jordskifte.

1.5 Oppbygging av oppgåva

Kapittel éin er innleiinga til oppgåva og er ei innføring i tema og problemstillingar. Vidare syner eg til litteratur om same tema som har vore relevant under arbeidet.

Forskingmetodane som er nytta under datainnsamlinga og omgrepet effekt er drøfta i kapittel to. Vidare i dette kapitlet gjere eg greie for kva kvalitativ metode er, kvifor denne metoden blei nytta, utval av informantar, utval av jordskiftesaker og gjennomføring av intervju.

Kapittel tre er innføring i kva som ligg i omgrepet jordskifte og institusjonelle rammevilkår ved etablering av veg gjennom jordskifte. Granskinga er lagt opp som åtte casestudiar. Eit kjenneteikn med casestudiar er at ein studerar detaljer i kontekst, det vil seie i system samanheng. I praksis i mitt tilefelle betyr det eit detalj studium av vegsakene innanfor rammer av jordskiftesystemet.

Kapittel fire er presentasjons kapitlet av jordskiftesakene. Eg har vektlagt å presentere årsaka til kvifor det blei kravd jordskifte og kva nyttevurdering jordskifteretten har gjort.

Kapittel fem er ein presentasjon av intervju med partane. Intervjua er gjort individuelt, men for å halde partane sine opplysningar anonyme er det gjeve éi samanfating av intervjua for kvar sak. I dette kapitlet vurderar eg datamaterialet sin kvalitet før eg går i gang med analysen.

Analysen i kapittel seks er i to delar. Først forsøker eg å dra ut mest mogleg av enkeltsakene, casestudiet. Etter det ser eg sakene under eitt – så langt dette er mogleg og forsvarleg ut frå ein casestudie.

I det avsluttande kapitlet, kapittel 7 reflekterer eg over nokre av funna og val av intervju som metode i casestudier.

Kapittel 2 Metode

2.1 Innleiing

Eg ynskjer å undersøke eit utval jordskiftesaker for å finne ut kva effektar eit jordskifte fører med seg. Det er eigedomane som står i sentrum for oppgåva, og for å tileigne seg informasjon om eigedomane er det naudsynt å få partane sine synspunkt.

I kapittelet vil eg gjennomgå forskingsmetodane som er nytta under innsamling av data. Det er gjennomført telefonintervju av partar som har deltatt i jordskiftesaker og intervju under synfaring av jordskiftefeltet. Vidare vil eg gjere greie for kva kvalitativ metode er, kvifor denne metoden blei nytta, omgrepet effekt, utval av informantar, utval av jordskiftesaker og gjennomføringa av intervju. Oppsummera ein dette kan ein sei at eg har gjennomført casestudiar.

2.2 Kvalitativ metode

Samfunnsvitskapleg metodelitteratur skil mellom kvalitative og kvantitative metodar. Kvalitativ metode held seg til data i form av tekst og tale, medan kvantitativ metode held seg til kategoriske fenomen og legg vekt på oppteljing og omfang av fenomena (Johannessen, Kristoffersen og Tuft, 2009:101). Forskingsspørsmålet, samt tilgjengeleg tid og ressursar avgjer val av metode og set grenser for kva som er mogleg å gjennomføre.

Kvalitativ metode har fokus på å få så mykje informasjon som mogleg ut av ei mengd med personar. Målet er å overføre kunnskap, og å få meir utfyllande informasjon om eit fenomen. I kvalitative studiar vil utveljing av informasjon skje både undervegs i undersøkinga, men og parallelt under innsamling og analyse av data (Grønmo, 2007:113).

Ved bruk av kvalitativ metode er det to grunnleggande framgangsmåtar som er skikka for å samle inn data; observasjon og intervju. Informantane var partar i jordskiftesakene. I prinsippet er det problemstillinga som skal styre valet av metode, og føresetnaden for dette er at forskaren har kontroll på metoden som er best for føremålet. Intervju som metode blir nytta når ein er interessert i å undersøke korleis menneskje tenkjer, føler og meiner om noko (Lotherington, 1990:1).

Intervjumetoden har ulike tilnæringsmåtar for å avdekkje det ein søker svar på. Ein kan dele intervju inn i “*kvalitative intervju*” og “*kvantitative intervju*”. Det som kjenneteiknar kvalitative intervju, er at det er opp til informanten å formulere svara.

Når ein har avgjort at kvalitativt intervju er ei brukande metode for å gje svar på problemstillinga, må ein vurdere kva type intervjuteknikk ein skal bruke. Ifølgje Lotherington (1990:1) kan ein velje mellom tre teknikkar:

1. Det uformelle, samtalande intervju
2. Intervjuguide
3. Standardisert, “open-ended” intervju

Desse tre intervjuteknikkane kan sjølvsagt kombinerast.

Under datainnsamlinga er det nytta intervjuguide, samstundes er den uformelle samtalen viktig. Med intervju har det vore ynskjeleg å oppnå ein samtale med informanten der intervjuguiden er eit kontrollskjema.

2.3 Omgrepet effekt

Effekt av jordskifte er, som nemnt, vanskeleg å konkretisere. I forhold til problemstillingane og metodebruken må eg drøfte omgrepet effekt nærare før eg syner korleis jordskiftesakene blei valt ut, og korleis eg tilnærma meg informantane.

Under eit jordskifte vil ein alltid forsøke å oppnå mest mogleg nytte for den einskilde og for jordskiftefeltet i heilskap. Effektar av jordskifte kan vere både positive og negative (Engjaberg, 1986:4). Omgrep ein nyttar om positive effektar er til dømes: Nytte, gevinstar, gagn, vinning og reduserte transaksjonskostnader. Negativ effekt vil vere: Skade, ulemper, kostnader og tap. Desse omgrepa kan nyttast både som uttrykk for “*netto*” og som “*brutto*”. Korleis eg brukar dei vil gå fram etter kvart, men det vil i hovudsak vere som brutto.

Korleis resultatet av eit jordskifte skal bli er ikkje berre opp til aktørane i saka. Mykje er fastlagt på førehand gjennom gjevne rammevilkår. Økonomien vil òg setje skrankar; det er lite hjelp i gode planar dersom det ikkje er eit økonomisk grunnlag for å gjennomføre dei (Engjaberg, 1986:41).

Eit vesentleg element i vurderinga av kva effekt er, må vere om partane handlar annleis etter jordskiftet enn dei gjorde før med omsyn til utnyttinga av ressursane i skiftefeltet. Ei samanlikning av forholda før og etter eit jordskifte vil kunne gje ein del svar på dette spørsmålet (Engjaberg, 1986:3). Ein må gjere ei vurdering av arealbruken og av drifta, og etter det sjå på kva som kan godskrivast jordskiftet og kva som kjem av andre årsaker.

Investeringar som følgje av nyetablering av veg kan vere: Skogplanting, uttak av tømmer, sal eller bortfesting av hyttetomter. Ved desse aktivitetane kan ein måle effekten økonomisk. I tillegg til økonomiske effektar kan jordskifte ha mange andre effektar: Juridiske, miljømessige og sosiale. Dei sistnemte effektane er ikkje naudsynt å prøve ved fremjing av ei sak, der er det økonomien som gjeld, men dei kan seier noko om dei samfunnsmessige gevinstane generelt (Sky, 2009:374).

2.3.1 Økonomiske effektar

Arealbruk og driftsformer i landbruket endrar seg over tid, og eigedomsutforming spelar ei stor rolle. Ny teknologi, større maskinpark, endra driftsform og liknande stiller i dag andre krav til fysisk utforming. Det som før var teigar ein hausta for hand, er i dag kanskje gjort om til beiteland. Jordskiftet kan gå ut på organisatoriske løysingar gjennom samarbeid og sams tiltak. Gjennom eit jordskifte kan areal som ligg vanskeleg til, med maskinparken i dag, bli tilgjengeleg. Dette vil skape ein enklare driftsform for eigar, og samstundes vil det kunne gje ei økonomisk vinning.

I eit historisk perspektiv har ”standardparten” i eit jordskifte vore eigar av ein landbrukseigedom, som drive næring på eigne areal. I dag vil partane i eit jordskifte omfatte mange ulike aktørar. ”*Dei som har aktørposisjon i jordskiftesamanheng er enten grunneigarar eller har andre rettslege posisjonar med basis i eigedomsretten. I tillegg til eigedomsbaserte rettar kan dei ha spesifikke rettar, eller vil kome til å inneha slike rettar, med basis i reguleringsregimet. Det kan vere konsesjon, mjølkekvoter, byggeløyve, utsleppløyve i eit vassdrag osv. Desse “eigenskapane” er ulikt fordelt på aktørane, både i mengde og kvalitet, og dette vil påverke åtferda deira. Ikkje berre vil dei skilje seg ut frå andre, dvs. ikkjeieigarar”, men dei vil og vere høgst ulike innbyrdes på grunn av ulikskapar på ymse måtar i sitt eigedomsinnhav. Aktørane kan også ha ulik nyttefunksjon, dvs. relasjon til eigedomen; føretaksrelasjon, kapitalrelasjon, konsumentrelasjon, sosial relasjon, og dette vil påverke åtferda deira. I ein sum: Eigedomsforholda påverkar aktørane si åtferd”*

(Sevatdal og Sky, 2003:59). Effektar vil ikkje syne seg på same måte for alle desse aktørane, ulike eigenskapar ved eigarane kjem sterkare inn i nyttevurderingar

Eigarar av landbrukseigedomar kan delast i to grupper; dei som sjølve driv eigedomen og dei som primært leiger den bort. I alle fall kan ein tenkje slik når det gjeld jordbruksareal, for skog er det annleis. For eigarar som driv eigedomen sin sjølv vil effektar av jordskifte til dømes vere ei enklare og mindre kostnadskrevjande drift. Ein ny og meir hensiktsmessig veg i terrenget, kan føre til at det blir enklare å gjødsle og drive innhausting, noko som igjen kan føre til ei auke i dyrehaldet. For eigarar som primært leiger ut sine areal vil effekten av jordskifte vere knytt til kor lett areala kan nyttast av ein leigar, og sjølvstilt til kva pris eigaren kan oppnå ved utleige. I sum vil det for gruppene vere snakk om minke i kostnadane og ei auke på inntektssida.

King og Burton (1983:489-490) syner til empiriske undersøkingar av økonomiske effektar av jordskifter frå Finland, Sveits, Austerrike, Frankrike og India. Konklusjonen deira er at kostnadane reduserast og at det økonomiske utbyttet dermed aukar. Effektane i undersøkinga varierer mykje og er avhengige av på kva tidspunkt dei er målte etter at jordskiftet er avslutta.

I rapporten *Gevinstbetragtninger ved jordskifte* konkluderte arbeidsgruppa med at det er vanskeleg å talfeste gevinstane i kroner. Ifølgje Sky (2009:379) er dei fleste metodane for å studere økonomiske effektar utvikla for tradisjonelle arealbytesaker. Metodar for sakstypene sams tiltak, bruksordning og avløyning av bruksrettar er lite utvikla.

2.3.2 Miljømessige effektar

Miljømessige effektar har ingen klar definisjon Ifølgje Sky (2009:381). Kategorien omhandlar effektar jordskifte har på landskap, natur og miljø. Under ein kongress ”*International Federation of Surveyors*” i Helsinki i 1990 blei det vedtatt ein resolusjon med fokus mot at ein skulle ta omsyn til miljøet i samband med gjennomføring av jordskifte og at forholdet mellom miljø og jordskifte skulle dokumenterast (Tenkanen, 1991:16).

I Nederland meinte ein på starten av 1970-talet at det hadde vore for einsidig fokus på at det skulle leggjast økonomiske kriterier til grunn ved ein skifteplan. Det blei utvikla ein *evalueringsmetode* der ein tok omsyn til visualitet, historiske kvalitetar, økologi og sosiale forhold, i tillegg til økonomi. Ved landbruksuniversitetet i Wageningen i Nederland blei det

rundt 1990 prøvd ut ein modell som anslo produksjonsinntekter for ulike alternativ når det gjaldt landskapsmessige endringar. Konklusjonen frå dette prosjektet var at store endringar i kulturlandskapet ikkje gav auka inntekt, snarare tvert imot (Sky, 2009:381).

Bullard (1990:31) tok for seg miljømessige effektar av jordskifte og problemet med at nokre av fordelane ved jordskiftet kan bli framtida sine ulemper (auka fare for erosjon, større teigar, fjerning av element i randsona, monokultur osv.). I det praktiske jordskiftetarbeidet i Noreg er det få saker der miljømessige effektar har eit særskilt fokus. Ifølgje Sky (2009:382) har dette noko med sakstypane ein til ei kvar tid har til handsaming. Dersom ein skal trekke fram saker der miljøeffektar har ei rolle, vil dette vere saker med arealbytte eller sams tiltak.

Eit inngrep i marka vil kunne framstå plutselig og framand i landskapet. Vegframføring og handsaming av det omkringliggende landskapet vil kunne ha betyding for interesser knytt til rekreasjon, naturvern, kulturvern og kulturlandskap. I saker der skifteplan må grunnast på offentlege vedtak, vil òg forvaltinga kunne kome med merknader eller avgjersler knytt til effektar om miljøet, jf. jskl. § 20a. Tidlegare var det i jordskiftelova ein regel om kulturlandskap. Dette innebar at jordskifteretten sine planar òg skulle fremje landskap- og naturverninteresser. Den tidlegare *"kulturlandskapsparagrafen"* i jordskiftelova § 29 blei i lov av 18. desember 1998, nr. 84 foreslått i Ot.prp.nr. 57 (1997-1998) endra til:

"Det skal takast omsyn til at naturressursane skal disponerast ut frå framtideige generasjonar sine behov. Forvaltninga av naturressursane skal vere miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern av jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter."

I lov av 12. mai 2006, nr. 15, foreslått i Ot.prp. nr. 106 (2002-2003), blei denne paragrafen fjerna fordi ein slik regel var sær uvanleg i ein domstolsamanheng. Ein meinte at ein slik regel kunne etterlate eit inntrykk av at jordskifteretten skal ha forvaltningsoppgåver. I tillegg er ein slik regel overflødig. Det er ikkje naudsynt å presisere at domstolane skal ta omsyn til gjeldande lover som omhandlar vern av natur. Det er difor viktig å understreke at sjølv om det i jordskiftelova i dag ikkje er ein slik *"kulturlandskapsparagraf"*, skal ein ikkje ta mindre omsyn til dei miljømessige sidene ved eit jordskifte (Sky, 2009:382-383).

På 1980- talet meldte det seg eit aukande problem med overproduksjon av husdyrprodukt. Merksemda blei retta mot miljøproblema som det intensive jordbruket førte med seg. Landbrukspolitikken gjekk igjennom ei omlegging i retning miljøomsyn og reduksjon i produksjonsorienterte subsidier. Ein påla jordbruket å ta andre omsyn enn berre å leggje til rette for økonomisk effektivt arealbruk, og omsynet til miljøet og kulturlandskapet blei vektlagt. Samstundes gjorde ein markant nedgang i mengd årsverk i landbruket det naudsynt med nye næringar på bygda. Inntekta til bonden skulle betalast av staten for landbruket sitt bidrag til fellesgodar som kulturlandskap. Dette har ført til at landbruket sine godar, og særleg kulturlandskapet, får ei sjølvstendig tyding for opplevingsnæringar knytt til rekreasjon og turisme (Jones og Rønningen, 2007:373).

Kulturlandskapet er eit resultat av landbruksdrift med beiting, dyrking og hogst. Gjengroing av kulturlandskapet fører til tap av både naturtypar og arter. Kulturlandskapet slik det står fram i dag er tydeleg påverka av jordskifteverksemda som har føregått i Noreg i lengre tid. Dette gjeld dyrkingslandskap i landbruket, men også haustingslandskapet i forhold til beiting, slått og hogst. I tillegg til busetand i landskapet i rurale strøk. Desse gevinstane kan vanskeleg målast (Øygard et. al., 2009:11).

2.3.3 Sosiale effektar

Å vere part i eit jordskifte kan påverke deg som person, eller som del av eit fellesskap. Sosiale effektar i denne samanheng er om og korleis jordskifte påverkar relasjonen mellom menneskje (Sky, 2009:383).

Roalkvam (2003) undersøkte to jordskiftesaker, handsama ved Lista jordskifterett. I denne studien drøftar Roalkvam problemstillingar reist av partane. Ei av desse problemstillingane omhandlar sosiale effektar. Å bevare eit godt naboskap blir av mange høgt verdsett. Ved å stå på sine krav kan ein på den eine sida oppnå nytte for sin eigedom, samstundes som eit godt naboskap gjennom mange år kan bli dårleg. I eit jordskifte balanserar ein mellom å oppnå gode løysingar, samstundes som ein forsøker å oppretthalde naboskapet (Roalkvam, 2003:79).

I kommentarutgåva til jordskiftelova har Austenå og Øvstedal meint at vurderingar om nytte etter jordskiftelova § 3 bokstav a skal knytte seg til eigedomen, og ikkje til personar på eigedomen. Samstundes er det kommentert i høve til jordskiftelova § 3 bokstav a at nytten ved eit jordskifte òg kan vere av sosial karakter (Austenå og Øvstedal, 2000:45-46). Ifølgje

Roalkvam (2003:79) bør ein difor òg kunne vurdere om eit jordskifte vil ha ein langsiktig negativ verknad på forholdet mellom partane.

Å vere part under eit jordskifte kan føre til at ein endrar oppførsel overfor nabo og andre partar etter jordskifte. Store omveltingar i eigedomstilhøva kan verke ulikt på dei forskjellige eigarane. Nokre partar kan sjå på det positive i endringane ut ifrå eit framtidsretta perspektiv, medan andre er tradisjonsbundne, og kan oppleve endringane negativt (Engjoberg, 1986:3).

Alle har ein terskel for kva dei kan tåle før dei snur fokuset mot eigedomen og ikkje mot naboforholdet. Spørsmålet er då om dette vil vere på eit tidspunkt der det går utover resultatet i saka, naboskapet eller begge deler.

2.4 Intervjuguide

For å undersøke omgrepa som er drøfta ovanfor har eg nytta intervju som metode. Til intervju er det utforma ein intervjuguide.

Ein intervjuguide er ei liste med spørsmål eller tema ein ynskjer å ta opp i løpet av intervjuet. Kor detaljert ein intervjuguide bør vere, har samanheng med kor mykje forskaren veit om saka eller temaet frå før av, og om ein er trygg på seg sjølv i ein intervjusituasjon. Styrken ved å nytte intervjuguide er at ein held seg til tema og ein både er og verkar strukturert (Lotherington, 1990:3). Dersom intervjuar er strukturert, opnar dette for å følgje opp informantane individuelt under intervjuet. Denne måten å intervjuje på har òg sine svake punkt. Er ikkje intervjuar sine ferdigheiter gode, kan dette slå ut i at intervjuar ikkje oppfattar viktige spørsmål og/eller svar, og som følgje av det ikkje stiller oppfølgingsspørsmål (Lotherington, 1990:3).

Det avgjerande i casestudien er ikkje kor mange case som er med, men ein resolutt modellering og utveljing av undersøkingseiningar, det vil seie, ein strategi (Andersen, 1990:368). I denne oppgåva ligg hovudfokuset på å analysere resultatata i jordskiftesakene. Ei samanlikning av jordskiftesakene, såkalla komparative casestudiar, blir det fokusert mindre på.

Eg har valt å nytte meg av den same intervjuguide under alle intervju. Bakgrunnen for dette var å få ein lik struktur på intervju. Spørsmåla i intervjuguiden er utforma for å få innsikt i

dei problemstillingane eg vil undersøke. Eg startar med personen og eigedomen, for så å gå vidare til årsaka til at det blei kravd jordskifte, prosessen under jordskifte og vidare resultatet for eigedomane i dag. Intervjuguiden er tatt inn i oppgåva i sin heilskap. Intervjuguiden syner kva informasjon som har vore ynskjeleg å hente inn for å gje svar på problemstillingane. At partane kjem med ulike svar er i denne samanheng ei styrke. Partane sin bruk av eigedomen og gevinstar knytt til den etablerte vegen er tyngda i oppgåva.

A. Personen:

1. *Kor lenge har du eigd eigedomen?*
2. *Har du kjøpt eigedomen på den frie marknaden, eller har eigedomen tilhøyrd nær familie?*
3. *Deltok du i jordskiftesaka?*
 - a. *Dersom nei, kven deltok for dette gnr. og bnr.?*

B. Eigedomen:

1. *Kva type eigedom eig du (einebustad, hytte, gardsbruk)?*
 - a. *Dersom gardsbruk – driv du aktivt?*
2. *Når kom din eigedom med i saka?*

C. Årsak og kommunikasjon:

1. *Kven tok initiativ til å krevje jordskiftesak?*
2. *Kvifor blei det kravd jordskifte?*
3. *Var jordskifteretten første alternativ, eller var andre tilnæringsmåtar forsøkt/diskutert?*
4. *Kva posisjon hadde du som part under saka (aktiv eller passiv)?*
 - a. *Forklar kvifor du var aktiv eller passiv.*
5. *Nytta du deg av advokat under saka?*
 - a. *Ser du i ettertid at det hadde vore naudsynt/ ikkje naudsynt med advokat?*
6. *Følte du som part at du blei høyrd av jordskiftedommar, (jordskifteoverdommar) eller dei andre partane i saka?*
 - a. *Kva var bra/vanskeleg med kommunikasjonen?*

D. Nytte:

1. *Såg du nytte for din eigedom av at det kom ei jordskiftesak om ny veg/ endring av vegen?*
 - a. *Forklar kort svaret.*
2. *Kva nytte meinte jordskifteretten at din eigedom ville oppnå?*

3. *Under jordskiftet, var det andre alternativ til det føreslåtte vegprosjektet som var meir aktuelle for din eigedom?*
4. *Korleis blei eigedomen nytta før jordskifte?*
5. *Har ordninga som blei etablert av jordskifteretten vore nyttig for å handtere det som før var vanskeleg med bruken?*
6. *Kva del i vegen har din eigedom?*
 - a. *Var dette rimeleg eller urimeleg?*

E. Vegen:

1. *Kva nyttar du i hovudsak vegen til?*
 - a. *Til driftsbygning?*
 - b. *Til bustad?*
 - c. *Til hytte?*
 - d. *Til utmark?*
 - e. *Anna?*
2. *Vart det innhenta tilbod på vegen under handsaminga av saka?*
 - a. *Kven gjorde dette, partar eller jordskiftedomstolen?*
3. *Dei som har rett i vegen, har dei eit felles forum?*
 - a. *Veglåg*
 - b. *Grunneigarlag*
4. *Har det skjedd endringar av vedtektene for vegen?*
 - a. *Kva er endra?*
 - b. *Kvifor?*
5. *Er vedtektene utforma slik at endringar i bruken kan føyast til?*
6. *Har det vore gjennomført større tiltak på vegen i ettertid?*

H. Økonomisk:

1. *Har vegen utløyst den gevinsten du såg føre deg før vegprosjektet?*
2. *Har vegen utløyst den gevinsten jordskifteretten meinte din eigedom ville oppnå?*
3. *Har jordskiftevegen medført andre gevinstar for din eigedom?*
 - a. *Til dømes:*
 - i. *Er det blitt skilt ut tomter?*
 - ii. *Er det blitt økonomisk enklare å drifte gardsbruket?*
 - iii. *Er eigedomen auka i verdi?*
4. *Har verdien på eigdommen din auka eller minka?*
 - a. *Dersom auke, kvifor?*

- b. Dersom minke, kvifor?
- 5. Har du skog som soknar til “jordskiftevegen”?

 - a. Har du tatt ut skog i det siste?

 - i. Viss ja, kor mykje og til kva pris?

- 6. Kunne din eigedom ta ut skog utan “jordskiftevegen”?

I. Miljø:

- 1. Er du nøgd med utforminga av eigedomen din etter saka?
- 2. Ligg vegen hensiktsmessig i terrenget?
- 3. Er det gjennomført miljøtiltak i tilknytning til vegen?
- 4. Har vegen skapt problem som ein ikkje såg føre seg?
- 5. Er landskapet endra vesentleg?

J. Sosialt:

- 1. Korleis var forholdet til partane før jordskifte?
- 2. Korleis var forholdet til partane etter jordskifte?
- 3. Har jordskiftesaka endra forholdet mellom partane?
- 4. Har den sosiale relasjonen skapt vanskar i forhold til vegprosjektet?
- 5. Har den sosiale relasjonen skapt vanskar ved andre forhold?

F. Jordskifteprosessen:

- 1. Korleis var kommunikasjonen frå jordskifteretten til partane mellom rettsmøta?
- 2. Kva syns du om tidsbruken i jordskifteretten?
- 3. Kva syns du om prosessen under jordskiftemøta?
- 4. Utgjorde prosessen og/eller tidsbruken i jordskifteretten noko hinder for din eigedom eller andre private investeringar?

G. Andre aktørar:

- 1. Kommune, fylke, entreprenør?

 - a. Kva rolle hadde desse?

Samla: Har endringa vore positiv eller negativ for din eigedom?

Det er viktig å presisere at intervjuguiden er nytta som eit kontrollskjema og oppfølgingsspørsmåla avheng av kva informantten fortel under intervjuet.

2.5 Utval av jordskiftesaker og informantar

Frå jordskiftekontora i Gulating jordskiftedøme er det mottatt lister over avslutta jordskiftesaker frå 2002 til 2006. Denne perioden blei valt med tanke på at partane skulle hatt tid til å fullføre veganlegga samt at dei har fått brukt vegane over ei periode. Jordskiftesakene har eg sjølv valt, og eg har vektlagt at det er etablert nye vegar.

Jordskiftesakene er avslutta i ulike år, i ulike kommunar og ulike jordskifterettar har handsama sakene. Dette gjev ei spreiding i datamaterialet. Ei slik spreiding er gunstig når ein skal studere ein konkret sakstype, som innanfor visse rammer skal handsamast likt. Variasjon innan for same sakstype aukar sjansen for at eit geografisk område og praksis hos jordskifterettar ikkje vil påverke resultatet. Eg har valt Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland som avgrensing til kvar eg skal studere sakene. Under presenterer eg jordskiftesakene eg har undersøkt:

Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett:

Sak nummer	Kommune	Avslutta
1400-2000-0011 Hauge	Gaular	2002
1400-1995-0003 Østerbø	Høyanger	2002

Figur 1: Jordskiftesaker frå Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett.

Nordfjord jordskifterett:

Sak nummer	Kommune	Avslutta
1420-2005-0004 Moldrheim	Stryn	2005
1420-2001-0010 Tømmerstøl	Eid	2003

Figur 2: Jordskiftesaker frå Nordfjord jordskifterett.

Haugalandet og Sunnfjord jordskifterett:

Sak nummer	Kommune	Avslutta
1210-1997-0007 Flatråker	Tysnes	2002
1210-1999-0010 & 2000-0002 Rygg og Fosse Indre og Ytre	Etne	2006
1110-2000-0014 Storskjær	Sauda	2004
1210-1996-0028 Seim	Kvinnherad	2006

Figur 3: Jordskiftesaker frå Haugalandet og Sunnfjord jordskifterett.

Gulating jordskifteoverrett:

Sak nummer	Anke på sak nummer	Avslutta
2500-2002-0010-Flatråker	1210-1997-0007 Flatråker	2004
2500-2004-0013 Storskjær	1110-2000-0014 Storskjær	2005
2500-2002-0005 Østerbø	1400-1995-0003 Østerbø	2003

Figur 4: Kva saker som er anka og handsama i Gulating jordskifteoverrett.

2.6 Tilnærming til informantar

Før arbeidet med datainnsamling starta, blei det sendt ut eit informasjonsskriv til 90 partar. Informasjonsskrivet er vedlegg éin. Jordskiftesakene er avslutta innanfor ei periode på 6 til10 år, og av den grunn valte eg å sjekke alle gnr. og bnr. opp mot eigedomsregisteret matrikkelen, for å vere sikker på at brev blei sendt til eigar av eigedomen i dag. Dette var tidkrevjande, men i ettertid ser eg at dette arbeidet var naudsynt.

I nokre av sakene er det andre krav enn sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e. Eit døme på dette er sak nr. 1210-1996-0028 Seim. I denne saka er det også kravd grensegang etter jordskiftelova § 88. Vidare er skogsvegen på Seim ei forlenging av ein eksisterande skogsveg på Naterstad. Partar som ikkje har rett i den nyetablerte vegane gjennom jordskiftet, men samstundes er partar i jordskiftesaka, er ikkje av interesse i denne oppgåva. Datainnsamlinga er kvalitativ og eg er interessert i å få ei djupare forståing av sjølve problemstillinga. I metodelitteraturen blir dette omtalt som *”purposeful sampling”*, eller strategisk utveljing av informantar (Johannessen, Kristoffersen og Tufte, 2009 s.109).

I informasjonsskrivet fekk partane informasjon om at det var friviljug å delta, og at namn, telefonnummer og svar ville bli handsama anonymt. Partane blei òg opplyste om at jordskiftesaka var offentleg og at saksnummeret ville bli dokumentert i oppgåva.

2.7 Gjennomføring av intervju

Gjennomføring av intervju er ulik frå person til person. Det er nokre prinsipp som gjeld uansett. Eg vil syne til desse, for så å drøfte korleis intervju er gjennomført.

2.7.1 Prinsipp

Ifølgje Lotherington (1990:5) er det ikkje mogleg å gje ei endeleg oppskrift på korleis ein skal intervjuje. Det er i alle høve nokre prinsipp som gjeld uansett. Spørsmåla må vere:

- *“Open-ended”*: Intervjukandidaten skal få svare akkurat slik vedkomande har lyst til.
- *“Nøytrale”*: Intervjukandidaten skal få svare slik vedkomande har lyst til, utan at intervjuar lar seg affisere av det. Intervjuar skal ikkje reagere positivt eller negativt på svaret. Intervjuar skal syne forståing og interesse for det som blir sagt.
- *“Klære”*: Informanten må kunne forstå spørsmålet for å kunne gje eit svar. God og klår tale er viktige eigenskapar.
- *“Sensitive”*: Intervjuar må klare å sette seg inn i situasjonen informanten er i, og spørsmåla må bli stilt på ein slik måte at det ikkje er ubehageleg for han eller henne.

For å innhente datamateriale til oppgåva er det gjennomført to typar intervju; telefonintervju og intervju under synfaring av jordskiftefeltet. Eg gav respondenten moglegheit til å velje tidspunkt for intervjuet, då dette gjev respondenten ein kjensle av kontroll og tryggleik. Dette gjorde eg for å få til ein best mogleg dialog mellom intervjuar og informant.

I det følgjande vil eg forklare framgangsmåten i intervjua.

2.7.2 Telefonintervju

Sakene er spreidd over eit geografisk område og det er tilsamen 99 partar i jordskiftesakene. For å kunne nå ut til flest moglege har eg nytta meg av telefonintervju av dei fleste partane. Partane har blitt oppfordra gjennom informasjonsskrivet til å førebu seg på intervjuet.

Under intervjua har eg presentert meg, og gjeve informasjon om kvifor eg ynskjer å ha eit intervju. I tillegg har eg gjort partane merksam på eg tar notat for hand under samtalen. Før eg har starta sjølve intervjuet har eg bede partane fortelje meg om sin eigedom, kor lenge dei har eigd den og om dei har hatt tilknytning til den før dei blei eigarar. Vidare har eg latt dei fortelje om området og kva dei i hovudsak nyttar eigedomen til. Dette har ført til at informanten slappar av og får ei kjensle av at han eller ho har kontroll over situasjonen. Før kvart intervju har eg laga meg ei liste med informasjon eg har kunna henta ut om informanten i rettsboka; dette vere seg informasjon om gnr. og bnr., del i veg, del i vedlikehald, om han eller ho var tilstades på rettsmøte, forklaring i rettsmøtet også vidare. I tillegg har eg for kvart intervju hatt kart tilgjengleg slik at eg til ei kvar tid har kunna følgje informanten sine forklaringar av

områder i jordskiftefeltet. Ei slik førebuing til intervju gjev ei ryddig framstilling av meg som intervjuar, noko som igjen gjev informanten ein kjensle av at eg er førebudd.

Under intervju noterte eg for hand fortløpande svar frå informantane. Før eg avslutta intervjuet gjekk eg igjennom mine notat med informanten. På denne måten sikra eg meg at informasjonen var korrekt og at informanten var samd i mi oppfatning av intervjuet. Vidare sikra eg meg at det ikkje var gjort notat om opplysingar som informanten ville skulle vere mellom oss. Det er gjennomført maks 5 intervju kvar dag. Då intervju var ferdige reinskreiv eg notata. Ein slik struktur var naudsynt for at informasjonen skulle vere oversikteleg og for at ikkje andre intervju skulle påverke resultatet.

2.7.3 Synfaring

Det er gjennomført synfaring i seks av sakene. I fire av desse var det partar med i marka. Det blei gjort avtale på førehand om at eg skulle kome og partane var viljuge til å delta. Årsaka til at eg ikkje hadde med partar i dei to andre sakene var at dei ikkje var tilstades på eigedomane. I forkant av synfaringa var partane intervju på telefon. Partane blei oppmuntra til å førebu seg til synfaringa, slik at eg kunne få mest mogleg informasjon om jordskiftesaka. I tillegg hadde eg med meg kart og rettsbok slik at eg fortløpande kunne stille spørsmål om eigedomane og andre moment eg ynskte å klårleggje.

Kvar synfaring varte i omtrent 1-2 timar. Desse synfaringane har vore viktige for å kunne syne anlegga og området ved hjelp av bilda i oppgåva.

2.7.4 Samanfatning av gjennomføring

Som intervjuar har eg nytta meg av prinsippa presentert i kapittel 2.7.1 Informantane har fått svare akkurat slik dei har hatt lyst til utan at eg har reagert negativt på svaret. Vidare har eg vektlagt at eg er tydeleg i mine spørsmål slik at informantane forstår spørsmålet.

Eg har til saman gjennomført 38 intervju. Dei fleste partane har vore positive til å gjennomføre intervju, og samtalan har fleire gonger vart i over ein time. Av partane var det 12 som ikkje ynskte å la seg intervju. Årsakene var at dei ikkje hadde noko å bidra med i samband med oppgåva, nyleg eigarskifte eller andre private årsaker. Totalt er det 9 partar eg ikkje har oppnådd kontakt med. Partane har enten ikkje svart på telefonoppringingar eller har ikkje offentleg lista telefonnummer. I informasjonsskrivet blei partane oppfordra til å kontakte

meg dersom eg ikkje oppnådde kontakt innan mars månad. Totalt er det 3 partar som har gjort dette. Intervjuprosenten er på 63 i høve til partar i sakene.

Sak	Aktuelle partar for intervju	Intervjuet	Ville ikkje la seg intervju	Oppnådde ikkje kontakt	Intervjuprosent
Storskjær	25	12	6	7	48 %
Tømmerstøl	4	4	0	0	100 %
Moldrheim	4	3	0	1	75 %
Østerbø	7	5	2	0	71 %
Seim	8	5	3	0	63 %
Flatråker	6	5	1	0	83 %
Hauge	3	2	0	1	67 %
SUM	57	36	12	9	63 %

Figur 5: Intervjustatistikk i kvar jordskiftesak.

Sak nr.: 1210-1999-0010 Rygg og 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre.

Vegane utlagt i jordskiftet i denne siste saka er ikkje bygde. Partane eg forsøkte å kontakte for intervju opplyste alle at eg burde ringe eit styremedlem i grunneigarlaget. Det blei opplyst at personen hadde god innsikt i saka, og at eg ville få ei korrekt framstilling av årsaka til kvifor det blei kravd jordskifte og korleis stoda er no. På grunn av den låge intervjuprosenten har eg tatt denne saka ut av den samla statistikken.

Sak	Aktuelle partar for intervju	Intervjuet	Intervjuprosent
Rygg og Fosse Indre og Ytre	42	2	1%

Figur 6: Intervjustatistikk for jordskiftesak 1210-1999-0010 Rygg og 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre.

Kapittel 3 Jordskifte og sams tiltak

3.1 Innleiing

Partane kan sjølve etablere felles private vegar gjennom avtale, utan å gå vegen om jordskifteretten eller andre eksterne organ. Føresetnaden for å inngå avtale er semje. Blir ein ikkje samde og ein ynskjer tiltaket gjennomført, er jordskifteretten eit naturleg val. Det kan òg vere eit ynskje om kunnskap og ekspertise slik jordskiftretten representerer. Jordskifteretten representerer ein institusjonell arena for drøftingar og forhandlingar som ein kan rekna med, og ikkje minst at jordskifteretten produserer vedtak som er tvangsgrunnlag for gjennomføring.

For å forstå og drøfte jordskifte og sams vegar er det naudsynt å presentere nokre hovudelement om jordskifte og offentleg veg. Kapittelet er såleis ei innføring i kva som ligg i omgrepet jordskifte, og institusjonelle rammevilkår ved etablering av veg gjennom jordskifte.

3.2. Kva er eit jordskifte

Jordskifte er namnet på prosessen som tidlegare blei kalla utskifting. Sakstypane i jordskifterettane var i tida frå 1857 til midten av 1930-talet einssidige. Jordskifterettane hadde som hovudoppgåve å oppløse sameige og å redusere teigblanding i jord- og skogbruksområder (Sevatdal, 2007:203). I tillegg kunne jordskifteretten avløse og ordne bruksrettar i eiga sak.

Jordskifte er ikkje lenger eit eintydig omgrep. Sakene for jordskifterettane er ulike alt etter kva slags problem ein ynskjer løyst. Omfanget av sakene kan variere frå nokre dagar til fleire årsverk. Jordskiftelova i dag omfattar langt fleire verkemiddel enn før. Ein kan seie at utgangspunktet for ei jordskiftesak er at eigedomar som er vanskelege å utnytte må, ved bruk av eitt eller fleire verkemiddel i jordskiftelova, få betre tilhøve (Austenå og Øvstedal, 2000:13).

Verkemidla finn vi i jordskiftelova § 2 bokstav a-i, og saker etter desse verkemidla blir omtalte som rettsendrande. Verkemidla er: Oppløysing av sameige, reduksjon av teigblanding, avløysing eller ordning av bruksrettar, sams tiltak, utforming og deling av eigedomar når grunn og rettar skal avhendast i samsvar med jordlova og deling av eigedom etter bestemte verdiforhold (Sky, 2009: 370-371). Dei to nyaste verkemidla finn vi i jordskiftelova § 2 bokstav i og h. Dei omfattar fordeling av arealverdiar og kostnadar ved

ulike sams tiltak innanfor eit byggjeområde, og avbøting på ulemper ved gjennomføring av reguleringsplanar i eit eksisterande eller nytt byggjeområde (Sky, 2009:370). Alle typar eigedomar i Noreg kan inngå i eit jordskifte, jf. jskl. § 1a. I tillegg til dette har jordskifteretten kompetanse til å klårleggje partsforholdet, om naudsynt, ved dom, jf. jskl. § 17.


Ifølgje Sevatdal og Sky (2003:16-17) er det enda eit par andre utviklingsliner innan jordskifte som kan nemnast. Det gjeld for det første endringa bort frå den sterke, nesten einsidige, vektlegginga av individualisering som ideal for problemløysing, til sterkare vekt på etablering av sams løysingar, eventuelt forbetring av eksisterande løysingar. I jordskifteterminologien blir dette gjerne kalla bruksordning og sams tiltak. For det andre nemner Sevatdal og Sky (2003:16-17) at jordskifte og jordskifteliknande framgangsmåtar blir utvida frå å gjelde typiske rurale og landbruksmessige eigedoms- og arealbruksforhold, til meir urbane forhold og problemstillingar. Dette har skjedd dels ved at urbane problemstillingar flyttar ut på tidlegare "reine" landsbygder, og kan dels kome til å skje ved at jordskifte blir tatt i bruk som eit verkemiddel for løysing av visse eigedomsmessige problem i urbane områder. Det siste kan til dømes nyttast i samband med felles private vegar i bustadfelt.

Løkenutvalet gav følgjande definisjon på eit jordskifte:

"Jordskifte er en fellesbetegnelse på flere hovedvirkemidler i jordskifteloven, også kalt sakstyper. Alle har det til felles at de er reiskap for å endre enten selve eiendommene eller bruken av eiendommene og tilhørende rettigheter". (NOU 2002:9, s. 22).

3.2.1 Ankeinstans for rettsendrande jordskiftesaker

Jordskifteretten handsamar saker etter jordskiftelova i første instans og jordskifteoverretten er ankeinstans for jordskiftefaglege spørsmål.



Figur 7: Hierarkiet for anke av jordskiftesaker⁴.

Ankeordninga frå jordskifteretten er, som ein ser av figur 7, todelt. Anker over følgjande avgjersler skal handsamast av lagmannsretten:

- Dom i tvist om grenser, eigedomsrett, bruksrett eller anna.
- Rettsfastsettjande vedtak, som fastslår eigedomsrett, bruksrett og grenser.
- Rettsforlik (for saker kravd etter 1. januar 2008 kan ikkje rettsforlik ankast til lagmannsretten, men kan bringast inn for tingretten).
- Kombinerte saker, jordskifte og samstundes skjønn etter jordskiftelova § 6.
- Avtaleskjønn og skjønn etter særlov med unntak av skjønn etter jordlova⁵ og reindriftslova⁶.

I alle andre høve er rettsmidlet anke til jordskifteoverrett. Det kan ofte vere naudsynt å anke begge stader, då det kan vere vanskeleg å avgjere kva som er rett ankeinstans. Praxis er då at lagmannsretten handsamar saka først.

Saker som er handsama etter verkemidla i jordskiftelova § 2, blir omtalte som rettsendrande saker, *tradisjonelle jordskifte* (Bernt og Mykland, 2009:355). Ei eventuell anke av slike saker skal rettast til jordskifteoverretten, jf. jskl. § 61. I saker som omhandlar sams tiltak etter

⁴ Domstoladministrasjonen, (2006, 21. desember). *Om jordskiftedomstolene*: <http://www.domstol.no/no/Enkelt-domstol/Jordskiftedomstolene/Om-jordskiftedomstolene/>

⁵ LOV-1995-05-12-23. Lov om jord (jordlova).

⁶ LOV-2007-06-15-40. Lov om reindrift (reindriftsloven).

jordskiftelova § 2 bokstav e er ofte ankepostane spørsmål om saka skal fremjast, fordeling av kostnadsdelane i tiltaket og vegtrasé.

Eit overjordskifte kan ankast til lagmannsretten for heilt eller delvis oppheving, som følgje av feil rettsbruk eller feil ved sakshandsaminga, jf. jskl. § 71 (1). Dei jordskiftefaglege (skjønnsmessige) vurderingane kan ikkje ankast vidare til lagmannsretten.

3.3 Jordskifteretten si arbeidsoppgåve

Jordskifteretten er ein særdomstol, og kan berre handsame saker etter jordskiftelova. Dette blir omtalt som ei positiv avgrensing. Eigedomar som etter *tid og tilhøve er vanskelege å utnytte i dag*, jf. jskl. § 1, og som kan gjerast betre ved eit eller fleire av verkemidla i jordskiftelova § 2, kan bli handsama av jordskifteretten. Vidare kan jordskifteretten handsame grensegangsaker og rettsutgreiing der uklåre forhold blir fastslått, jf. jskl. §§ 88 og 88a. Jordskifteretten kan òg halde skjønn etter reglane i jordskiftelova og skjønnsprosesslova⁷, jf. jskl. §§ 6, 6a og 6b. At jordskifteretten berre kan handsame saker etter reglane i jordskiftelova er ulikt tingrettane, som kan handsame saker etter alle lover.

Jordskifteretten har i hovudsak to arbeidsoppgåver, rettsfastsetjing og rettsendring. Ei tredje arbeidsoppgåve er skjønn og kombinerte saker. Det er ikkje slik at ei sak for jordskifteretten berre er rettsfastsetjande eller rettsendrande. Arbeidsoppgåvene kan ofte overlappe kvarandre i ei og same sak. Jordskifteretten har, med heimel i jordskiftelova § 2, høve til å endre eigedoms- og bruksforhold (rettsendring). For at jordskifteretten skal kunne gjere slike endringar, må vilkåra i jordskiftelova § 1 første ledd og § 3 bokstav a vere oppfylt. Tvist eller uklåre forhold som er naudsynt å få klårlagt i ei jordskiftesak skal avgjerast ved dom etter jordskiftelova § 17 eller vedtak etter jordskiftelova § 17a (rettsfastsetjing).

Det kan til dømes vere kravd ei jordskiftesak med verkemiddel etter jordskiftelova § 2 bokstav c (bruksordning), der ynsket er å få å ordna forholdet med omsyn til bruken av ein veg. Det kan, før utforminga av ei bruksordning tar til, vere naudsynt å klårleggje kven som har rett til å nytte vegen. Jordskifteretten må då utforme eit rettsfastsetjande vedtak etter jordskiftelova § 17a dersom det er uklåre forhold. Er det tvist om kven som har rett til å nytte vegen skal det avseiast dom etter jordskiftelova § 17. Dom eller vedtak skil seg frå ein

⁷ LOV-1917-06-01-1. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker [skjønnsprosessloven].

privatrettsleg avtale. Dom eller vedtak blir rettskraftig for eigedomen det gjeld, medan ei avtale berre blir bindande for dei som inngår avtalen.

Vel partane avtale må dette arrangerast som kjøp og sal. Dette vil kunne medføre ei rekkje matrikulære ekstraoppgåver som eigedomsdeling, samanføyning, arealoverføring, odelsproblematikk, konsesjonshandsaming og liknande. Partane har rett til å akseptere avtalen eller ikkje (Bjerva og Sevatdal, 2009:83). Partane kan i tillegg bli samde om ein kompensasjon i form av pengar for å få i stand ei slik avtale. Gjennom eit offentleg jordskifte må partane akseptere jordskifteretten sitt resultat og stole på at det er eit bytte der ingen av partane lid tap, jf. jskl. § 3 bokstav a. Transaksjonane ein må ordne personleg ved avtale, vil ein kunne unngå ved eit offentleg jordskifte. Ifølgje Reiten (2009:249) kan ikkje jordskifteretten leggje pengar til grunn for manglande nytte i ei jordskiftesak, slik ein kan i ei avtale.

Den som krev sak kan i nokre høve velje mellom dei vanlege domstolane og jordskifteretten. Eit døme på ei slik sak kan vere å fastslå grenser for ein eigedom. Høve til å krevje slike saker er mykje av det same for jordskifteretten og dei vanlege domstolane, men det er ein vesentleg forskjell; det må vere tvist for å kunne krevje sak for dei vanlege domstolane. I jordskifteretten er det tilstrekkeleg at partane er usikre på rettstilhøva.

Dersom ein krev sak for dei vanlege domstolane, er retten bunden av partane sine påstandsgrunnlag og påstandar, og kan berre løyse tvisten med utgangspunkt i lov. Dei vanlege domstolane må fastslå kor den faktiske grensa går, medan jordskifteretten kan, i samspel med partane, kome fram til ei ny løysing. I tillegg vil ein, dersom ein vel jordskifteretten, få merka og kartfesta grensa.

3.4 Transaksjonskostnadar

Tidlegare i oppgåva er det nemnt at ei gruppe grunneigarar har fullt ut høve til å etablere felles privat infrastruktur gjennom avtale. At dei går til jordskifteretten har ofte med å gjere at dei ikkje får det til sjølve, heilt enkelt fordi transaksjonskostnadane blir for høge. Omgrepet transaksjonskostnadar utgjer såleis ei stor rolle i både eigedomsfagleg teoridanning og praksis (Bjerva og Sevatdal, 2009:77). Sevatdal (Sevatdal og Sky, 2003:66) gir følgjande definisjon på transaksjonskostnadar:

”Transaksjonskostnadene omfattar alt arbeid og strev som spring ut av det å samhandle med andre menneskje. Det omfattar innsamling av informasjon av alle slag kring samhandlinga; før, under og etterpå. Vidare all slag arbeid med forhandlingar og formulering av "avtalen", og ikkje minst; det å oppfylle avtalen og få medspelaren til å oppfylle sin del. Direkte pengeutgifter som skattar og avgifter på transaksjonen inngår sjølvsagt også. Kjøpesummen er derimot ikkje ein del av transaksjonskostnadene.”

Eit viktig poeng ved transaksjonskostnadar er korleis dei blir fordelte mellom aktørar. Ei av staten sine grunngevingar for å oppretthalde jordskiftedomstolen er å minske transaksjonskostnadane ved ei endring av ein eigedom. Samanfatta kan ein seie at vesentlege element ved eit jordskifte dreier seg om å redusere transaksjonskostnadar for dermed å utløyse den potensielle nytta ved eigedomen (Bjerva og Sevatdal, 2009:78-79).

Eit sams tiltak om bygging av til dømes ein skogsveg over fleire teigar, kan vere konfliktfyllt og vanskeleg å gjennomføre utan ein nøytral instans som jordskifteretten. Skogen representerer urealiserte verdiar som ein kan få realisert med ein skogsveg. Ved forhandlingar i jordskifteretten kan partar få dokumentert kva verdiar dei har på sine teigar og kva del i vegen eigedomen får. Gjennom jordskiftet har partane like føresetnadar for å få eit korrekt resultat og transaksjonskostnadane blir haldne innanfor ramma som gir eigedomen ei positiv nytte. Skulle partane ha utført ei slik vurdering åleine ville transaksjonskostnaden ha vore høgare, og i mange høve ville prosjektet umogleg latt seg gjennomføre.

3.5 Utviklingstrekk i landbruket

Det er i dette delkapittelet ynskjeleg å få fram ulike interesser eigarar av landbrukseigedomar har. Ifølgje Buhaug, Melbø og Ranum (2007:346) er det i dag eit langt større mangfald på eigarsida enn kva det var før. Dei som driv eit aktivt landbruk blir stadig færre. Fleire eigarar bur ikkje på sjølve eigedomen, driv ikkje sjølve og kan ha forholdsvis liten kunnskap om landbruk. Som eit resultat av dette kan interessekonfliktar lett oppstå.


Ifølgje Statistisk sentralbyrå⁸ er eitt av tre gardsbruk lagt ned sidan 1999. Frå 1999 til 2008 blei talet på gardsbruk redusert med nesten sju bruk kvar einaste dag. I det same tidsrommet

⁸ Rognstad, O. (2009, 26. august). *Utviklingen i antall gårdsbruk – Ett av tre gårdsbruk lagt ned siden 1999:* <http://www.ssb.no/vis/emner/00/01/10/valgaktuelt/art-2009-08-26-01.html>

har fulldyrka jordbruksareal minka med om lag 380 000 dekar. Det er 177 000 eigedomar med jordbruksareal i Noreg, og i 2008 blei det drive sjølvstendig drift på vel ¼ av desse. Landbrukseigedomane elles har leigd bort jorda, eller jorda har gått ut av drift. Sjølv om det ikkje blir drive ei sjølvstendig jordbruksdrift på eigedomen, kan det vere busetnad på den.

Endringa i det norske landbruket dei seinare åra har ført til andre måtar å nytte eigedomen på. Bygging av skogsveg kan ha andre fordelar enn berre å få tatt ut tømmer. Areal til beite og liknande er ikkje like naudsynt som før. Slike areal kan i dag nyttast til utleige av jakt og fiske, campingplass, hyttetomter og gardsturisme.

Ifølgje Landbruksundersøkinga frå 2008, utført av Statistisk sentralbyrå⁹, har éin av fire eigarar av skogeigedomar i landet anna næring på eigedomane utanom det tradisjonelle skogbruket. Sal av jakt- og fiskerettar, bortfeste av tomter og hytteutleige var dei mest utbreidde attåttnæringane.



Figur 8: Bruttoinntekt frå attåttnæring i landbruket¹⁰.

Storleiken på eigedomen spela ei ikkje uventa rolle for om eigedomen driv med attåttnæring. Av eigedomar som har mellom 5 000 og 19 999 dekar produktiv skog, driv 75% med ei

⁹Statistisk sentralbyrå (2009, 23. juni). *Landbruksundersøkinga, 2008. Skogbruk. Endelege tal. Ein av fire med utmarksinntekter*: <http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk/index.html>

¹⁰ Statistisk sentralbyrå (2009): <http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk/fig-2009-06-23-01.html>

attåtning, medan eigedomar som har minst 20 000 dekar produktiv skog, driv 90 % med ei attåtning.

Endringane i landbruket kan føre til at konflikter mellom den tradisjonelle bonden og eigar av ein nedlagt landbrukseigedom oppstår. Ein blir til dømes ikkje samde om felles tiltak som kan gje auka inntekt. Løysinga kan då vere å få hjelp av ein nøytral instans som jordskifteretten.

3.6 Etablering av felles private vegar ved jordskifte

Når det gjeld jordskifte, har vi sidan 1857 hatt reglar om investering, bruk og vedlikehald av vegar. Trass i dette var det først i jordskiftelova frå 1979 ein fekk reglar om at sams tiltak kunne bli handsama som eiga sak. Reglane i jordskiftelova § 34a, jf. jskl. § 2 bokstav e, fekk ein først i 1998. Sams tiltak blei avgrensa geografisk til å gjelde landbruk-, natur og friluftsområde.

Veglova definerer privat veg som alle andre vegar enn dei offentlege, jf. veglova § 1.

Offentleg veg er veg eller gate som er open for allmenn ferdsel, der stat, fylke eller kommune har ansvaret for vedlikehaldet.

Private vegar er underlagde privat eigedomsrett og kan stengast for uvedkomande. Etter veglova § 4 kan eigar av privat veg leggje ned forbod mot ferdsel med hestekøyrety, motorvogn og parkering av motorvogn på eller ved sida av vegen.


Ifølgje Flø og Haraldstad (2009:398) kan ein dele ein privat veg etter økonomiske og rettslege interesser inn i:

- Brukarar av vegen.
- Eigarar av veganlegget.
- Eigarar av grunnen under vegen.

Ein part kan ha fleire interesser i same veg. I samband med dette kan det oppstå rettslege spørsmål som må avklårast før ein kan gå vidare med å organisere veglaget og fordele kva del den einskilde part skal stå ansvarleg for.

Ifølgje Statistisk sentralbyrå ser ein igjen ein oppgang i skogsvegbygginga¹¹. Totalt blei 83 kilometer med ny heilårsbilveg og sommarbilveg ferdig i 2010, medan om lag 300 kilometer blei bygd om eller lagt om. Dette er ein oppgang på høvesvis 14 og 68 kilometer frå 2009. Totalt blei det i 2010 bygd eller bygd om skogsvegar for 135 millionar kroner, ei auke på 18 millionar frå 2009. Det offentlege dekte 42 millionar kroner av dei totale byggjekostnadane gjennom tilskot.

Sjølv om det blei ferdigstilt få nye skogsvegar er vegnettet i norske skogar omfattande. Det var til saman pr. 31. desember 2010 registrert 48 600 kilometer heilårsbilveg og sommarbilveg. Til samanlikning er det 93 000 kilometer offentlege vegar i Noreg.



Figur 9: Bygging av skogsvegar i Noreg frå 1972 til 2010 i kilometer¹².

Ein god del av vegane har vore handsama i jordskifteretten. Nokre vegar er organiserte gjennom regelverket i veglova, medan andre ikkje har nokon form for organisering (Flø og Haraldstad, 2009:399). For nokre år tilbake var det gode tilskotsordningar til vegbygging. På

¹¹Statistisk sentralbyrå (2011, 2. mai). *Skogsveier for motorkjøretøyer, 2010. Oppgang i skogveibygingen*: <http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogsvei/index.html>

¹² Statistisk sentralbyrå (2011). *Bygging av skogsveier. Kilometer*: <http://www.ssb.no/aarbok/fig/fig-360.html>

det tidspunktet var nybygging av skogsbilvegar ein stor del av saksmengda for jordskifterettane (Flø og Haraldstad, 2009:415).

Flø og Haraldstad (2009:415) antek at dei fleste jordskiftesakene som omhandlar veg gjeld etablerte vegar, der det er eitt eller fleire problem mellom dei som har rett til vegen. Dette kan vere usemje om fordeling av årlege vedlikehaldskostnader, om vegen treng heving av standard, om nye brukarar skal få kjøpe seg inn i vegen, om vegen skal leggjast utanom eit tun eller om det skal etablerast nye avkøyrslar.

3.7 Sakstypen sams tiltak

Jordskiftelova § 2 bokstav e:

”Jordskifte kan gå ut på å skipe slike sams tiltak som er nemnde i § 34 a og tørrleggingstiltak etter § 30 i vannressursloven.”

Jordskiftelova § 2 bokstav e blei tatt inn i jordskiftelova av 1979. Ifølgje Austenå og Øvstedal (2000:40) er “skipe” meint å femne om både det å få i stand nye tiltak og det å endre på omfang og utforming av eksisterande tiltak. Høgsterett stadfestar i Rt-1987-595 at “skipe” omfattar endringar på omfang og utforming av eksisterande tiltak. Det er nok å endre talet på deltakarane i tiltaket.

Jordkommisjonen av 1919, la grunnlaget for jordlova av 1928, og tok opp spørsmålet om lovreglar for gjennomføring av sams jordbrukstiltak. Grunnen til dette var eit framlegg frå statskonsulent Sæland om å få lovfesta reglar for sams sauesanking (Enger og Opheim, 1992:75). Jordkommisjonen var samd i at ein hadde bruk for slike reglar, men meinte at tiltaka måtte omfatte meir enn berre sauesanking. Døme dei kom med var vegar, dyrkingstiltak og vatningsanlegg.

Jordlova frå 1928 nemnde tiltaka med namn. Etter denne lova var det jordstyret som tok avgjerder om utlikning av utgifter for dei einskilde interesserte, og andre avgjerder i samband med tiltaket. Reglane i lova slo i tillegg fast at det berre var Kongen som kunne gje pålegg til dei interesserte om å ta del i tiltaket. Etter kvart syntet det seg at regelen i jordlova frå 1928 ikkje fungerte i praksis (Enger og Opheim, 1992:75). Nye tiltak som blei aktuelle kunne ein ikkje opprette, då desse ikkje var nemnde med namn i lova.

Jordlova¹³ frå 1955 kap. X. Sams tiltak i jordbruk og skogbruk innehaldt òg reglar om sams tiltak. Jordlovkomiteen som utforma jordlova av 1955, meinte det var rimeleg at ein i denne lova haldt seg til generelle formuleringar om sams tiltak, og ikkje nemnde dei med namn. Jordlovkomiteen tok òg føre seg spørsmålet om kven som skulle kunne treffa slike sams tiltak. Komiteen meinte at avgjerder i slike saker burde liggje til jordskifteretten, men Landbruksdepartementet gjekk i mot dette (Enger og Opheim, 1992:75).

Landbruksdepartementet uttalte:

”Det er ikkje berre tale om driftstekniske og driftsøkonomiske prinsipp, men kanskje meir om jordpolitiske, og avgjerdene i slike saker høver det ikkje å overlata til ein domstol”.

Etter den nye jordlova i 1955 skjedde det store endringar i det norske landbruket.

Investeringar i landbruket auka sterkt, og har til ei viss grad berre auka på. Spesielt var investeringsaktivitetane i landbruket på slutten av 70- talet høge (Enger og Opheim, 1992:75). I dag har ein både tekniske og økonomiske investeringstiltak. Mange av investeringstiltaka, slik som småskala vasskraft, veg til hyttefelt og liknande, krev at fleire eigarar går saman om dei. På bakgrunn av dette fekk ein dagens reglar om sams tiltak i jordskiftelova frå 1979.

I jordskiftesaker i dag som omhandlar veg, der sams tiltak blir nytta som verkemiddel, er det ulike element som kan spele inn. Dette kan vere innpåkjøp, bruksordning etter jordskiftelova § 2 bokstav c, klårlegging av rettstilhøve, endring av vedtektene til veglaget, med meir.

Eit sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e treng ikkje vere eit nytt tiltak. Ofte vil det dreie seg om at deltakarar i eit lag som forvaltar eit tiltak blir endra. Dette er typisk ved vegar. Her vil eg syne til Rt-1987-595. Saka gjeld spørsmål om jordskifteretten har kompetanse til å handsame eit krav om tilgang til å bruke ein privat veg. Høgsterett uttalte:

”Høyesterett er enig med lagmannsrettens flertall i at det med støtte i lovforarbeidene er naturleg å forstå bestemmelsen i jordskiftelovens § 2 bokstav e slik at den både omfatter krav som forutsetter fysiske endringer av en eksisterende vei, og krav om at ytterligere eiendommer skal gis adgang til å bruke veien slik den allerede ligger. (...) At krav om rett til å bruke en eksisterende privat vei også kan fremmes ved skjønn etter § 53 i vegloven av 1963, og at vilkårene her er noe annerledes utformet, kan ikke

¹³ LOV 1955-03-18 nr 02: Lov om tilskiping av jordbruk (jordlova).

stenge for den kompetanse jordskifteretten må anses tillagt ved jordskiftelovens § 2 bokstav e. Det er åpenbart ikke lovens mening at jordskifteretten skulle mangle denne kompetanse i alle de saker som går inn under veglovens § 53, og denne bestemmelsen gir da heller ikke holdepunkter for spesielt å unnta slike saker som den foreliggende. For øvrig vil det neppe være noen vesentlig forskjell mellom de materielle vilkår for å oppnå rettigheter over privat vei etter veglovens § 53 og etter jordskiftelovens § 2 bokstav e. Mens det etter veglovens § 53 kreves at det er klart at inngrepet vil være mer til gagn enn til skade, er vilkårene etter jordskifteloven at den foreliggende situasjon er utjenlig, jf § 1, og at ikke kostnadene og ulempene blir større enn nytten for hver enkelt eiendom, jf § 3 bokstav a.”

Vidare vil det vere naturleg å drøfte kor mykje det skal koste å kjøpe seg inn i eit sams tiltak. I kommentarutgåva til veglova av Arnulf og Gauer, (jf. note 18 til veglova § 53) handsamar dei vederlaget for bruksrett til eksisterande veg:

“Annet punktum gjelder vederlag for bruksrett til eksisterande veg, ”inngangsbilletten” eller ”innpåkjøp” om man vil, jf. første ledd, annet og tredje punktum. Som regel vil slikt vederlag bare omfatte merslitasje og ulemper ved økt trafikk. Har det forekommet kostnader til vederlag for grunn- og kapitalinvesteringer kan skjønnet ta hensyn til dette, og skjønnet kan fastsette at vederlaget også skal omfatte part av anleggsutgiftene og vedlikeholdskostnadene.”

Det er lite rettspraksis på kva ein skal betale. Det ein kan lese av kommentarutgåva til veglova er at ein skal betale ein forholdsmessig verdig, i høve til innpåkjøptidspunktet. Dersom anlegget er nytt skal ein fordele etter det tiltaket kosta. Er tiltaket av eldre karakter skal ein sjå på kva det kosta i år x, og trekke i frå slitasje på tiltaket slik at ein får ein sum i år y.

Sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e er eit middel jordskifteretten nyttar i dei sakene der det er naudsynt at fleire eigedomar samarbeider om eit tiltak. Jordskifteretten kan få i stand sams tiltak mellom to eller fleire eigedomar, som til dømes vegbygging, grøfting, fellesgjerdar og liknande. Jordskiftelova § 2 bokstav e, gir òg jordskifteretten heimel til å vedta tiltak for å reparere på utenlege eigedomsforhold. Eit nabosamarbeid om etablering av veg er eit typisk og vanleg døme på eit slikt sams tiltak. Ved å krevje jordskifte har ein garanti mot ikkje å bli påført tap. Den einskilde eigedom kan ikkje påførast større kostnader og ulemper enn den nytte eigedomen får av tiltaket, jf. jskl. § 3 bokstav a. Jordskifteretten må i si

vurdering bruke objektive kriterium for å vurdere egedomen si nytte. Sjølv om eigaren meiner at tiltak ikkje er til nytte, kan jordskifteretten likevel kome til at det objektivt sett er til nytte for egedomen. Det er på dette punktet at den objektive vurderinga har blitt meir komplisert enn den var før, ved at eigarane har ulike tankar om arealbruken og nyttevurderingane.

Ved handsaming av eit felles investeringstiltak kan det vere naudsynt for jordskifteretten å klårleggje om det vil bli gjeve offentleg løyve, og om det vil bli gjeve tilskot. Ein må òg vurdere om prosjektet kan gjennomførast utan privatøkonomiske tap (Reiten, 2009:248).

Jordskiftelova § 34a:

“Jordskifteretten kan skipe sams tiltak i samband med utnytting og bruk av egedomar. Jordskifteretten kan òg skipe sams tiltak som gjeld tilhøva mellom reindrifta og grunneigarar eller bruksrettshavarar.”

I Ot.prp. nr. 78 (2004-2005) *Om lov om endringer i jordskifteloven mv.* blei det gjort endringar som hadde følgjer for jordskiftelova § 34a. Før denne endringa gjaldt jordskiftelova § 34a områder regulert til landbruk-, natur-, og friluftsområde. Fleirtalet i arbeidsgruppa føreslo at jordskiftelova § 34a skulle gjelde alle egedomar i heile landet, jf. også jskl. § 1a. Dei grunngav forslaget med at private bustadvegar og anna infrastruktur i urbane strøk stod fram som særleg aktuelle ved å nytte verkemiddelet sams tiltak (Ot.prp. nr. 78 (2004-2005), s. 19). Ifølgje Nord (2009:489) var det naudsynt å lovfeste jordskiftelova sitt verkeområde grunna usemje rundt dette. Mange meinte at det jordskiftelova sitt verkeområde ikkje var avgrensa, og desse fekk støtte for sitt syn av Høgsterett i Skrautvålsaken, Rt-2000-1119. Her uttalte Høgsterett følgjande:

“Det fremgår av jordskifteloven § 3 bokstav b at det ikkje kan fremmes jordskiftesak for eiendommer som ligger i tettbygd strøk, før kommunen har fått adgang til å uttale seg. Men bortsett fra denne begrensingen gjelder jordskifteloven for alle slags eiendommer utan hensyn til beliggenhet(...). I dag er den gjeldande loven sitt geografiske verkeområdet stadfesta i jskl. § 1 bokstav a: ”(...)alle egedomar dersom ikkje anna følgjer av lova her eller andre lover”.

Slik jordskiftelova er i dag, kan ein etablere sams tiltak uavhengig av kva eigedomen er regulert til. Felles investeringstiltak kan bli gjennomførte ved hjelp av jordskifteretten i urbane områder. Eit døme kan vere å betre tilkomsten til eit byggjefelt.

Ny jordskiftelov § 3-13

Paragrafen om sams tiltak i høyringsuttalen¹⁴ til ny jordskiftelov er dels ei vidareføring av gjeldande rett. Vidare er det kommentert i høyringsuttalen at den nye paragrafen òg er ei utviding av jordskifteretten si kompetanse.

Ny jordskiftelov § 3-13 er ei vidareføring av jordskiftelova § 34a første ledd. I utkastet er denne heimelen utvida til òg å gjelde rettar. Slike saker kan vere aktuelle når fleire partar har vegrett, men ikkje er eigarar av grunnen.

Investeringar er ofte naudsynte for å få etablert eit sams tiltak. I utkast til den nye lova er reglar om investeringar samla i same paragraf. Ny jordskiftelov § 3-13 er også ei vidareføring av jordskifteretten si kompetanse til å påleggje investeringar, jf. jskl. § 42 tredje ledd.

Utkast til ny paragraf om sams tiltak er ei samling av heimlane i gjeldande jordskiftelov til å etablere sams tiltak og infrastruktur. Utover dette er det ikkje store realitetsendringar.

I høyringsuttalen til den nye jordskiftelova har arbeidsgruppa, nedsett av Landbruks- og matdepartementet, foreslått regelen om sams tiltak på følgjande måte:

”§ 3–13. Etablering av fellestiltak med tilhøyrande investeringar

Jordskifteretten kan etablere fellestiltak og påleggje investeringar i samband med felles utnytting og bruk av eigedommar, rettar og anlegg av infrastruktur.

Jordskifteretten kan etablere fellestiltak som gjeld tilhøva mellom reindrifta på eine sida, og grunneigar, festar eller bruksrettshavar på andre sida.

¹⁴ Regjeringen.no – informasjon frå regjeringa og departementa (2009): *Høyringsnotat om ny jordskiftelov (og endringar i andre lover)*: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/horinger/horingsdokumenter/2009/horing--utkast-til-ny-jordskiftelov-/horingsnotat.html?id=575900>

Ved vurdering av investering skal jordskifteretten leggje vekt på den framtidige utnyttinga av eigedommane og rettane. Retten skal også leggje vekt på behovet for og nytten av tiltaket og infrastrukturen. Retten kan ta omsyn til partane si økonomiske evne.

Fellestiltak som kan innebere stor risiko, kan berre bli gjennomført av eit driftsselskap.”

3.7.1 Sams tiltak i skog

Eit velfungerande skogsvegnett er viktig for å kunne drive eit rekningsssvarande og miljøvennleg skogbruk. Sams tiltak i skog etter jordskiftelova § 2 bokstav e vil som oftast vere å løyse eit sams transportproblem for fleire eigedomar samstundes. Dersom kvar eigedom skal byggje sitt eige vegsystem i ei lisode, kan det lett bli mange uturvande kilometer med veg. Ifølgje Enger og Opheim (1992:56) vil det for små og middelstore skogteigar løne seg å gå saman om vegsystemet. Det blir då lettare å lage eit optimalt vegsystem i tydinga best mogleg terrengdekning i høve til kilometer.

Ifølgje *Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*¹⁵ kan det ved vegbygging i skog bli gjeve tilskot til nye eller ombygging av eksisterande skogsvegar. Eit vilkår er at skogsvegane skal bidra til løysingar som gir grunnlag for utnytting av skog- og utmarksressursane. Skal det bli gjeve tilskot må vegane vere godkjende i høve til gjeldande forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål, eller etter plan- og bygningslova¹⁶ sine reglar. Det er vidare eit vilkår at vegen blir bygd i samsvar med gjeldande normalar for landbruksvegar, nedsett av Landbruks- og matdepartementet.

Ved eit tilskot kan stat eller kommunen sette restriksjonar gjennom vilkår. Vilkår blei brukt ein god del tidlegare for å auke aktiviteten i skogbruket, og gjaldt både hogst og nyplanting. Vilkår om hogst blir i dag ikkje nytta ofte, fordi ein er redd granskogen blir avverka for tidleg. Derimot er vilkår om planting av areal som blir hogde ein del brukt. Skulle vilkåra ikkje bli oppfylt kan staten ved Fylkesmannen trekkja tilbake tilskotet.

¹⁵ FOR 2004-02-04 nr 447: Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

¹⁶ Lov-2008-06-27-71. Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

3.8 Jordskiftelova § 43

Etter jordskiftelova § 43 skal jordskifteretten leggje ut vegar i skiftefeltet og gje skriftleg forklaring på kvar desse går. Paragrafen blir ikkje nytta ved sakstypen sams tiltak. I jordskiftesak 1400-1995-0003 Østerbø som er undersøkt i denne oppgåva, er vegane handsama etter jordskiftelova § 43. Det er difor naudsynt å syne til denne paragrafen, samstundes som eg gir ei forklaring på kvifor saka inngår i oppgåva i kapittel 4.5.

Regelen i § 43 første ledd gjeld berre private vegar, vegar innan skiftefeltet og andre delar av eigedomane som er med i det aktuelle jordskiftet. Jordskifteretten kan planleggje både vegar på den einskilde eigedom og som fellesvegar i skiftefeltet. Jordskifteretten står fritt til å ta dei avgjerder som trengst for å opprette nye vegar, leggje om eksisterande vegar, sams bruk av vegane, opparbeiding, vedlikehald med meir (Austenå og Øvstedal, 2008:223-224). Retten kan òg velje å handsame fellesvegane i eit skiftefelt etter jordskiftelova § 2 bokstav e.

3.9 Vilkår for å krevje sak etter jordskiftelova § 2 bokstav e

For å kunne fremje ei sak om sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e må dei kumulative vilkåra i jordskiftelova § 1 første ledd og § 3 bokstav a vere oppfylte. Hovudvilkåret i vurderinga av jordskiftelova § 1 første ledd er “*tjenlighet*” etter “*tida og tilhøva*”, og må sjåast i eit dynamisk perspektiv (Flø og Haraldstad, 2009:410).

Følgjande hovudvilkår må vere til stade:

1. Eigedomane må vere vanskelege å utnytte på ein tenleg måte i dag, jf. jskl. § 1 første ledd.
2. Jordskiftelova må, ved bruk av eitt eller fleire verkemiddel i jordskiftelova § 2, bokstav a-i. må gjere eigedoms- og brukstilhøva meir tenlege.
3. “*Ikkje-tapsgarantien*” i jordskiftelova § 3 bokstav a slår fast at jordskiftetiltaka, ikkje skal påføre eigedomar større kostnad og ulempe enn nytte.

Det første vilkåret slår fast at dagens situasjon for eigedomen må vere utenleg etter “*tid og tilhøve*”. Gjennom jordskifte skal det skapast ein skiftegevinst samla sett for eigedomane som er omfatta av jordskiftet (Roalkvam, 2003:5). I forarbeida til jordskifteretten si stilling og funksjon står det følgjande om jordskiftelova § 1:

Paragrafens første ledd setter vilkår om at det skal skapes en tjenlighetsforbedring samlet sett for de eiendommer som omfattes av jordskifte. Denne vurdering skal gjøres

ut fra de aktuelle eiendomsforhold, slik de framstår på det tidspunkt fremme av jordskiftet vurderes (NOU: -2002-9, s.22).

Eit av dei meir klassiske problema som jordskifteretten får når ein skal vurdere kor tenleg ein eigedom er etter tid og tilhøve, er å avgjere kven denne vurderinga skal rette seg mot. Det er eit faktum at ein eigedom kan vere tenleg for ein eigar, men ikkje tenleg for ein annan eigar. Vurderinga av kor tenleg ein eigedom er etter dagens tilhøve, skal vere objektiv (Reiten, 2009:241). Ved vurdering av jordskiftelova § 1 er det opp til retten sitt skjønn å avgjere om eigedomen er i ein utenleg situasjon. Alle vurderingar etter jordskiftelova § 1 har det til felles at det ikkje er nok å konstatere at eigedom og brukshøve er utenlege, ein må kunne gjere tilhøva meir tenlege ved hjelp av verkemidla i jordskiftelova § 2 bokstav a-i (Reiten, 2009:242).

Normalt er verkemidla tilstrekkelege for å løyse dei problema som blir kravde for jordskifteretten. Ved fremje av eit jordskifte er det viktig at jordskifteretten tar stilling til om det er tilgjengelege verkemiddel som kan løyse problemet for eigedomane. Jordskifteretten skal syne i vedtaket kva lovheimel retten byggjer vedtaket om fremje på, jf. jskl. §17b bokstav c. Det skal synast konkret til kva bokstav i jordskiftelova § 2 som skal nyttast. (Reiten, 2009:243).

Det tredje og siste vilkåret for å gjennomføre eit jordskifte er garantien mot ikkje å bli påført tap. Ein liten mangel ved ein eigedom kan ikkje forsvare kostbare tiltak, medan eit forhold som kan karakteriseras som sterkt utenleg vil kunne forsvare større ressursar. Den einskilde eigedom kan ikkje påførast større kostnadar og ulemper enn nytta eigedomen får av tiltaket. Ofte er vurderingane; kostnadar av den del den einskilde grunneigar må betale i anleggskostnad, avstått grunn til veganlegget, framtidig vedlikehald av vegen og kostnadene med jordskiftesaka. Nyttå som eigedomen har av tiltaket er ofte i skogsdrift, jordbruk, busetting, verdistingning og generell drift av eigedomane. Kravet som er stilt opp i jordskiftelova § 3 bokstav a skal vurderast ved fremje av jordskiftesaka. Det er likevel eit vilkår som gjeld gjennom heile saka. Også ved avslutning av saka må jordskifteretten vurdere om dette vilkåret er oppfylt. Det er ikkje noko krav i lova om at nytta skal vere økonomisk. Ofte er nytta samansett av både økonomiske og ikkje økonomiske forhold som totalt sett gjer det tenleg å gjennomføre eit jordskifte (Reiten, 2009:244).

På grunn av desse tre vilkåra er det ein grunnleggjande forskjell mellom tiltak som blir gjennomført ved jordskifte og eit tiltak som partane blir samde om å gjennomføre sjølve. Transaksjonskostnadane ved eit jordskifte og eit tiltak som blir gjennomført privat kan ha eit stort sprik. Dersom partane er samde kan dei ta på seg så store utgifter dei måtte ynskje. Skal jordskifteretten påleggje partane å delta i eit sams tiltak er jordskifteretten bunden av dei rammer som går fram av hovudvilkåra nemnt over. Vidare er ikkje jordskifteretten bunden av ei overvekt av interesse blant partane. Det som er avgjerande er om retten meiner tiltaket vil vere til større nytte enn ulempe (Enger og Opheim, 1992:58).

3.9.1 Nyttevurdering

Nytte av eit jordskifte er eit samleomgrep som er naudsynt å ta med i denne samanheng. Nytteomgrepet er sentralt i jordskiftelova, særleg i høve til jordskiftelova § 3 bokstav a. Den einskilde eigedomen i eit jordskifte skal ha ei nytte lik eller større enn null.

Austenå og Øvstedal (2000:46) kommenterer at andre verdimål enn økonomiske i samband med nyttevurderinga kan vere relevante for jordskiftesaka. Dei peikar på at verdimål kan vere ”juridiske, sosiale, økologiske, estetiske og av etisk karakter”. Eit dilemma blir då korleis desse verdiane skal målast og takast inn i vurderinga av jordskiftelova § 3 bokstav a. Ei anna utfordring blir òg korleis ein skal kunne måle ei slik nytte når partane har ulike relasjonar til sine eigedomar (Roalkvam, 2003:8).

Ifølgje Flø og Haraldstad (2009:411) er lovteksten passivt formulert, men omsynet bak regelen er aktivt. Det skal skapast ei netto nytte i skiftefeltet ved bruk av verkemiddel i jordskiftelova § 2, jf. avgjerda frå Høgsterett kjæremålsutval inntatt i Rt-2000-1119, Skrautvål:

” Etter kjæremålsutvalgets oppfatning kan det heller ikkje være vilkår for å fremme jordskifte at alle de berørte eiendommer er vanskelig å utnytte på en tjenlig måte, og at de hver for seg må oppnå en fordel gjennom jordskiftet. Det fremgår av jordskifteloven § 3 bokstav a at jordskifte ikke kan fremmes dersom kostnadene og ulempene blir større enn nytten for hver enkelt eiendom. Det kan likevel ikke kreves at jordskiftet skal være til positiv nytte for hver enkelt eiendom i skiftefeltet, se Ot.prp.nr.56 (1978-1979), side 76. I mange tilfeller kan det være nødvendig å ta med en eiendom i et jordskifte fordi den geografisk hører sammen med skiftefeltet. Beskyttelsen mot å bli dratt inn i et unødvendig jordskifte ligger i at jordskiftet totalt sett må medføre en gevinst, og at

ingen av de eiendommer som omfattes av skiftet, blir påført tap, se § 1, jf. § 3 bokstav a, jf. Ot.prp.nr.57 (1998-1999), side 119¹⁷. ”

I jordskifteretten si avgjerd er det viktig at retten syner at dei har vurdert regelen i jordskiftelova § 3 bokstav a. Denne skal vurderast konkret og i høve til dei eigedomar som er partar i saka (Reiten, 2009:247). Austenå (1997:228-232) er òg klar på dette punkt. Han meiner at ”*rettsikkerheitsgarantien*” i jordskiftelova § 3 bokstav a er så vesentleg at det bør stillast høge krav til ei grundig grunngjeving av vedtaket.

Ved sakstypen sams tiltak vil det etter jordskiftelova § 2 bokstav e vere tilstrekkeleg å konstatere at det er ei klår nytteovervekt samla sett, og at kostnader og ulemper for den einskilde part vil kunne haldast innanfor nytta for alle eigedomar i saka (Reiten, 2009:247). Dersom saka gjeld eit sams investeringstiltak om veg, kan det vere naudsynt for jordskifteretten å klårleggje om det vil bli gjeve naudsynte offentlege løyve, om det vil bli gjeve tilskot og om prosjektet privatøkonomisk kan gjennomførast utan tap (Reiten, 2009:248).

I nyttevurderinga skal ein ta med aktuelle tilskot. Det er omsynet til den framtidige utnyttinga av eigedommen som skal vektleggast i vurderinga av kva investeringar som skal gjennomførast (Austenå og Øvstedal, 2000:19). Ein part som ikkje ynskjer å delta i eit investeringstiltak, kan som følgje av den objektive vurderinga av eigedommen måtte delta. Sjølv om det er ei klår positiv nytte for eigedommen, er det dermed ikkje slik at eigar har ein økonomisk situasjon som gjer det enkelt å delta i investeringa. Vurderinga etter jordskiftelova § 1 er klår, eigedommen skal vurderast objektivt, ikkje subjektivt, jf. Ot.prp.nr. 57 (1997-1998:134). Ifølgje Flø og Haraldstad (2009:411) kan eit slik unntak gjerast i saker som omhandlar sams tiltak der eigar har dårleg likviditet. I lovforarbeida til jordskiftelova av 1979 og § 42 andre ledd står det følgjande:

«Andre ledd slår fast som hovudregel at det er omsynet til framtidig utnytting av eigedomane som skal vege tyngst ved vurderinga av kva for investeringar som skal gjennomførast eller fortsettast. Partane sin økonomiske situasjon på jordskiftetida kjem i andre rekkje, men det er gitt høve til å ta dette med i vurderinga. Det er mogleg at

¹⁷ Korrekt tilvising skal vere Ot.prp.nr.57 (1997-1998). Om lov om revisjon av lov 21. desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. og endringar i einskilde andre lover, side 119.

dette siste representerer ei endring i høve til gjeldande lov, ettersom jordskifteloven synest å forutsette at ein berre ser på kva som på lengre sikt gir mest økonomiske driftseiningar. Regelen gjeld berre under vurderinga av kva for investeringar som skal gjerast, det er ikkje høve til å dra inn partane si økonomiske evne ved kostnadsfordelinga.» (Ot.prp.nr.56 (1978-1979:88).

Ifølgje jordskiftelova § 42 tredje ledd skal kostnadane fordelast etter nytte, og jordskifteretten blir pålagt å gje reglar så langt det er naudsynt for gjennomføring og bruk i framtida. Ein skal som hovudregel ikkje ta med partane si økonomiske evne i ei vurdering om eit investeringstiltak gir positiv nytte. Når ein skal vurdere kva som er tenleg for eigedomen, og ikkje eigar, blir det retten som må vurdere kva ein normalisert eigar av ein slik eigedom objektivt sett vil sjå på som tenlege eigedomstilhøve (Reiten, 2009:242). Ei slik objektiv vurdering kjem fram i RG-1988-488:

”Jordskifteoverretten har lagt til grunn at eiendommen Løten må bli å bedømme på linje med eiendommer i aktiv bruk og fast bosetning. Riktignok bruker den nåværende eier av Løten eiendommen som feriested(...) Spørsmålet om det skal anlegges helårsvei til husene, er særlig viktig hvis eiendommen i fremtiden igjen drives som gårdsbruk. Dette er skjønsspørsmål etter jordskifteloven § 42 annet ledd som lagmannsretten ikke kan overprøve.”

3.10 Forholdet til forvaltninga

Når jordskifteretten handsamar vegsaker som treng godkjenning av forvaltninga, må retten sjå til at det ligg føre slik godkjenning av plan før ein realitetshandsamar saka (Flø og Haraldstad, 2009:425).

Under arbeid med blant anna saker som sams tiltak må jordskifterettane rette seg etter offentlege planar. Slike planar skal leggjast til grunn når skifteplan utarbeidast. Ei eller anna form for kontakt mellom jordskifteretten og planmyndigheita er ofte naudsynt. Dette for å sikre at retten får tilstrekkeleg med informasjon om kva planar som finnast og eventuelt kva som er under arbeid. Etter jordskiftelova § 20a skal naudsynte offentlege vedtak ligge føre når retten treff avgjerd om skifteplanen.

For å ordne utenlege eigdomsforhold kan det vere naudsynt for jordskifterettane, ved utarbeiding av skifteplanar, å vedta fysiske tiltak som krev løyve av ulike forvaltingsorgan.

Døme på slike fysiske tiltak kan vere avkøyringsløyve frå offentleg veg og løyve til å etablere ny veg. For at ein skal vere sikker på at skifteplanen jordskifteretten utformar faktisk lèt seg gjennomføre, må jordskifteretten sjå til at den er avklåra med forvaltinga (NOU 2009:09, s. 66-67). Jordskifteretten kan på vegne av partane hente inn samtykkje frå det aktuelle organet. Eit anna forhold som gjer det naudsynt for jordskifteretten å ha kontakt med forvaltinga er offentleg tilskot. I mange høve er det naudsynt med tilskot for at eit investeringstiltak skal la seg gjennomføre (NOU 2009:09, s. 67).

Med 1979 jordskiftelova skjodde det ei realitetsendring i samrådingplikta mellom jordskifteretten og forvaltinga. Regelen om samråding etter 1950 lova var ein kompetanseregulering, men med 1979 lova blei samrådinga ein generell sakshandsamingsregel, ei plikt (NOU 2009:09, s. 68). Samrådingplikta gjaldt eit kvart forvaltingsorgan som skifteplanen kunne få innverknad på. I Ot. prp. nr. 57 (1997-98) drøftar departementet regelen nærare. Departementet konkluderer med at det sentrale i samrådingplikta er å skaffe relevant informasjon, som oversiktsplanar, reguleringsplanar, verneplanar og liknande. Søknadane frå jordskifterettane til forvaltinga skal vere skriftlege under full kontradiksjon (NOU 2009:09, s. 69). Jordskifteretten kan som følgje av jordskiftelova § 20a ikkje vedta ein skifteplan før plansituasjonen er avklåra og det er gitt løyve frå korrekt forvaltingsorgan.

I samband med etablering av veg som ei jordskiftesak, gjeld *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål av 20. desember 1996*¹⁸. Forskrifta regulerer etablering og ombygging av vegar for landbruksføremål og er gjeven heimel i skogbrukslova¹⁹ § 17a. Forskrifta gjeld òg for masseuttak langs vegtrasé når uttak er naudsynt ved etablering og vedlikehald av veganlegget. Jordskifteretten fremjar forslaget om tiltak til kommunen og dei handsamar forslaget i samsvar med sakshandsamingsreglane i forskrifta (NOU 2009:09, s. 70).

¹⁸ FOR-1996-12-20-1200. Landbruks- og matdepartementet.

¹⁹ LOV-2005-05-27-31. Lov om skogbruk (skogbrukslova).


Kapittel 4 Presentasjon av jordskiftesakene

4.1 Innleiing

I dette kapittelet vil eg gje eit kort oversyn over jordskiftesakene. Eg har vektlagt å presentere årsaka til kvifor det blei kravd jordskifte, og kva nyttevurdering jordskifteretten har gjort. Vonarleg vil dette gjere det enklare for lesaren å setje seg inn i intervjuet med partane, som følgjer i kapittel 5.

4.2 1420-2005-0004 Tømmerstøl

I 2001 blei det kravd jordskifte ved Nordfjord jordskifterett om sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e på Tømmerstøl i Eid kommune. Rekvirenten kravde sams tiltak for å forbetre tilkomsten til dei høgareliggjande delane av innmarka på Tømmerstøl.



Figur 10: Eksisterande Råkeveg og vidareføring av Råkevegen på Tømmerstøl.²⁰

²⁰ Kartet er henta frå Statens Kartverk. Jordskifteretten kartfesta ikkje vegtraséen på eit ordinært jordskiftekart.

Saka blei fremja for Nordfjord jordskifterett i 2002. Det var retten sitt syn at vegtilhøva på øvre del av innmarka på Tømmerstøl var utenlege etter vilkåret i jordskiftelova § 1. På Tømmerstøl var det også halde jordskifte på 70-talet; vegane lagt ut i desse sakene er ikkje bygde. For å betre tilkomsten til dei øvre delane av innmarka, ville det beste alternativet vere å endre vegtraséen lagt ut i jordskifte på 70-talet, slik at ein kunne få ei forlenging av den eksisterande Råkevegen. Jordskifteretten og Eid kommune ved skogbrukssjefen meinte opprustinga av den eksisterande Råkevegen, samt ei forlenging av denne til dei øvre delane av innmarka, var ei god sams investering. Dette ville bli den billigaste og beste traséen for partane, og retten kunne ikkje på fremjingstidspunktet sjå at partane ville lide tap etter jordskiftelova § 3 bokstav a. Partane var i rettsmøtet samde om dette forslaget.


For å sikra seg at kostnaden med vegprosjektet ikkje oversteig nytta sette jordskifteretten i sluttinga eit vilkår. Retten fastslo at opprustinga av Råkevegen skulle ha ei øvre kostnadsgrense på kr. 30 000. Dersom alle partane blei samde om det kunne ein gå over denne kostnaden. Viss ikkje alle var samde kunne dei som var viljuge, ta ekstrakostnadane sjølv. Øvre kostnadsgrense for nybygging av vegen blei sett til kr. 50 000 med dei same vilkåra for ekstrakostnader som for opprusting av vegen.

Retten oppretta verken veglag eller reglar for vegen. Rekvirenten blei pålagt ansvaret for å hente inn tilbod på opprusting og nybygging i tråd med spesifikasjonane innan september 2003.

Saka blei avslutta juni 2003.

4.3 1420-2001-0010 Moldrheim

I 2005 blei det kravd jordskifte ved Nordfjord jordskifterett om sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e på Moldrheim i Stryn kommune. Ynskje med kravet var å få ein teneleg tilkomst til skogteigane på Moldrheim. Ein tilkomst ville gjere det mogleg å drive ut skog i området.



Figur 11: Kartet illustrar skogsvegane på Moldrheim. Parsell I – III blei lagt ut i jordskifte²¹.

Før partane gjekk til jordskifteretten, hadde dei diskutert ein skogsbilveg, og hadde planar om å gjennomføre denne utan å krevje sak for jordskifteretten. På det første saksførebuande rettsmøtet opplyste partane at det var henta inn tilbud frå ein entreprenør før ein kravde sak for jordskifteretten. Tilbodet var i mars 2005 opplyst til å vere om lag kr. 1 175 000. Då vegbygginga ikkje kom i gang som planlagt, auka tilbodet frå entreprenør til omtrent kr. 1 500 000. Tilbodet frå entreprenør var bindande og skulle stå ved lag til januar 2006. Partane opplyste òg på dette møtet at det var henta inn skogtakstar frå skogeigarlaget, og at retten fritt kunne bruke desse.

²¹ Kartet er mottatt frå ein av partane i saka. Jordskifteretten kartfesta ikkje vegtraséen på eit ordinært jordskiftekart.

Med kravet var det sendt inn ein godkjent vegplan, av Stryn kommune, for ny skogsbilveg i klasse 3 og 4, på 2 kilometer. Kommunen gav offentleg tilskot til vegprosjektet; kommunen skulle dekkje 60 % av tilbodet.

Ein av partane opplyste retten om at han hadde utbyggingsplanar på sin eigedom. Planane omfatta bygging av 15-20 hytter på innmarka, og 30 hytter i utmarka. Eigar av dette bruket meinte at den planlagde skogsvegen ville gjere det vanskeleg med hytteutbygging i utmarka. Dei andre partane var samde i at det skulle kome ein veg, men ynskte at dette skulle bli gjennomført så rimeleg som mogleg.

Nordfjord jordskifterett fremja saka i 2005.

I fremjingsvilkåret slo retten fast at vilkåret om utenelege tilhøve etter jordskiftelova § 1 var oppfylt. Dette blei grunna med at den hogstmogne skogen var av høg kvalitet, og at utan veg var ikkje skogen økonomisk drivverdig. I fremjingsvilkåret slo òg retten fast at vilkåret om at ingen av partane skulle lide tap etter jordskiftelova § 3 bokstav a var oppfylt. Jordskifteretten vurderte fleire faktorar opp mot kvarandre for å slå fast at vilkåra var oppfylte. Retten meinte vegtraséen var optimal, terrenget ville bli utnytta på ein god måte og velteplassane var gunstig plasserte i forhold til framdrift av tømmer. Retten la vidare vekt på at den mengd tømmer som var lagt til grunn for kalkylen var lågare enn den faktiske ståande mengda. Dette meinte retten gav ein indikasjon på at inntektsgrunnlaget ville bli høgare.

Retten fordelte kostnaden for kvar eigedom etter hogstmogen skog og areal.

Retten påla partane med heimel i jordskiftelova § 2 bokstav e, jf. jskl. §§ 34a og 34b, å yte følgjande maksimumsbeløp til bygging av skogsbilveg på Moldrheim:

Eigar	Del opparbeiding	Øvre grense for grunneigardel (eksklusiv mva.)
A	34,0 %	Kr. 218 000
B	57,7 %	Kr. 369 000
C	3,6 %	Kr. 23 000
D	4,7 %	Kr. 30 000
SUM	100 %	Kr. 640 000

Figur 12: Eigedomane på Moldrheim sin del i opparbeiding og maksimumsbeløp kvar eigedom skulle yte.

Retten sa i fremjingsvedtaket at; ”(...) *partane vil samla få ei økonomisk nytte av vegprosjektet i storleik kr. 1 300 000 – 1 600 000.*” Øvre grense for kostnad synt til i figur 12 er utrekna av retten, basert på at prosjektet maksimalt skulle koste kr. 1 600 000.

Retten drøfta òg i fremjingsvedtaket at dersom ein tok høgde for ein nettotømmerverdi på kr. 150 pr. m³ ville ein kunne få ei inntekt ved tømmerosal på kr. 1 231 000. Retten meinte at differansen mellom kostnad ved vegprosjektet og samla inntekt av skogen synte til ei positiv nytte for kvar eigedom.

Retten meinte vegen ville ha eit dekningsområde på 1000 dekar. Sjølv hovudføremålet med vegprosjektet var å gjere det økonomisk rekningsvarande å ta ut tømmer i området. I tillegg til dette hadde vegprosjektet andre forhold ein måtte ta med i vurderinga. Dette var mellom anna:

- Tilgang til jaktterreng.
- Beitetilsyn og sanking.
- Planting og skogkultur.
- Tilgang til stølshus.


Saka blei avslutta november 2005.

4.4 1400-2000-0011 Hauge

I 2000 blei det kravd jordskifte ved Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett om sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e og grensegang etter jordskiftelova § 88 på Hauge i Gaular kommune. Eksisterande gardsveg då saka blei kravd var svært bratt; nokon stader var stiginga på 20 %. I tillegg gjekk vegen gjennom eit gardstun.

Rekvirenten av saka, eigar av bruk 3, ynskte å byggje eit nytt våningshus, for å flytte dit med familien. Trafikken gjennom tunet til naboen, bruk 1, ville som følgje av dette auke, og skape eit større trykk enn før på vegen. Bruk 1 hadde ein plan om å byggje nytt hus nordaust for driftsbygningen på eigedomen, men dette ville ikkje endre problematikken med trafikk gjennom tunet. Det oppstod situasjonar der bruken av tunet blei vanskeleg på grunn av at vegen heile tida skulle vere open for bruk 3. Ved å flytte vegen bort frå tunet ville eigarane av bruk 1 stå langt friare. Trafikktryggleiken vil òg bli betre.

Gaular kommune gav løyve under jordskiftesaka til bygging av ny veg. Vegen skulle byggjast slik figur 13 syner. Den ville då gå over eigedomane til bruk 2 og 1. Breidda på vegen blei fastslått av jordskifteretten til 3 meter, med 1,5 meter grøft på begge sider. Den nye vegen skal i hovudsak nyttast av bruk 3, og dette bruket blei ansvarleg for kostnaden med opparbeiding av vegen. Bruk 1 har høve til å nytte dei første 195 meterane av vegen, men må då sjølv koste naudsynte avkøyringar.



Figur 13: Jordskiftekart i sak nr.: 1400-2000-0011 Hauge. Vegtrasé er teikna inn med brunt i kartet.

Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett fremja saka i 2002.

Den eksisterande vegen var under jordskiftet utenleg etter vilkåret i jordskiftelova § 1. Retten grunn gav dette med at vegen ikkje tilfredsstilte krava i ”Normal for landbruksvegar (Landbruksdepartementet 1997)” då stinginga på nokon stader var over 20 %. I tillegg la retten

vekt på at vegen gjekk særst tett til dei eksisterande bygningane på bruk 1 for å kome fram til bruk 3.

Vilkåra i jordskiftelova § 3 bokstav a meinte retten var oppfylt. Bruk 1 ville få avløyst bruk 3 sin vegrett og nytta av dette var større enn ulempa med at noko av den nye traséen ville liggje på bruk 1 sin eigedom. I tillegg var nytta klår for bruk 3 som ville få ein godkjent landbruksveg til sin eigedom.

Jordskifteretten gav ein ferdigstillingsfrist på 3 år frå saka var rettskraftig i 2002.

4.5 1400-1995-0003 og 2500-2002-0005 Østerbø

Jordskifte på Østerbø i Høyanger kommune blei kravd ved Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett i 1995. Kravet gjaldt jordskifte og grensegang i utmark på gnr. 107 Haukhella og gnr. 108 Østerbø.

Partane ynskte å utnytte skogressursane, men skogbruksstyresmaktene ville ikkje gje statstilskot til vegbygging før det var halde jordskifte. Utmarka i jordskifteområdet låg i sameige. Grunn og beite låg felles, medan skogen var delt i skogteigar. Nokre av bruka hadde 15 - 20 teigar kvar. Mange stader hadde ikkje partane full oversikt over grensene for sine skogteigar.

Skogen i skiftefeltet er dominert av furu i Haukedalen, medan det er mest lauv i Tverrlia og Østerbødalen. I vegplanen vurderte skogbrukssjefen skogmengda i Haukedalen til 13 000 m³.

Sunnfjord og Ytre Sogn fremja saka i 1998.

Etter jordskifteretten sitt syn var vilkåra i jordskiftelova § 1 og jordskiftelova § 3 bokstav a oppfylte. Eigedomstilhøva med sameige, teigblanding i skog, og uklåre grenser mellom skogteigar, tilsa at eigedomane var vanskelege å nytte etter tid og tilhøve. For å kunne oppnå ei nytte, større enn kostnaden, var det i første omgang naudsynt å halde eit jordskifte etter jordskiftelova § 2 bokstav a. Eit jordskifte etter jordskiftelova § 2 bokstav a ville føre til færre og større skogteigar. Dette ville føre til lettare driftsforhold i skogen, og utlegging og bygging av felles vegar ville føre til at fleire partar fekk sine teigar knytt til vegen.


Jordskiftesaka er omfattande, og studien min er avgrensa til tre skogsvegar. Skogsvegane er ikkje bygde etter sakstypen sams tiltak, jf. jskl. § 2 bokstav e. Jordskifteretten har nytta seg av jordskiftelova § 43. Etter denne paragrafen kan naudsynte vegar leggest ut i skiftefeltet. I tilknytning til vegane er skogen verdfull og kan utløyse ein potensiell verdi for eigarane. Sidan desse vegane kunne ha blitt etablert etter jordskiftelova § 2 bokstav e, har eg valt å ta dei med i denne oppgåva. Jordskiftesaka elles er ikkje drøfta.

Partane ynskte å starte vegbygginga før jordskiftet blei avslutta. Difor avgjorde jordskifteretten under rettsmøtet i 2000 at ein skulle utforme ei avtale om kostnadsdeling for skogsvegane i Haukedalen. Partane signerte avtalen i 2001. Følgjande vegar blei lagt ut i Haukedalen og inngår i oppgåva:

- Veg 1. Haukedalsvegen. Planlagt skogsbilveg frå bilveg i Østerbødalen, og vidare til snuplass i vegkryss for veg 2 og veg 3. Vegen skulle byggast som skogsbilveg klasse 3 til opplagsplass.

- Veg 2. Åsvegen. Planlagt traktorveg frå veg 1 ved sams opplagsplass. Vegen skulle byggast som traktorveg klasse 7.

- Veg 3. Ytreivegen. Vegen er ei forlenging av veg 1 og skulle byggast som traktorveg klasse 7.



Figur 14: Jordskiftekart i sak nr.: 1400-1995-0003 Østerbø. Grøn trasé er veg 1 og 3, og raud trasé er veg 2.

Jordskifte halde på Østerbø blei avslutta og anka i 2002. Anken førte ikkje til endringar for vegane 1-3. Overjordskifte avslutta ankesaka i 2003.


4.6 1210-1996-0028 Seim

Jordskifte på Seim i Kvinnherad kommune blei kravd ved Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett i 1996. Kravet gjaldt grensegang etter jordskiftelova § 88 og sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e. På det første møtet halde i 2005, orienterte skogmeister Kåre Hauge om skogplanane på Seim. Hauge gjorde retten og partane merksame på at det frå kommunen si side var gjeve byggjeløyve til veggen på Seim, og at Seim skogsveg var nummer éin på Kvinnherad kommune si prioriteringsliste for tilskot til vegbygging. Hauge anslo at anlegget skulle kunne stå ferdig januar 2007.

Eigar av bnr. 3 kravde saka i 1996. I 2005 var det skifta eigar, og den nye eigaren opplyste at han ynskte å oppretthalde kravet frå tidlegare eigar. Partane forklarte i retten at det ville vere naturleg at Seim skogsveg ville knyte seg til Naterstad skogsveg.

På direkte spørsmål frå jordskiftedommaren var ingen av partane, verken eigarar av Naterstad skogsveg eller partar i Seim skogsveg, i mot at saka blei fremja.

Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett fremja saka i 2005.



Figur 15: Jordskiftkart i sak nr.: 1210-1996 -0028. Gul trasé er Seim skogsveg.

I fremjingsvedtaket gav retten ei kort vurdering av kostnaden med vegprosjekt, men grunnngav ingen særskilde forhold.

Samla kostnader for vegen var i 2005 stipulert til kr. 580 000. Kvinnherad kommune gav eit tilskot på 60 %, inntil kr. 350 000, og med bakgrunn i dette ville veganlegget vere lønsamt for

alle partar. I denne vurderinga måtte ein ta omsyn til at bruka på Seim måtte kjøpe seg inn i Naterstad skogsveg. Partane på Seim skulle betale kr. 143 420 for innpåkjøp av Naterstad skogsveg. Prisen for innpåkjøp blei fastsett av retten. Summen blei fordelt mellom partane etter same forhold, for opparbeiding av Seim skogsveg. Eigarane av Seim skogsveg skulle stå ansvarleg for å ruste opp Naterstad skogsveg ved anleggslutt.

Saka blei avslutta i mars 2006.

4.7 1110-2000-0014 og 2500-2004-0013 Storskjær

I 2000 blei det kravd jordskifte ved Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett om sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e på Storskjær i Sauda kommune. Ei gruppe hytteeigarar kravde jordskifte for å få veg ned til hytteeigedomar på Storskjær. Av rettsboka går det fram at ynsket om veg fram til hyttene hadde vore diskutert ei stund før ein gjekk til jordskifteretten.

Eigarane av hytteeigedomane hadde avtale med grunneigaren om å lage éin veg og parkeringsplass like nedanfor riksvegen. Dette arbeidet stod ferdig i 2000. Grunneigaren og hytteeigarane blei ikkje samde om avtaler for bygging av veg vidare og ein kravde jordskifte for å få avgjort spørsmålet.


Nokre av hytteeigedomane hadde vegrett, og denne blei praktisert som gangrett sidan terrenget ikkje tillot anna bruk utan større tiltak. Hytteeigarane la i retten fram 12 tinglyste skøyter frå tidsrommet 1950 – 59. Desse syntte kvar eigedomane hadde vegrett.

Retten fremja jordskifte i 2003.

Retten grunn gav kort at vilkåra i jordskiftelova § 3 bokstav a var oppfylte. Denne vurderinga var i hovudsak retta mot grunneiaren. Retten la vekt på at vegtraséen skulle liggje slik i terrenget at eventuelle nye hyttetomter ikkje skulle bli øydelagde og at hans eigedom ville få ei verdiauke ved å få tilkomst til hytteeigedomane. Retten drøfta ikkje om vilkåra i jordskiftelova § 1 var oppfylte.

I første instans blei det lagt ut 4 vegar. Desse var:

1. Felles veganlegg.
2. Veg A - 125 meter.
3. Veg B – 110 meter.
4. Veg C – 150 meter + 2 stikkvegar.



Figur 16: Jordskiftekart i sak nr.: 1110-2000-0014 og 2500-2004-0013 Storskjær

Grunneigaren anka avgjerda i 2004. Under ankehandsaminga i jordskifteoverretten inngjekk partane eit rettsforlik om mellom anna vegtrasé og vegklasse, og avkøyringar til fellesvegane I-III og vegane A – C. Det blei i rettsforliket avgjort at fellesvegane og sidevegane skulle gå slik figur 16 syner. Vegane skulle byggjast i vegklasse 5, sommarbilveg så langt det høver.

Partane signerte rettsforliket juli 2005

4.8 1210-1997-0007 og 2500-2002-0010 Flatråker

I 1997 blei det kravd jordskifte ved Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett om sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e på Flatråker i Tysnes kommune. Rekvirenten si grunngeving for kravet var at ein trong veg for å kunne ta ut skog.

Saka blei fremja for Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett i 1998.

Retten drøfta fremjinga slik:


"Etter jordskiftelova § 1 er det: "Eigedommar som det er vanskeleg å nytte ut på teneleg måte etter tid og tilhøve", som kan leggjast under jordskifte.

Rekvirenten ynskjer å få løyst opp sameiga og få vegutøysing for teigane på sørsida av Flatråkervatnet slik jordskiftelova § 2 a og e seier:

" Jordskifte kan gå ut på: a. Løyse opp sameigetilstanden når grunn eller rettar ligg i sameige mellom bruk, e. skipe sams tiltak ..".

Dessutan står det i § 43: " Nødvendige vegar skal leggjast ut og skrifleg forklaring givast om kvar dei går. Retten skal gi føresegner om bruken og om opparbeiding og vedlikehald av vegane. ...".

Det er dermed klårt at kravet femner om eit areal som kjem inn under dei føresetnader som må vera til stades for at ein kan halde jordskifte. Retten vurderer det slik at kostnadane og ulempene vil bli mykje mindre enn nytten for den einskilde eigedom som vert med i dette jordskiftet, jf. jordskiftelova § 3 og retten legg og vekt på at ingen av partane har gått mot framlegget. "



Figur 17: Jordskiftekart i sak nr.: 1210-1997-0007 og 2500-2002-0010 Flatråker.

I denne saka er totalt 12 vegar omtalt. Veg nr. 5 – 12 var bygde. Veg nr. 1 – 4 er nye vegar. Jordskifteretten påla berre at veg nr. 1 og 2 skulle byggjast, grunna usikkerheita om finansiering av dei resterande vegane. Jordskifteretten overlét til partane ved fleirtalsvedtak å byggje veg nr. 3 og 4.

Ifølgje rettsboka skulle veg nr. 1 og 2, til saman 1,7 kilometer, byggjast som ein skogsbilveg klasse 3. Denne klassa representerer ein heilårs landbruksveg. Vegane skulle byggjast i tråd med ”Normal for landbruksvegane (Landbruksdepartementet 1997)”.

På vegne av partane søkte retten om stat og kommunetilskot til veg nr. 1 – 4. Det blei gjeve eit kommunetilskot på maksimalt 10 % for veg 1 – 4. I tillegg fekk ein statstilskot på vilkår frå fylkesmannen si landbruksavdeling. Dette tilskotet var på maksimalt 60 % til veg 1 og 2, og maksimalt 40 % til veg 3 og 4.

Under jordskiftet var partane sine kostnadar med veg og del fordelt slik:

Investeringar						
Veg 1 og 2			Veg 3		Veg 4	
Eigar	Del	Kostnad	Del	Kostnad	Del	Kostnad
A	9,0 %	kr 20 610,00	0 %	kr -	0 %	kr -
B	34,0 %	kr 77 860,00	48 %	kr 70 800,00	0 %	kr -
C	10,0 %	kr 22 900,00	18 %	kr 26 600,00	0 %	kr -
D	14,0 %	kr 32 060,00	6 %	kr 8 800,00	19 %	kr 10 100,00
E	21,0 %	kr 48 090,00	28 %	kr 41 300,00	0 %	kr -
F	12,0 %	kr 27 480,00	0 %	kr -	81 %	kr 42 900,00
	100,0 %	kr 229 000,00	100 %	kr 147 500,00	100 %	kr 53 000,00

Figur 18: Kostnad og del kvar eigedom på Flatråker skulle yte i bygging av veg.

Eigar	Total sum for kostnad av vegane 1-4
A	kr 20 610,00
B	kr 148 660,00
C	kr 49 500,00
D	kr 50 960,00
E	kr 89 390,00
F	kr 70 380,00
	kr 429 000,00

Figur 19: Total sum for kostnad for bygging av veg 1 til 4 på Flatråker.

Grunnlag frå skogbruksplandata, 1991. Desse tala inngjekk i kostnadsutrekningane for vegane 1-4:

Eigar	Areal daa	Barskog m ³	Lauvskog m ³
A	162	582	108
B	433	3559	260
C	155	898	104
D	172	1074	12
E	337	1943	0
F	165	931	0
Sum	1424	8987	484

Figur 20: Grunnlag frå skogbruksplandata som inngjekk i kostnadsutrekningane for vegane 1-4 på Flatråker.

Staten ved Fylkesmannen i Hordaland si Landbruksavdeling, sette vilkår om hogstplikt i løpet av åtte år for å yte statstilskott til bygging av vegane. Innanfor åtte år, må partane avverke 2300 m³.

Sak nr. 1210-1997-0007 ved Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett blei avslutta i 2002. Tre av partane leverte inn sjølvstendige anker til jordskifteoverretten. Anke 1 inneholdt 3 ankepostar, anke 2 inneholdt 6 ankepostar og anke 3 inneholdt 6 ankepostar. I tillegg til dette blei det kravd utvida gransking, jf. jskl. § 67.

I jordskifteoverretten blei trasé for veg nr. 4 endra og sett av på jordskiftekartet. For veg nr. 1, 2 og 4 blei partane sine deler endra. Dei nye delane blei fordelte slik:

Investeringar			
	Veg 1 og 2	Veg 3	Veg 4
Eigar	Del	Del	Del
A	7,0 %	0,0 %	0,0 %
B	34,7 %	48,0 %	0,0 %
C	10,2 %	18,0 %	0,0 %
D	14,3 %	6,0 %	7,0 %
E	21,5 %	28,0 %	0,0 %
F	12,3 %	0,0 %	93,0 %
	100,0 %	100 %	100 %

Figur 21: Endring av del for kvar eigedom på Flatråker etter anke til Gulating jordskifteoverrett.

Jordskifteoverretten fastslo i 2003 føresetnader som måtte vere tilstade for at veg nr. 1 - 4 på Flatråker kunne byggjast, for at ingen av partane skulle lide tap i forhold til jordskiftelova § 3 bokstav a. Total byggjekostnad skulle ikkje overstige kr. 1 250 000.- (eks. mva), der 60 % var offentlig tilskott. Noko som medførte at partane sin del blei på kr. 500 000.- (eks. mva).

Reglane om bygginga av skogsvegane på Flatråker skulle stå ved lag i 5 år frå saka var rettskraftig i tilfelle offentlig tilskott blei gitt til bygging.

Dei andre ankepostane som ikkje gjaldt veg nr. 1 – 4 blei handsama og saka avslutta desember 2004.

4.9 1210-1999-0010 Rygg og 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre

Jordskiftet på Rygg og Fosse Indre og Ytre i Etne kommune er to separate krav innlevert til Haugalandet og Sunnfjord jordskifterett. Partane på Rygg leverte inn krav i 1999 og det gjaldt sams tiltak for veg etter jordskiftelova § 2 bokstav e. Kravet frå partane på Fosse Indre og Ytre gjaldt tvist om veg og blei kravd i 2000. Partane på Rygg kravde sak for å få ny veg til skogen på Rygg. Partane på Fosse Indre og Ytre har kravd sak for i hovudsak å få ordna organiseringa av den eksisterande Rusvegen.

Etter forslag frå jordskifteretten la rekvirentane i sak nr. 1210-1999-0010 Rygg ned påstand om at jordskiftet kunne handsamast saman med sak nr. 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre. Rekvirentane i sak 1210-2000-0002 la ned same påstand. Etter dette avgjorde jordskifteretten at sakene skulle handsamast i ei sak.

Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett fremja krava i 2000. Retten drøfta kort og meinte at vilkår i jordskiftelova § 1 første ledd og § 3 bokstav a var oppfylt.


I jordskiftet blei det lagt ut 4 vegar, omtalt som veg 2, 4, 5 og 6. Veg 2 og 6 er nye vegar. Veg 4 og 5 er vegar lagt ut i tidlegare jordskifter. Standarden til desse vegane blei heva, men elles blei dei oppretthaldne som før.

Jordskifteretten syntte til at partane på begge sider hadde nytte av den eksisterande Rusvegen og ei eventuelle omlegginga av Rusvegen, veg nr. 2. Landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Hordaland stakk ut veg nr. 2. Omlegginga ville omfatte ei strekning på 1160 meter og ville betre stigingstilhøva.

I denne oppgåva er det dei nye vegane eg har undersøkt, veg 2 og 6.

- Veg 2: Ny alternativ trasé til den eksisterande Rusvegen. Strekninga på vegen ville kome på 1160 meter. Denne vegen kunne byggjast dersom veglaget med fleirtal avgjorde dette.
- Veg 6: Enkel skogs- og fjellveg vidare frå enden av Rusvegen. Vegen er om lag 800 meter. Denne vegen kunne byggjast dersom det var fleirtal i veglaget.

Kostnad med bygging av desse vegane blei ikkje drøfta under jordskiftet.



Figur 22: Jordskiftekart i sak nr. 1210-1999-0010 Rygg og 1210-2000-0002 Fosse Indre og Ytre

Saka blei avslutta i 2006.

Kapittel 5 Presentasjon av intervju og synfaring

5.1 Innleiing

Kapittelet er ein presentasjon av intervju med partane. Kapittelet er bygd opp slik at det for kvar sak er ei samanfatning av informasjonen som har kome frå partane under intervju. Som nemnt i kapittel 2 har eg nytta intervjuguide. Nokre av jordskiftesakene som er undersøkt inneheld andre krav enn sams tiltak. Under intervju med partane har eg presisert at det er vegen og handsaminga av den som er i fokus. Vedlegg fire syner flybilde av veganlegga, det er ein fordel å studere desse under lesing av intervju.

5.2 1420-2005-0004 Tømmerstøl

Det blei halde jordskifte på Tømmerstøl på 70-talet. I desse jordskifta blei det utlagt fleire vegar som ikkje er bygde. Det blei etter kvart eit behov for betre tilkomst til dei øvre delane av innmarka for fleire bruk. Vegane som var utlagde i jordskifte på 70-talet var i dag ikkje aktuelle å byggje og ein ynskte dermed nytt jordskifte.

Kravet gjaldt 3 landbrukseigedomar og ein bustadeigedom. To av eigedomane driv i dag aktivt landbruk, der den eine driftar arealet til den tredje landbrukseigedomene. Under jordskiftet var alle landbrukseigedomane i drift. Eigedomane har gått i arv i dei same slektene i fleire generasjonar. Partane har soleis god kjennskap til kvarandre og området.

Øvre del av innmarksareala på Tømmerstøl ligg sær s vanskeleg til. Utviklinga av landbruket med større og tyngre utstyr gjorde sitt til at innmarka blei vanskeleg å nytte på ein effektiv og økonomisk måte. Under saka var det motstand frå partane mot å krevje jordskifte for veg. Trass i dette kom det fram under intervju at alle partane såg nytta med ny veg.

Resultatet for jordskiftet kravd i 2001 bestod av to delar; opprusting av den eksisterande Råkevegen og vidareføring av Råkevegen. Den nye vegen er bygd i traséen som var bestemt av jordskifteretten, og stod ferdig i 2006. Den er bygd som traktorveg, men tyngre køyrety har nytta seg av den ved spesialleveranse og liknande.

I dag fungerer vegen som ein landbruksveg for å nå dei øvre delane av innmarka for gardane på Tømmerstøl. Jordskifteretten fastslo ei øvre grense for utgifter til opprustinga av Råkevegen og for nybygget. Dette blei sett til høvesvis kr. 30 000 og kr. 50 000. I tillegg

fastslo retten at ein kunne overskride denne grensa dersom éin eller fleire av partane ynskte det, men at dei då måtte ta utgiftene sjølv. Partane har opplyst at å setje ei slik grense ikkje var ei god løysing. Den beste løysinga hadde vore om partane hadde blitt pliktige til å betale sin del, sjølv om kostnaden overskreid dei øvre grensene. Kostnaden med opprusting og nybygg overskreid ikkje det jordskifteretten hadde fastslått som ei øvre grense for kostnad, sidan ingen av partane ville ta ekstra kostnaden sjølv.

Innmarksareala var før vegen vanskelege å gjødsle og å hauste. Ein måtte ofte vere fleire personar for å få utstyret opp til området, og ein måtte gjere dette i fleire operasjonar. Gjødsling gjekk føre seg på den måten at ein måtte dra gyllerøyr for hand opp til innmarka og røyra måtte flyttast på gjennom dagen. Innhausting av fôr kunne ein gjere med fôrhaustar og "vossakasse"²².

I dag kan ein køyre traktor med gyllevogn og ein kan ha full vossakasse under innhaustinga. Vegen har ført til ein mindre tidkrevjande prosess og ein kan utføre arbeidet utan hjelp frå andre. I hovudsak betyr dette éin til to dagar med spart arbeid i løpet av sesongen.

Den nye vegen har ikkje medført kortare avstand frå driftssenter til areala. Alle partane er samd i at den største gevinsten av vegen er at areala er enklare å drifte. Det fører til at avlingane blir større, og behovet for leigeareal mindre. Den økonomiske gevinsten i kroner var det ingen som kunne fastslå.

Sjølv om avlingane på areala er blitt større og enklare å drifte er det ingen av brukarane som har auka produksjonen. Den eine garden har trappa ned landbruksdrifta. I tilknytning til vegen blir det tatt ut noko skog til privat bruk. Det er ikkje planar om å ta ut skog for sal.

Ingen av partane la skjul på at forholdet dei i mellom er nokså dårleg, og det har ført til problem med vedlikehald av vegen. Vedlikehald skjer på individuelt initiativ, men berre dersom skaden er naudsynt for vedkomande sin bruk. Det er ikkje eit felles forum som grunneigarlag, veglag eller liknande der ein kan ta opp og diskutere naudsynte tiltak.

²² Vossakasse er ei stor kasse som monterast bak på ein traktor. Den blir nytta i staden for tilhenger ved fôrhausting i bratt landskap.

Partane uttrykte at dei dårlege relasjonane førte til at ein ikkje kunne kome med merknader under bygginga av vegen. Særleg blei det synt til at det er vanskeleg for det eine bruket å ta seg inn på vegen frå driftsbygningen grunna ein dårleg sving. Vegen oppfyller heller ikkje kravet om 3 meter breidde på einskilde stader. Etter partane sitt syn, burde jordskifteretten ha sett ein ekstern aktør til å leie arbeidet med bygginga av vegen. Jordskifteretten oppretta ikkje eit veglag. Partane meinte at dette ikkje spelte noka rolle for samarbeidet dei imellom.

Alle partane er samde i at vegen ligge hensiktsmessig i terrenget, og at den vanskeleg kunne ha vore plassert ein annan stad.

5.3 1420-2001-0010 Moldrheim

Før partane kravde jordskifte, var det diskutert om ein skulle byggje ein sams veg på eiga hand. Grunna interne usemjer mellom partane klarte ein ikkje å gjennomføre dette.

Partane i saka er ikkje lenger busette på Moldrheim. Eigedomane er ei blanding av nedlagde landbrukseigedomar, fritidseigedomar og ubygde eigedomar. Eigedomane har vore i partane sitt eige i lengre tid og har tilhøyrt familie i fleire generasjonar.

Før partane kravde jordskifte, hadde ein i lengre tid diskutert bygging av veg, slik at ein kunne ta ut skog på sine teigar. Partane var samde om at det ville vere ein fordel for eigedomane at vegen blei bygd, men blei ikkje samde om kostnad og traséval. Det var delte meiningar om jordskiftet førte til ei større økonomisk last for partane enn om dei hadde gjennomført det gjennom ei avtale. Partane grunna dette med tidsbruken og at det var innhenta eit tilbod på vegen før saka starta. Vegprosjektet hadde eit tilbod før ein kravde jordskifte på kr. 1 175 000. Då anlegget var ferdig i 2010, var dei samla kostnadane kr. 1 800 000. Skogsvegen på Moldrheim er bygd i tråd med spesifikasjonane i vedtektene for Moldrheim skogsveglag. Vegen byrjar som skogsbilveg klasse 3, og fortset som skogsbilveg klasse 4.

I tilknytning til vegen har alle partar teigar med furu og gran. Det er ikkje utført hogst i større grad sida 1950- og 60-talet. Mykje av skogen er gammal; ein del av furua er anslått til å vere rundt 200 år. Årsaka til at det ikkje er tatt ut tømmer, er at området er bratt og ulendt. Sjølv om skogsvegen er god, der større anleggstransport kan ferdast, må ein nytte seg av taubane for å hente ut tømmer. Partane støtta seg til opplysingane frå jordskifteretten når det gjaldt areal

og kubikkmasse. Ifølgje retten er arealet som soknar til vegen på 1000 dekar, og den totale skogsmassen er på 8200 m³ med furu og gran og 1700 m³ med lauvskog.

Av dei fire eigarane i vegen har det eine bruket tatt ut all skogen sin, dei andre partane har i mindre grad avverka noko skog. Ein av brukarane har bestilt uthogst av tømmer, men er ikkje medlem i skogeigarlaget og må difor vente på tur. Sams for alle partane er at det ikkje er utført nyplanting.

Ingen av partane har uttrykt at ein har andre planar i høve til området som soknar til vegen. Under jordskiftet var det opplyst at det var ynskjeleg å selje hyttetomter og at retten måtte ta omsyn til dette ved plassering av vegtraséen. At hyttetomtene ikkje er realiserte, er ikkje ei følgje av val av vegtrasé.

På direkte spørsmål om vegen har ført til tap eller gevinst for eigedomen, utanom tilgangen til skogen, var partane delte i sitt svar. Nokre meinte at det har vore eit tap reint emosjonelt. Skogen og området var eit rekreasjonsområde, som i dag er borte. Andre meinte at vegen har ført til at området har blitt eit rekreasjonsområde. I tillegg har det blitt enklare å kome seg til den eine veglause bustaden. Det er planlagt å lage ein sideveg ned til denne eigedomen. Dette vil medføre at ein brukar eigedomen oftare, også om vinteren. Partane er òg ueinige om kostnaden oversteig nytta for eigarane av eigedomane i dag. Den eine parten peika på at sjølv om vegen i dag ikkje har utløyst ei positiv nytte for eigarar av eigedomane på Moldrheim, kan nye eigarar ha større nytte.

Vegen på Moldrheim ligg nær stølane til eigedomane. Det er usemje om dette er ein fordel eller ei ulempe. Med vegen så nær, ligg stølane no ikkje i eit urørt terreng. Det fører til at ein må låse bygningane, og ein kan ikkje oppbevare verdisaker der. Andre partar meiner at vegen har auka verdien av stølen grunna lettare tilkomst.

Partane har under intervjuet opplyst at forholdet dei i mellom ikkje er godt og at det ikkje har vore godt noko tid. Partane har omtalt området som ei *"krigssone"*. Den dårlege relasjonen mellom partane har resultert i at det ikkje er utført vedlikehald på vegen. Det er heller ikkje planar om å gå saman for å endre på dette. Ein av partane har lagt grus, men dette er gjort på eige initiativ. Veglaget som jordskifteretten oppretta hadde partane ikkje noko å utsetje på,

men trass i dette fungerte ikkje veglaget i praksis. Det er halde eit årsmøte i veglaget, men ingen av partane møtte.

Det partane er samde om under intervjua er at vegen ligg fint i terrenget og at den ligg hensiktsmessig.

5.4 1400-2000-0011 Hauge

Hauge er eit gardstun der to eigedomar ligg tett. Tilkomsten til bruket som kravde jordskiftet, bruk 3, gjekk gjennom tunet til nabobruket, bruk 1, tett opp til driftsbygningen. Tidlegare eigar av bruk 3 hadde ikkje bil eller traktor, og trafikken gjennom tunet var av den grunn avgrensa. Bruk 3 skifta eigar i 2000, og den nye eigaren ynskte å få eigen tilkomst.

Dei to bruka er småbruk, der bruk 3 ikkje er i drift, medan bruk 1 har hest og sau. Årsaka til kravet var ulempa med å køyre igjennom tunet til bruk 1. Under jordskiftet la bruk 3 fram at det var ynskjeleg å byggje nytt våningshus på garden, og at trafikken ville auke betydeleg dersom familien flytta dit.

Under synfaring og intervju med partane kom det fram at vegen er bygd, men planane om eit nytt våningshus er utsett på ubestemt tid. Entreprenøren bygde vegen til den avtala tilbudsprisen, men ingen av partane ynskte å fortelje prisen. Det er berre bruk 3 som nyttar vegen i dag. Innmarka på bruket er leigd bort, og leigar nyttar seg av den nye vegen. Vegen fører til ei enklare drift, men avstanden frå driftssenter til innmarka er lik. Leigeprisen er den same som før vegen blei bygd.

Vegen går fint i terrenget. Den er lang, men for å få den godkjent som gardsveg var dette naudsynt.

Eigarane av bruk 3 og 1 har opplyst at vegen har ført til at eigedomane har auka i verdi. Å ha eigen tilkomst til eigedomen er ein faktor som er viktig for mange ved kjøp.

5.5 1400-1995-0003 og 2500-2002-0005 Østerbø

Årsaka til jordskifte på Østerbø var i utgangspunktet ynsket om å få samla og fastslått kvar skogteigane til eigedomane låg i utmarka. Skogen låg i teigdeling mellom bruka, og i nokre av teigane var det òg ulike eigarar av barskogen og lauvskogen. For å kunne byggje veg til

skogteigane blei det slått fast at det skulle haldast jordskifte for å samla teigane, slik at vegen ville kome til nytte for fleire partar. Kommunen var samde i dette og ville ikkje gje stats-tilskot til vegbygging før det blei halde jordskifte.

I jordskiftet blei det lagt ut 17 vegar. Intervjua av partane er konsentrert om vegane 1-3, høvesvis Haukedalsvegen, Åsvegen og Ytreivegen. Årsaka til dette er at jordskifteretten berre påla partane å byggje desse vegane. Dei andre vegane kan byggast dersom det er fleirtal blant dei som har bruksrett.

I dag er det berre veg 1 til 3 som er bygde. Anlegget stod ferdig i 2005/2006. Veg 1, Haukedalsvegen, held ein høgare standard enn dei andre vegane, men det har vore utført tømmertransport på alle tre vegane. Alle partane som blei pålagde av jordskifteretten å byggje veg 1-3 såg nytta med å delta. At ein nytta jordskifteretten for å få det til, har partane omtalt som naudsynt.

Det er i hovudsak landbrukseigedomar som har lutar i vegane. Nokre av dei er i drift, medan andre leiger ut areala sine. Partane i saka har eigd sine eigedomar over lengre tid, og alle opplyste at eigedomen var i nær familie før dei overtok.

Området vegen ligg i er bratt og ulendt. Terrenget set avgrensingar for andre planar enn det å hente ut tømmer. I tilknytning til vegane er det anslått at det står omtrent 13 000 m³ med furuskog. Partane dreiv med mindre hogst før vegen, men var då avhengige av frost i bakken. Avstanden til skogen auka med avverkinga, og det blei etter kvart vanskeleg å ta ut tømmer. Av dei partane som har tatt ut tømmer, har ein til no tatt ut mellom 3000 m³ og 4000 m³. Ein tredje part opplyste at han har planar om å ta ut om lag 700 m³ i løpet av 2012. Partane som har tatt ut tømmer opplyste at dei allereie har gått i overskot. Dei resterande partane opplyste at dei av ulike årsaker ikkje hadde tatt ut tømmer og ikkje hadde nokon planar om dette.

Under jordskiftet innhenta partane tilbod på vegen. Kostnaden kom på kr. 3 100 000. Det blei gjeve 80 % i stat- og kommunetilskot. Jordskifteretten valde å bestemme trasévalet først, slik at ein kunne fordele teigane i etterkant. På denne måten fekk alle ei større nytte av vegen. Partane har uttrykt at alle fekk ein gevinst på denne måten. Partane er samde i at klåre grenser og skogsveg har auka verdien av eigedomen.

Eigarane av skogteigane har samla inn kongler som blei leverte til skogbrukssjefen i Høyanger kommune slik at ein kan plante tilbake same type furu som står der naturleg i dag. Etter partane sitt syn, er dette arbeidet viktig, samstundes som det var eit sosialt arrangement. Partane har òg blitt samde om at all nyplanting skal vere furu. På denne måten endrar ein ikkje miljøet i skogen, og ein slepp at anna type skog spreier seg mellom teigane.

Eigarane i vegen er medlemar av eit grunneigarlag og laget fungerer som eit forum. Partane hadde ikkje noko å utsetje på bruken av dei andre partane, og meinte at vegen fungerte godt i fellesskapet.

Vedlikehald blir utført av éin eller fleire grunneigarar, og kostnadane blir betalt tilbake av dei andre. Partane har andre områder i fellesskap, og inntekter av desse områda brukar ein òg til å dekkje utgifter til vedlikehald. Spørsmålet partane stiller seg er kva ein skal gjere i framtida med eigedomane som ikkje nyttar seg av vegen og som då ikkje ynskjer å delta i vedlikehaldet.

Vegen ligg fint i terrenget. Partane syns det er uproblematisk med eit slikt anlegg i fjellsida og er godt nøgde med resultatet. Samla sett er partane samde i at jordskiftet har vore positivt og naudsynt for å kunne nytte sine eigedomar i utmarka.

5.6 1210-1996-0028 Seim

Kravet om jordskifte gjaldt sams tiltak etter jordskiftelova § 2 bokstav e og grensegang etter jordskiftelova § 88. Årsaka til at ein kravde jordskifte og grensegang var at ein var usikker på eigarforholda i teigane som skogsvegen ville sokne til. I tillegg ville ein få bygd ein veg som ville vere ei forlenging av eksisterande veg, som bruka på Seim ikkje hadde rett til å nytte.

I dag er Seim skogsveg ei forlenging av Naterstadvegen, anlegget stod ferdig i 2010.

Det er i hovudsak landbrukseigedomar som har lutar i vegen. Nokre av dei er i drift, medan andre leiger ut areala. Partane i saka har eigd eigedomane i lengre tid, og alle opplyste at tidlegare eigarar var nær familie.

Sjølv om saka blei avslutta i 2006, har det tatt nokon år å ferdigstille vegen. Årsaka til dette, kunne partane opplyse var problem med entreprenøren. Ein annan faktor som påverka tida var

at Kvinnherad kommune har nytta seg av vegen for å byggje eit vassbasseng for drikkevatt. Kommunen forlenga vegen, og anleggsverksemda medførte ein del slitasje. Etter avtale mellom grunneigarane og kommunen var kommunen pliktig til å ruste opp vegen til den standard den var før arbeidet med bassenget starta. Arbeidet med bassenget er ferdig og vegen er rusta opp av kommunen.

For partane har vegen utløyst skog som før ikkje var mogleg å kome til. Partane har opplyst at området tidlegare ikkje blei nytta. Skogen som står der er planta gran, og den har aldri vore hogd. Var det ein bruk av området så var det som turområde og til dels haustbeiting.

Partane var samde i at det var gunstig for sine eigedomar at det kom veg inn i området. Under saka var den samla kostnaden av vegen stipulert til kr. 580 000 og med eit statstilskot på 60 % såg ikkje partane noko hinder med å gå i gang med bygging. Under bygginga av vegen måtte ein skifte entreprenør, og kostnaden blei noko høgare grunna dette, til saman kr. 600 000. Dette førte ikkje til noko problem partane i mellom, og det var forståing for auka i kostnadene.

I tilknytning til vegen har fire bruk i dag gått saman om å gjerde inn eit større utmarksområde i samband med eit prosjekt i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland. Prosjektet har namnet "*Landskap i drift*"²³. Hovudføremålet med prosjektet er å oppretthalde eit ope landskap gjennom ei aktiv drift. Konkret nytte for den eine bonden var at han kunne auke sin buskap frå 30 vinterfora sauer, til 70-80 sauer. For eigarane som i dag driv med husdyr har denne vegen vore positiv. Det er mindre tidkrevjande å halde oppsyn med husdyra i utmarka og enklare å frakte dei til og frå beite.

Skogen som er tatt ut i dag, er skog ein måtte fjerne for å byggje vegen. Då ein hogg denne gata, førte det til ein del vindfall av gran ein ikkje hadde rekna med. Eigarane har planlagt å hente ut tømmeret som har velta. Partane er samde i at verdien i området er høgare enn kostnaden av vegprosjektet.

²³ For meir informasjon om dette prosjektet sjå:
http://fylkesmannen.no/landskap_i_drift_brosjyre_trykk_Lg6i3.pdf.file

I samband med stikking av vegen gjorde skogbrukssjefen i kommunen på dåverande tidspunkt ein god jobb. Det var sjølvstøtt merknadar frå både partar og skogbrukssjefen, men dette var mindre justeringar. Slik vegen ligg i terrenget, er det den beste løysinga. Partane verdset arbeidet til skogbrukssjefen og meiner at dette var med på å gjere prosessen med bygginga enklare og at forholdet mellom partane ikkje blei dårleg.

Vedtektene for veglaget, utforma av jordskifteretten, er ikkje godkjende av *Brønnøysundregisteret*. Veglaget har frist ut 2012 med å endre desse slik at dei kan bli godkjende. Fram til vedtektene er godkjende blir vedlikehald gjort av den einskilde privat. Dersom det kjem større tiltak som må handsamast vil partane gjere dette etter sin vedlikehaldsdel.

Forholdet var godt før og under saka, men partane meiner at samarbeidet om vegen og at områda blei tilrettelagt har gjort forholdet mellom partane endå betre. Alle partane nemner at vegen blir nytta til rekreasjon.

5.7 1110-2000-0014 og 2500-2004-0013 Storskjær

Storskjær er eit hyttefelt med om lag 30 hytter i Sauda kommune. Alle hytteeigedomane grensar til bnr. 2, som òg har hytte i feltet. Hytteeigarane, utanom grunneigaren, diskuterte i fellesskap om det var ynskjeleg å få veg til hyttene. Interesse mellom eigarane var delt. Nokre ynskte veg, andre ynskte ikkje veg og den tredje gruppa var likegyldig til spørsmålet. Sams for gruppa som ikkje ynskte eller var likegyldig til prosjektet var at dei ikkje hindra dei andre i å jobbe for veg.

Frå hovudbruket blei første hyttetomt fråskilt i 1945, og fram til 1963 blei det frådelt om lag 35 eigedomar. Tinglyste skøyter i tidsrommet 1950 - 59 synte at eigedomane hadde vegrett. Før jordskiftet blei kravd var det etter munnleg avtale med grunneigar laga veg og parkeringsplass like nedanfor fylkesvegen. Dette arbeidet blei fullført i år 2000. Hytteeigarane hadde etter dette ikkje fått i stand ein ny avtale. I fellesskap blei ein samde om at den beste løysinga for alle var å krevje eit jordskifte og slik unngå usemje. I tillegg var det gagnleg at retten skulle ta stilling til kvar traséen skulle gå og korleis ein skulle fordele vedlikehald og byggjekostnader.

Før det kom veg parkerte ein ved riksvegen. I ferie og ved høgtider, når det var mange som nytta hytta, måtte ein ofte køyre eit stykke unna for å finne parkeringsplass. Det var tungvindt å ta seg ned til eigedomane med mat og anna bagasje, og ikkje minst var det tungvindt å reise heim når ein skulle frakte søppel og anna opp til bilen.

Vegen i hyttefeltet på Storskjær er i dag bygd og fungerer godt. Vegen stod ferdig i 2008-2009. Ein av hytteeigarane var prosjektleiar for bygging av vegen, og fleire har påpeika at dette har ført til at anlegget ligg fint i terrenget.

Partane som har latt seg intervjuje er i dag alle samde om at vegen var og er eit godt tiltak. Hytteeigarane har som følgje av vegen rusta opp sine hytter. Mange har bora etter grunnvatn og fått klosett. Arbeidet med brønnboring og større oppussing av hyttene var utenkeleg før det kom veg, sidan området er bratt og ulendt. Tiltaka på eigedomane har ført til ei verdiauke. I tillegg har fleire påpeika at dei føler større tryggleik ved å nytte hyttene i forhold til brann og sjukdom.

Eigarane har i fellesskap danna eit *Hytte- og veglag*. Dette laget har eit styre som blir skifta ut med jamne mellomrom. Kvar hytteeigar betalar ein kontingent til *Hytte- og veglaget* som skal dekkje naudsynte fellesutgifter. I tillegg blir det kvart år sett av kr. 500 pr. innbetalt kontingent. På denne måten blir det opparbeida ein "*sparekonto*" dersom det skulle bli naudsynt med gjennomføring av større vedlikehald av vegen eller andre uventa utgifter.

Partane er samde i at vegen har ført til ei bruksendring av området. Som følgje av at eigedomen er lett tilgjengeleg for den einskilde hytteeigar er området i bruk langt meir enn tidlegare. For å auke trivselen i feltet har *Hytte- og veglaget* satt opp 9 stolpar med gatelys, og mange omtaler hyttefeltet i dag som eit parkområde.

Vedlikehald av både vegen og området elles skjer kvart år. Då har medlemmane i *hytte- og veglaget* dugnad. Dugnaden er omtalt som 50% arbeid og 50% sosialt. Partane er samde i at dette er eit godt tiltak.

Anleggskostnadane kom på kr. 1 200 000. Tilbod blei innhenta etter at saka var ferdig. Sidan dette er ein tilkomstveg til fritidsbustadar fekk ein ikkje tildelt tilskot.

Sjølve jordskifteprosessen syntes partane var god. Prosessen førte til at partane hadde ein arena der dei tok opp spørsmål og merknadar. På denne måten fekk alle tilgang til informasjon og ein blei kjend med kva alle meinte.

5.8 1210-1997-0007 og 2500-2002-0010 Flatråker

Eigedomane er eigd av partane i lengre tid og tidlegare eigarar er nær familie. Partane kravde jordskifte for å få skogsveg slik at dei kunne ta ut tømmer. Ein av partane hadde på 70-talet taksert skogen gjennom ein odelstakst. Dekningsområdet til vegen blei under odelstaksten taksert som eit nullområde driftsøkonomisk.

Vegane som er bygde i dag er i rettsboka omtalte som veg 1-4. Massen som blei sprengt ut, blei brukt til fullmasse der vegen gjekk over myrer. Sjølve arbeidet blei utført av ein mann åleine. Kostnadene med vegane kom på kr. 1 200 000, inkludert sidevegane. Staten gav 60 % i tilskot med vilkår om å avverke 2300 m³.

Partane er delte i oppfatninga av jordskifte og resultatet i dag. Dei fleste har gjeve uttrykk for at anlegget fungerer slik som føremålet var og er glade for investeringane dei har gjort. Dei som har henta ut tømmer har opplyst at inntektene er større enn kostnadene med vegen. I tillegg har det blitt planta over 4000 gran. Mengda tømmer tatt ut er til no, er i samband med vilkåret for statstilskotet. Partane nemner òg at vegen har ført til at terrenget er eit aktivt jaktområde. Jakta blir leigd bort. Prisen på leiga er ikkje endra, men vegen har ført til at jegerane ynskjer å forlengje kontrakta. Den andre gruppa meiner at jordskifte ikkje har medført gevinst, og at ein heller ikkje vil oppnå gevinst med den mengda skog som står i tilknytning til vegen.

Partane er òg delte i korleis vegen har påverka miljøet i området. Ei gruppe meiner at området er blitt mykje finare og at veganlegget ligg fint i terrenget. Den andre gruppa meiner at vegen er større enn naudsynt og at den øydelegg terrenget.

Partane er samde i at den sosiale relasjonen mellom partane i dag kan vere noko konfliktfylt. Det var ikkje dårlege relasjonar før jordskiftet, men dei var heller ikkje gode. Under intervju har nokre av partane uttrykt at det ikkje er ynskjeleg å inngå nye prosjekt. Etter partane sitt syn er veglaget, som blei oppretta av jordskifteretten, i teorien godt utforma. Dei dårlege relasjonane og andre uventa hendingar fører til at veglaget ikkje fungerer i praksis.

Området som vegen er bygd i er regulert til landbruks-, natur- og friluftsområde i arealdelen til kommuneplanen til Tysnes kommune. Arealdelen til kommuneplanen til Tysnes kommune var til handsaming i 2012, og reguleringa er ikkje endra. Ingen av grunneigarane har difor andre planar enn å ta ut skog.

5.9 1210-1999-0010 og 1210-2000-0002 Rygg og Fosse Indre og Ytre

For å spare utgifter og tid, handsama jordskifteretten desse to sakene som ei sak.

Jordskifteretten la ut fire vegar under jordskiftet. Desse er omtalt som veg 2, 4, 5 og 6. Veg 2 blei stukken i marka under jordskiftet av *Landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Hordaland*. Veg 4 og 5 var vegar som blei lagt ut i jordskifte slutta i 1972. Desse vegane blei halde ved lag under jordskifte på Rygg og Fosse Indre og Ytre, men standarden blei heva på veg 4, til bilveg klasse 5, jf. ”*Normal for landbruksvegar (Landbruksdepartementet 1997)*”. Veg 6 er ein enkel skog- og fjellveg som går vidare frå enden av den eksisterande vegen, Rusvegen.

I denne saka har eg kontakta fleire partar. Partane opplyste at dei ikkje ynskte å la seg intervjuje, men gav informasjon om kven eg skulle ringe for å få ei korrekt og god framstilling av saka. Det er gjennomført intervju av 2 partar.

Før saka blei kravd var det usemje mellom fire grupperingar i området:

- Hytteeigarar
- Grunneigarar på Fosse Indre og Ytre + fjellgruppa
- Etne samarbeitlag
- Grunneigarar på Rygg

Partane på Rygg kravde sak nr. 1210-1999-0010 for å få veg til skogen til Rygg.

Medlemmane av Etne samarbeitlag kravde sak 1210-2000-0002 for i hovudsak å få ordna organiseringa av Rusvegen.

Jordskifteretten meinte at problema kunne løysast ved ei sams handsaming. Jordskifteretten gav reglar til eit veglag til å styre med vegane. Veglaget er eit samarbeid mellom dei ulike grupperingane. Partane syner ordninga er god, og ingen motsette seg at desse to sakene blei slått saman.

Retten fastslo at det måtte vere eit fleirtal i veglaget for å byggje veg 2, 4, 5 og 6. I dag er det berre veg 6 som er bygd. Dette er ei forlenging av Rusvegen på omtrent 800 meter. Vegen har låg standard, og er bygd av omsyn til at ein skal kome nærare hyttetomtene som ligg i enden av vegen.

Det har ikkje vore fleirtal i veglaget for at nokre av dei andre vegane skal byggjast. I staden for å byggje veg 2 som skulle erstatte Rusvegen, har ein rusta vegen opp til ein betre standard. Standarden på Rusvegen er framleis dårlegare enn kva veg 2 ville ha blitt om partane bygde denne. Veg 2 ligg betre i terrenget og stigninga ville ha blitt mindre.

Opprustinga og forlenginga av Rusvegen fungerer i dag. Sidan Rusvegen er ein eksisterande veg, har dette ikkje medført ei endring av området, og nye ressursar har ikkje blitt utløyste.

5.10 Vurdering av intervju materialet

Reliabilitet og validitet er to viktige omgrep for å kvalitetssikre forskingsmetodane eg har nytta i denne studien. Er datamateriale i denne studien reliabelt og validert kan det nyttast vidare i ein ny studie.

Kirk og Miller (1986:19) har følgjande definisjon: *“Reliability” is the extent to which a measurement procedure yields the same answer however and whenever it is carried out; “validity” is the extent to which it gives the correct answer.*

Reliabilitet refererer til datamaterialets truverde. Ei generell definisjon av omgrepet reliabilitet er graden av samsvar mellom ulike innsamlingar av data om same fenomen, basert på same undersøkingsopplegg (Grønmo, 2007:222).

Validitet dreier seg om datamaterialets relevans for problemstillingane som skal dokumenterast i studien. Dersom undersøkinga og datainnsamlinga gir resultat i data som er relevante for problemstillingane er validiteten høg. (Grønmo, 2007:231). I denne studien vil validitet vere basert på om mine funn reflekterer føremålet med studien og om den representerar røynda på ein korrekt måte

Validitet og reliabilitet er delvis overlappende. Ifølgje Grønmo (2007:221) kan eit datamateriale ikkje vere gyldig dersom materialet ikkje er påliteleg. Samstundes er reliabilitet

uavhengig av validitet fordi datamateriale kan vere påliteleg sjølv om det ikkje er relevant for problemstillingane.

Eit typisk problem ved intervju er at kommunikasjonen mellom forskaren og respondenten fungerer dårlig. Dårlig kommunikasjon medfører at informasjonsutvekslinga blir dårleg, og at forskaren ikkje får tilgang til den relevante informasjonen som respondenten har. Dårlig kommunikasjon kan også føre med seg at intervjuar og respondenten misforstår kvarandre, at respondenten ikkje forstår kva slags informasjon forskaren ynskjer, og at forskaren feiltolkar den informasjonen respondenten gir. Dette svekker datamaterialets kvalitet. Eit anna typisk problem er at forskaren kan påverke svara som respondenten gir. Forskaren kan stå fram som eller opptre på ein slik måte som stimulera og provosera respondenten til å uttale seg på bestemte måtar.

I arbeidet med å innsamle data er det berre eg som har hatt kontakt med partane. Intervjua er notert og reinskrivne både under og etter intervjuet. For å kontrollere at eg har oppfatta informanten korrekt har spørsmåla blitt stilt to gangar med ulike innfallsvinklar. I tillegg har eg summert notatane mine for informanten slik at det har vore mogleg å rette på eventuelle feil i notata. Gjennomføring av intervju åleine fører til at ein ikkje kan kontrollere opplysningane med ein medforskar, og ein må stole på at svara ein har notert er korrekte.

Kapittel 6 Analyse

6.1 Innleiing

I dei to førre kapitla har eg presentert sakene, casa, og intervjumaterialet så detaljert som personvernomsynet tillet. I dette analysekapitlet skal eg gå vidare med å dra ut mest mogleg kunnskap frå materialet. Analysen er i to delar: I den første delen vil eg forsøke å dra ut mest mogleg av enkeltsakene, casestudiet. I den andre delen vil eg freiste å sjå sakene under eitt – så langt dette er mogleg og forsvarleg ut frå ein casestudie.

Reint innleiingsvis er det eit forhold eg alt kan sei noko om, på bakgrunn av røynslene og dei føregåande kapitla. Kvar jordskiftesak er i stor grad unik, den har sine egne føresetnader, si eiga forhistorie og sine egne partsgrupperingar. Ei jordskiftesak er ei ”episode” i eigedomane si utviklingshistorie. Jordskifte kan ”tvinge” utviklinga inn i eit anna spor enn den elles ville ha tatt. Dette har innverknad på korleis vi kan oppfatte det eg har kalla ”effekt av jordskifte”, mellom anna slik at effekt må studerast i ein slags samla kontekst. Slik sett styrker dette synet at casestudier er eit fornuftig metodisk grep, men det gjer også omgrepet effekt meir problematisk, i den meininga at det peikar mot det kontrafaktiske; kva ville ha skjedd utan jordskifte?

6.2 Effektar i sakene

6.2.1 Tømmerstøl

Økonomiske effektar

Ein økonomisk effekt er at innmarksareal er enklare å drifte og avlingane har auka som følgje av dette. Innspara arbeidstid er 1 til 2 dagar i sesongen. Ingen av partane hadde oversikt over auken av avlingane, men alle var samde i at der var ein gevinst for sin eigedom. Avstanden til areala frå driftssentera er den same, men i dag kan ein køyre med full last ved hausting av fôr og gjødsling.

Kostnaden med nybygginga og opprustinga av Råkevegen var kr. 80 000. Partane vurderte dette som lågt, og dei meiner dette har ført til at ein raskare oppnådde ein økonomisk gevinst. Utover dette har ikkje vegen løyst ut skog som før var uttilgjengeleg. Ein har heller ikkje andre utnyttingsplanar som hyttetomter, inngjerding av utmarksbeite for husdyr og liknande.

Miljømessige effektar

Miljømessig ligg vegen hensiktsmessig i terrenget. At ein i dag kan drifte areala på ein enklare måte fører til at landskapet ikkje gror igjen. Dersom vegen ikkje hadde kome ville ein truleg ha slutta å nytte areala til slått, og det hadde blitt beiteland.

Sosiale effektar

Jordskiftesaka har ikkje endra forholdet mellom partane. Partane er samde i at forholdet før og under saka ikkje var spesielt godt, og blei heller ikkje endra under jordskiftet. Den sosiale relasjonen partane imellom har ført til at vedlikehald og andre praktiske forhold knytt til vegen ikkje blir gjennomført. Partane var samde i at samarbeidet ikkje hadde endra seg om retten hadde fastslått reglar og vedtekter for vegen.



Figur 23: Grensa mellom bnr. 1 og bnr. 2 langs steingjerde på Tømmerstøl.



Figur 24: Grensa mellom bnr. 1 og bnr. 3 langs gjerdet på Tømmerstøl.

Breidda på vegen har vore eit konfliktmoment, spesielt ved grensene mellom eigedomane som figur 23 og figur 24 syner. Partane er ikkje samde om vegen er brei nok i forhold til maskinparken som blir nytta på landbrukseigedomane.

6.2.2 Moldrheim

Økonomiske effektar

Partane har delte meiningar om skogsvegen har ført til ein økonomisk gevinst. Den totale kostnaden med vegen kom på kr. 1 800 000. Retten har i fremjingsvedtaket kommentert at ”(...) partane vil samla få ei økonomisk nytte av vegprosjektet i storleik kr. 1 300 000 – 1 600 000.” Den totale kostnaden oversteig med kr. 200 000, for kva retten vurderte ville føre til ei økonomisk nytte av prosjektet. Denne vurderinga meinte partane synte til at den økonomiske gevinsten er tvilsam. Partane har òg uttalt at ein kunne ha spart kr. 700 000 dersom dei sjølve hadde gjennomført prosjektet utan jordskifte, slik den opphavlege planen var. Dette grunnar dei i tilbodet på kr. 1 175 000 og tilslag om tilskot frå Stryn kommune som var innhenta før ein kravde jordskifte. Retten drøfta i fremjingsvedtaket at dersom ein tok høgde for netto tømmerverdi på kr. 150 pr. m³, ville ein kunne få inntekt ved sal av tømmer på kr. 1 231 000. Differansen mellom kostnad ved vegprosjektet og samla inntekt av skogen meinte retten synte ei positiv nytte for kvar eigedom.

Ingen av partane har ynskja å opplyse i kroner kva ein har fått ved sal av tømmer, og mengda tømmer som var tatt ut var også noko uklår. Det som er opplyst er at mengda som er tatt ut og

mengda ståande tømmer som står att ikkje er nok til å dekkje kostnaden den einkilde eigedom betalte for vegprosjektet.

Skogsvegen gjer det mogeleg å gje veg til den no veglause eigedomen. Slik partane ser det vil det føre til ei verdiauke.



Figur 25: Innanfor den raude sirkelen ser ein eigedomen på Moldrheim som i dag er veglaus²⁴.

Miljømessige effektar

I dekningsområdet til vegen har uttak av tømmer ført til ei forynging av skogen, og ein oppnår betre balanse mellom økonomi og økologi. Det eine bruket har opplyst at deira teig i tilknytning til vegen er snauhogd. Ein slik hogst medfører ei endring av miljøet i området.

Artar som var avhengige av skogen forsvinn og nye artar som trivst i ope landskap kjem til.

At eigaren ikkje har planta ny skog og heller ikkje har planar om å gjere det medfører ei forandring av økologien i området. Furu har, i motsetnad til gran som har eit grunt rotsystem, pelerot som kan gå 3- 4 meter djupt, og gran er av den grunn meir utsett for skade ved vind.

Ved snauhogst av ein teig vil det opne landskapet gjere skogen meir utsett for stormskade. På Moldrheim består skogteigane av i hovudsak furu, men òg noko gran.

Visuelt ligg vegen fint i terrenget og er omtalt av partane som eit flott anlegg.

²⁴ Bildet er henta frå www.norgebilder.no med søketesten: "Moldrheim".

Sosiale effektar

Partane i saka samarbeider dårleg. Ingen av partane er interesserte i å ha noko med dei andre å gjere. På grunn av dette er dei samde i at forholdet dei imellom vil kunne skape problem i framtida. Skulle det bli naudsynt med større vedlikehald av vegen vil det bli vanskeleg å bli samde om kven som skal utføre arbeidet og til kva pris. Veglaget som jordskifteretten oppretta fungerer ikkje i praksis. Det er halde eitt årsmøte, men ingen av partane møtte.

Ein annan faktor er at ingen av partane må forholda seg til kvarandre i det daglege då ingen bur fast på Moldrheim. Forholdet dei i mellom blir dermed meir fjernt enn nært, og ein tek ikkje tak i problema for å løyse dei.

6.2.3 Hauge

Økonomiske effektar

Tilkomsten vegen har gitt eigar av bruk 3 har, slik partane ser det, auka verdien for denne eigedomen. Det står noko skog på eigedomane, men vegen blir ikkje nytta til dette føremålet. Standarden på vegen og plasseringa i terrenget gjer at forholda er tilstades for å ta ut tømmer.

Miljømessige effektar

Vegen er lang, men dette var naudsynt for å hindre ei ugunstig stigning. Vegen følgjer eigedomsgrensene slik at ein ikkje unødvendig delar opp innmarksteigar.



Figur 26: Ny tilkomstveg til bruk 3 på Hauge.

Sosiale effektar

Den gamle tilkomstvegen var ei kjelde til konflikt. Som figur 27 syner går den gamle vegen gjennom tunet og tett inntil driftsbygningen på bruk 1.



Figur 27: Tilkomstveg til bruk 3 på Hauge før jordskifte.

Eigen tilkomst til bruken har ført til at det i dag ikkje lenger er ei konflikt.



Figur 28: Tilkomstveg til bruk 3 på Hauge etter jordskifte

6.2.4 Østerbø

Økonomiske effekter

For å få ein gevinst av vegprosjektet blei det halde eit jordskifte for å ny gunstige teigar. Jordskifteretten og partane meinte dette var ein føresetnad for å auke den økonomiske gevinsten.

Kostnaden med vegen kom på kr. 3 100 000. Stat- og kommunetilskot dekkja 80 %.

Kostnaden til partane blei kr. 620 000. Dei partane som har henta ut skog, har opplyst at inntektene er større enn kostnaden med vegen.

	Anleggskostnad	Tilskot	Partane sin eigendel
Vegane på Østerbø	kr 3 100 000,00	80 %	kr 620 000,00

Figur 29: Anleggskostnad, tilskot og partane sin samla del i vegen på Østerbø.

Eigar	Del i veg nr. 1, 2 og 3	EIGENDEL
A	26 %	kr 161 200,00
B	26 %	kr 161 200,00
C	16 %	kr 99 200,00
D	16 %	kr 99 200,00
E	12,5 %	kr 77 500,00
F	0,5 %	kr 3 100,00
G	3 %	kr 18 600,00
Sum	100 %	kr 620 000,00

Figur 30: Kvar eigedom sin del og kostnad i vegen på Østerbø.

Under jordskifte gjekk ein ut i frå at det stod om lag 13 000 m³ med skog i tilknytning til vegane. Partane såg det som truleg at ein til no hadde avverka om lag 3000 m³ og 4000 m³. Mesteparten av det som er tatt ut er furu, men òg noko bjørk. Furu som har hatt god nok lengde har gått til skur, men partane såg det som truleg at storparten har gått til masse²⁵. Bjørka er tatt ut til ved, både til personleg bruk og sal.

²⁵ Sägtømmer av gran og furu går til produksjon av trelast. Mesteparten av gran og furumassevirke går til papirproduksjon, men mykje av lauvet blir selt som ved. Det brukast også lauv i treforedlingsindustrien og papirproduksjon.

Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA har omsett det meste av tømmeret, men noko har vore omsett direkte. Ifølgje *Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA* har tømmeret som har vore omsett gjennom dei, vore om lag 50% skur og 50% massevirke. Tømmerprisen har vore i intervallet 300-330 kr./m³.

Miljømessige effektar

Som følgje av jordskiftet blei teigane på bruka lagt ut på nytt og merka i marka. Dette har ført til at ein med sikkerheit kan ta ut skog på sine teigar slik dei ynskte.



Figur 31: Skogteig på Østerbø etter hogst.

Skogen i jordskiftefeltet er gamal furu som veks naturleg på staden. For å ta vare på furuskogen har partane samla inn kongler, som dei har sendt til skogbrukssjefen i kommunen. På denne måten får dei tilbake furuplanter som stammar frå området.

Ein ynskjer ikkje at nokon skal plante gran slik at den kan spreie seg mellom teigane. Partane har i fellesskap blitt samde om at all nyplanting skal vere furu.

Sjølv om veganlegget er omfattande og har gjort eit stor inngrep i terrenget, meiner partane at den var naudsynt og at vegen på ingen måte har øydelagt landskapet.



Figur 32: Krysset for veg 1 og 2 på Østerbø.

Sosiale effektar

Relasjonane mellom partane var gode før jordskiftet blei kravd, og saka har ikkje endra forholdet. At grensene er klare minskar òg faren for konflikhtar. Fleire trekkjer fram at vegen blir mykje nytta til turføremål og at dette har gitt ein sosial gevinst.

6.2.5 Seim

Økonomiske effektar

Partane er i dag samde om at vegen har ført til ein økonomisk gevinst for eigedomane. Eit stort område som før var ubrukeleg, kan i dag nyttast av partane og bruksverdien til eigedomane på Seim har auka.

Kostnaden med nyprosjektet var kr. 600 000. Tilskot frå Kvinnherad kommune var 60%. Partane måtte i tillegg kjøpe seg inn i Naterstad skogsveg for kr. 143 420.

Seim skogsveg					
Anleggskostnad		Tilskot	Innpåkjøp av Naterstad skogsveg		Partane sin samla eigendel
kr	600 000,00	60 %	kr	143 420,00	kr 383 420,00

Figur 33: Kostnad for partane på Seim.

Eigar	ANDEL I VEG %	EIGENDEL
A	3 %	Kr 11 502,60
B	8 %	Kr 30 673,60
C	28 %	Kr 107 357,60
D	33 %	Kr 126 528,60
E	2 %	Kr 7 668,40
F	22 %	Kr 84 352,40
G	2 %	Kr 7 668,40
H	2 %	Kr 7 668,40
Sum	100 %	Kr 383 420,00

Figur 34: Partane sin del og kostnad i innpåkjøp av Naterstad vegen og opparbeiding av Seim skogsveg.

På direkte spørsmål svara alle partar at ingen kunne syne til eit økonomisk tap for sin eigedom. Summen kvar part måtte betale var ikkje urimeleg i forhold til gevinsten. Den største gevinsten økonomisk ligg i moglegheita til å nytte området i landbruket. Det er ulike tilskot knytt til å nytte området. Eit døme er at gardbrukarane får kr. 100, pr. m³ i tilskot dersom det blir nytta hest til å ta ut granskogen. Området skal òg bli gjerda inn slik at ein får utmarksbeite. I tilskot vil ein få kr. 75 pr. meter med gjerde. Denne inngjerdinga og hogst av skog fører til at gardbrukarane kan auke dyrehaldet. Planen er å auke frå 30 til 70-80 vinterfora sauer.

I forsøk på å illustrere den økonomiske gevinsten har eg sett opp følgjande døme²⁶:

<i>Gjennomsnittleg pris pr. kg, inkludert distrikt og grunntilskot.</i>	
Vinterfora sau	Kr 26,00
Utegangar sau	Kr 26,00

Figur 35: Gjennomsnittleg pris pr. kg sau, inkludert distrikt og grunntilskot.

	Vinterfora sau	Utegangar sau
Pårekneleg vekt på ei søye om lag kg:	70	60
Slaktevekt i kg (50 % av vanleg vekt)	35	30

Figur 36: Gjennomsnittleg levande vekt og slaktevekt for sau.

Døme på auke i inntekt ved endring av vinterfora sau.		
Mengd sauer	30	80
Kg, totalt sau (slaktevekt)	1050	2800
Pris pr. kg sau	Kr 26,00	Kr 26,00
Inntekt	Kr 27 300,00	Kr 72 800,00
Differanse i inntekt frå 30 vinterfora sau til 80:	Kr 45 500,00	

Figur 37: Døme på auke i inntekt ved endring av tal vinterfora sau.

Døme på auke i inntekt ved endring av utegangar sau.		
Mengd sauer	30	80
Kg, totalt sau (slaktevekt)	900	2400
Pris pr. kg sau	Kr 26,00	Kr 26,00
Inntekt	Kr 23 400,00	Kr 62 400,00
Differanse i inntekt frå 30 utegangar sau til 80:	Kr 39 000,00	

Figur 38: Døme på auke i inntekt ved endring av tal utegangar sau.

Som ein ser av dømet vil differansen på inntekta frå 30 til 80 vinterfôra sau vere på om lag kr. 45 500. Den tilsvarande differansen på utegangarsau er på om lag kr. 40 000. Sau som er ute heile året gir meir avkastning enn sau som står inne. Gardbrukar slepp utgifter med å halde

²⁶ Informasjon om gjennomsnittleg vekt og pris har eg fått opplyst av rådgjevar i Nortura. Nortura SA er ein fusjon mellom Gilde Norsk Kjøtt BA og Prior Norge BA, og er organisert som eit samvirke eigd av 18 700 bønder. Sjå òg vedlegg to.

fôr, og arbeidsmengda blir redusert. Dette er døme som ikkje tar omsyn til auke i utgifter, og føresetnaden er ein fast pris pr. kg, samt lik vekt på alle dyr.

Granfeltet i tilknytning til vegen er planlagt å selje som virke. Pårekneleg kubikkmasse i hogstklasse IV og V er 5000 m³. For å illustrere verdien av skogen har eg sett opp følgjande døme:

Snittpris tømmer frå mars 2010 til februar 2012	kr	371,50
Snittpris massevirke frå mars 2010 til februar 2012, GRAN:	kr	271,13
Snittpris sagtømmer frå mars 2010 til februar 2012, GRAN:	kr	435,71

Figur 39: Gjennomsnittlege prisar på tømmer²⁷.

Pårekneleg kubikkmasse ganga med snittpris for tømmer:	kr	1 857 500,00
Pårekneleg kubikkmasse ganga med snittpris for massevirke GRAN:	kr	1 355 625,00
Pårekneleg kubikkmasse ganga med snittpris for sagtømmer GRAN:	kr	2 178 541,67

Figur 40: Pårekneleg verdi av tømmeret i tilknytning til Seim skogsveg.

Slik figurane over syner er verdien av skogen på minimum kr. 1 355 625 brutto. Dømet tek berre omsyn til snittpris og pårekneleg kubikkmasse. Andre upårekna hendingar er ikkje medrekna.

Miljømessige effektar

Granskogen har eit grunt rotsystem og den opne veggata er utsett for sterk vind.

Konsekvensane for skogen er både direkte ved vindfall av tre, og indirekte ved at rotsystemet blir svekka og utsett for insekt og sjukdom. Konsekvensane av veggata hadde grunneigarane ikkje føresett. Det er ikkje gjennomført tiltak for å avgrense skaden på skogen. Planen er at skogen som er skada skal takast ut slik at det ikkje vil føre til ytterligare skade på resten av skogen.

²⁷ Statens landbruksforvaltning (2012, 12. april). *Tømmeravvirkning og –priser*: <https://www.slf.dep.no/no/statistikk/skogbruk/tommeravvirkning>




Figur 41: Stormskade på granskogen på Seim, ei direkte følgje av vegtraséen.

To av eigedomane planlegg å hogge all skogen utan å plante ny. Målet er å føre landskapet tilbake slik det var før grana blei planta. Fire av partane er med i prosjektet *"Landskap i drift"* i regi av Fylkesmannen i Hordaland²⁸. Føremålet med prosjektet er å skape eit aktivt og mangesidig landbruk. Dette håpar ein skal føre til at landskapet vil bli brukt på ein naturleg måte som samsvarar med kulturlandskapet si historie. Partane meinte det ikkje hadde vore mogleg for dei å delta i eit slikt prosjekt utan Seim skogsveg.

I samband med prosjektet ynskjer fire av partane å gjerde inn eit område i tilknytning til vegen. I dag er 118 dekar av tatt i bruk, og prosjektet *"Landskap i drift"* vil føre til at det blir rydda og tatt i bruk 249 dekar nytt beite. Samla yttergrense som må ha nytt gjerde er på 2 650 meter. Inngjerdinga av yttergrenser vil føre til meir oversiktlege teigar med tanke på tilsyn, samt at beitetrykket kan styrast i vekstsesongen. Vedlegg tre syner søknaden bruka på Seim sendte til Landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Hordaland.

²⁸ For meir informasjon om dette prosjektet sjå:
http://fylkesmannen.no/landskap_i_drift_brosjyre_trykk_Lg6i3.pdf



Figur 42: Seim skogsveg.

Partane er samde i at vegen ligg best mogleg plassert med omsynt til terrenget.

Sosiale effektar

Partane peika på at det sosiale fellesskapet vegen har skapt, har betra eit allereie godt forhold. Vegen blir nytta til både arbeid og rekreasjon, og er eit møtepunkt for kommunikasjon og samarbeid. Vedlikehald og anna naudsynt arbeid i tilknytning til vegen blir gjennomført av partane samla.

6.2.6 Storskjær

Økonomiske effektar

Før jordskiftet var tilkomsten til hyttene stiar i eit bratt terreng. Hyttene var frå 1960- talet og utan innlagt vatn og klosett. Vegen har gjort det mogleg å renovere hyttene, noko dei fleste har gjort. Jordskifteretten meinte det var pårekeleg at eigedomane ville auke i verdi, og dette er intervjuar partar samde i.

I eit forsøk på å illustrere forskjellen mellom ein hytteigedom med og utan vegtilkomst syner eg til døme frå følgjande eigedomar til sals:

Døme 1²⁹:	
Område:	<i>Ilstadvika i Suldal kommune. Ca. 8 km. frå Storskjær.</i>
Generelt:	<i>Eldre hytte seljast i den stand er. To veggjar har ny kledning og er etterisolert. Det er innlagt strøm til hytta. Kjøkken, stue, tre soverom og ei bod like ved. Elles seljast hytta som den står med diverse innhald.</i>
Tilkomst:	<i>Med båt eller til fots frå riksveg 520.</i>
Pris:	Kr. 700 000

Figur 43: Hytteeigedom utan veg til sals i nærleiken av hyttfeltet på Storskjær.

Døme 2³⁰:	
Område:	<i>På Solland mellom Ropeid og Sauda, Storskjær, i naturskjønne omgivnader i eksisterande etablert hyttfelt. Eigedomen ligg nedst mot sjøen, med ca. 55 meter strandlinje og med nydelig utsikt over Saudafjorden.</i>
Generelt:	<i>Hytta som er oppført ca 1960 har for det meste opphavleg standard og behov for noko vedlikehald. Eitt soverom på hovudplan med køyseng og to soverom på loft med dobbeltseng. Baderom med utslagsvask og dusj. Hytts seljast som den står, fullt møblert. På eigedomen er også på same tid som hytta ble bygget, oppført naust. I tillegg er ein del av eigdommen regulert til oppføring av 8 stk. nye naust som eventuelt kan byggjast og seljast. Eigedomen held normal god standard, men hytten trengjer noko vedlikehald.</i>
Tilkomst:	<i>Det er bilveg fram til hytta og parkeringsplass.</i>
Pris:	Kr. 2 490 000

Figur 44: Hytteeigedom med veg til sals i hyttfeltet på Storskjær.

Eigedomen på Storskjær, døme 2, har i motsetnad til døme 1, oppført naust, og i tillegg åtte regulerte nausttomter. I tillegg er det i døme 2 bilveg heilt fram til hytteeigedomen. Meklar i døme 2 opplyste at det var nausttomtene som førte til den høge prisen. Slik han såg det ville

²⁹ For meir informasjon om salsobjektet i døme 1, sjå:


<http://www.finn.no/finn/realestate/leisure/sale/object?finnkode=34082694>

³⁰ For meir informasjon om salsobjektet i døme 2, sjå:

<http://www.finn.no/finn/realestate/leisure/sale/object?finnkode=29790382>

verdien på eigedomen utan veg og utan nausttomter ville vere ein stad mellom kr. 500 000 og 600 000. Veg til eigedomen er ein avgjerande faktor ved sal.

Jordskifteretten la i val av vegtrasé vekt på at grunneigar ikkje skulle bli hindra i å dele ut fleire tomter. Sauda kommune var positive til vegutbygginga og har i arealdelen til kommuneplanen opna for fortetting i hytteområdet.



Figur 45: Utsnitt av arealdelen til kommuneplan for Sauda kommune 2012 – 2023. Punkt 5 gjelder Storskjær. ³¹

Miljømessige effektar

Partane var sjølve ansvarlege for byggjeprosessen og ein ynskte ikkje at vegen skulle gjere landskapet mindre attraktivt. Skjeringar og andre sår i marka blei dekkja til med matjord med omsyn til det estetiske. Storskjær er i dag eit parkområde.

³¹ Mottatt på e-post 19.mars 2012 frå ein part i jordskiftesaka.

Skog og kratt blir kvart år hogd på dugnad. Dei ynskjer at kulturlandskapet rundt hyttetomtene ikkje skal gro igjen. Partane synes dette arbeidet er naudsynt og viktig for å auke trivselen.



Figur 46: Veg A samt fellesvegane I og II på Storskjær.

Sosiale effektar

Intervjua partar uttrykte alle at det sosiale forholdet mellom hytteeigarane har blitt betre etter jordskifte. Fleire peika på at jordskifteprosessen førte til at dei blei betre kjent og at det sosiale forholdet blei styrka. Var det usemje retta ein det til jordskifteretten i staden for at ein gjekk til naboen. I jordskifteoverretten inngjekk partane rettsforlik. Fleire har synt til at rettsforliket ikkje gav vinnarar eller taparar og at dette har vore viktig for samhaldet.

Eit anna moment som har skapt eit godt samhald er den årlege dugnaden. Partane omtalt denne som 50 % sosialt og 50 % arbeid. Samarbeidet gir ei kjensle av at alle yter til fellesskapet.

6.2.7 Flatråker

Økonomiske effektar

For å oppnå økonomisk gevinst slo jordskifteoverretten fast at byggjekostnaden for vegane 1-4 ikkje skulle overstige kr. 1 250 000. Når prosjektet var avslutta kom anlegget på kr.

1 200 000. Fleirtalet av partane hadde ikkje noko å utsetje på denne kostnaden.

Det er i samband med vilkår til statstilskotet henta ut om lag 1000 m³ gran. Det avverka tømmeret er selt saman med tømmer frå andre teigar og partane hadde difor ikkje opplysningar om inntekta på tømmeret i tilknytning til jordskiftevegen.



Figur 47: Tømmer tatt ut på Flatråker.

Andre gevinstar som partane har nemnt er i høve til jakt. Grunneigarane leiger ut jaktrettar til andre jegerar og vegen har ført til at jakta er enklare å utføre. Leigeprisen er ikkje endra, men området er blitt attraktivt å jakte i og dermed er ein sikker på at ein vil kunne få fornye kontraktane med jegerane.

Miljømessige effektar

Partane er delt i si oppfatning av vegen og korleis den har påverka landskapet. Storparten meiner entreprenøren gjorde ein god jobb i å skåne og gjere landskapet attraktivt. Eit

mindretal meiner traséen er for brei, og at velteplassar og sprenging har øydelagt kulturlandskapet. Områda som partane er usamde om er synt i bilda under.



Figur 48: Sams velteplass for vegen på Flatråker.



Figur 49: Fjellskjeringar etter sprenging på Flatråker.

Partane har opplyst at det er planta om lag 4000 gran i teigane der det er utført hogst. Nyplanting og hogst fører til ei fornying av området og dette er ein klår miljøgevinst.

Sosiale effektar

Jordskiftet har øydelagt forholdet mellom einskilde partar. Partane hadde motstridande interesser og meiningar som førte til konflikt i området vegen ligg. Vedtektene jordskifteretten oppretta for veglaget fungerer ikkje i praksis. Etter partane sitt syn var vedtektene gode, men dei dårlege relasjonane øydelegg for samarbeidet. Korleis ein skal gå fram for å få endre dette hadde ingen av partane svar på.



Figur 50: Starten på veg 1 og 2 på Flatråker.

Fleirtalet av partane meiner vegen har ein positiv sosial funksjon i form av at mange nyttar den til rekreasjon.

6.2.8 Rygg og Fosse Indre og Ytre

Tema og problemstilling i denne oppgåva er å undersøke effektar av nyetablerte vegar. Etter jordskiftet er veg 2 som skulle erstatte Rusvegen ikkje bygd. Veg 6 er bygd, men i ein låg standard og har ført til at hytteigarar kan køyre 600 meter nærmare hyttene, men ikkje inn til

hyttefeltet. Partane har opplyst at bruken av området ikkje er endra. På bakgrunn av dette er det ikkje utført ein nærare studie av saka.

6.3 Sakene sett i samanheng

Studien min er bygd opp som fleire casestudier. Normalt er casestudier akkurat det ordet seier; studium av eitt tilfelle. Likevel vil eg nedanfor forsøkje å trekkje ut kunnskap ved å sjå sakene under eitt, så langt eg synest det er forsvarleg ut frå det eg tidlegare har sagt om kontekst i avsnitt 6.1.

Partane som kravde jordskifte om sams tiltak hadde ulike føremål med kva vegen skulle nyttast til. slik figuren under syner.

Hovudføremålet for jordskiftekravet			
Skogsbilveg	Tilkomstveg til bustad/ fritidseigedom	Jordbruksveg	Ulike føremål
Moldrheim	Hauge	Tømmerstøl	Rygg og Fosse Indre og Ytre
Østerbø	Storskjær		
Seim			
Flatråker			

Figur 51: Hovudføremålet for jordskiftekravet.

Sjølv om det er ulike hovudføremål med kva vegen skal nyttast til vil ein kunne oppnå både positive og negative verknader for eigedomane. Skogsvegar vil ha ein økonomisk effekt i form av avkastingsverdi, og ein miljøeffekt i form av fornying av skogen etter hogst, medan ein tilkomstveg til ein bustad vil kunne auke både marknadsverdien og bruksverdien.

Økonomisk effekt


Først vil eg sjå på dei økonomiske effektane. Det er partane sine synspunkt som er grunnlag for analysen. Det er viktig å konsentrere analysen av dei økonomiske effektane i tre grupper for å kunne drøfte situasjonen for eigedomane.

1. Kva synspunkt har partane på om jordskiftet har ført til ei økonomisk effekt for eigedomane?
2. Kva synspunkt har partane på om jordskiftet vil auke salsverdien for eigedomane?
3. Og til slutt, kva er den faktiske situasjonen?

Kva synspunkt har partane på om jordskiftet har ført til ei økonomisk effekt for eigedomane?

Dei fleste meiner at vegen har gjeve eigedomen ein positiv gevinst i forhold til kostnaden med å byggje vegen. På spørsmål om det var fornuftig for eigedomen å delta i vegprosjektet reint økonomisk har 89 % svart ja.

I sak 2500-2002-0010 Flatråker sette overretten eit vilkår om at øvre grense for byggjekostnaden ikkje skulle overstige kr. 1 250 000. Samla kostnad for vegprosjektet for vegane 1-4 var kr. 1 200 000. Fleirtalet av partane er samde i retten si vurdering, og meiner at kostnaden med vegprosjektet ikkje oversteig verdiane som blei tilgjengelege.



Figur 52: Respons på spørsmålet om det var fornuftig for eigedomen å delta i vegprosjektet økonomisk.

Dei som har svart nei har ikkje vore direkte negative til prosjektet med veg, men kostnaden med sjølve prosjektet har blitt større enn nytta for eigedomen. Nokre har omtalt at vegen er bygd med for høg standard og at ein veg med lågare standard ville tent same føremål og kostnaden ville følgjeleg blitt lågare. Andre har omtalt at prosjektet blei meir kostbart som ei følgje av at tilbodet frå entreprenør blei høgare under byggjeprosessen.

Eit godt døme frå gruppa som meiner at det ikkje var fornuftig å delta i vegprosjektet er sak nr. 1420-2005-0004 Moldrheim. Under jordskiftet kom det tydeleg fram i rettsboka at retten meinte det ville vere ei økonomisk nytte dersom kostnaden med vegen ikkje oversteig kr. 1 600 000. Ved saka si slutt var tilbodet kr. 1 500 000. Den endelege kostnaden blei kr.

1 800 000. For nokre av eigedomane betyr det at skogen, slik den står i dag, ikkje er verdfull nok til å dekkje deira del i vegen.

Sjølv om nokre av partane meiner kostnaden med vegen oversteig nytta for eigedommen i dag, har fleire partar reflektert over at vegen vil gje nytte for eigedommen over eit lengre tidsperspektiv. Sjølv om eigarane i dag ikkje ville oppnå ein gevinst, har investeringa vore ein gevinst for eigedommen for all framtid.



Figur 53: Respons på spørsmålet om eigedommen har fått auke i bruksverdi.


Dei fleste meinte at vegen har auka bruksverdien for eigedommen. Auka er ein konsekvens av at ein kan nytte eit større areal av eigedommen til både produksjon og rekreasjon. Under intervjuet har mange svart at nokre av dei økonomiske gevinstane som vegen utløyser er ei slags "investering" i seg sjølv. Ein kan ta ut tømmer, og nettoverdien etter sal vil kunne dekkje investeringane i vegen. Sjølv om ein vil kunne dekkje kostnaden i vegen er avverkinga utsett i inntil ulike hendingar skal inntreffe. Dette kan vere betre pris for tømmeret, om det er naudsynt med ei ekstra inntekt, eigarskifte frå foreldre til born og liknande.

Det har kome fram få effektar utover det som var hovudføremålet for å krevje sak. Moldrheim syner ein annan effekt enn hovudføremålet, som var å ta ut skog. For den eine eigedommen fører skogsvegen til at eigar kan lage ein sideveg på eigen eigedom frå skogsvegen og ned til bustadhuset. Denne eigedommen er i prinsippet i dag veglaus og ein slik sideveg vil kunne auke bruks- og salsverdien.

Også jordskiftet på Seim har utløyst ein annan effekt enn hovudføremålet til vegen. Vegen har utløyst eit område som før var vanskeleg å nytte i husdyrhaldet. Området som er blitt tilgjengeleg har ført til at grunneigarane kan auke talet husdyr, som igjen gir auke i inntekt.

Kva synspunkt har partane på om jordskiftet vil auke salsverdien for eigedomane?

Om lag halvparten av partane meiner eigedomen har fått ein høgare marknadsverdi.



Figur 54: Respons på spørsmålet om eigedomen sin marknadsverdi etter jordskifte.

Dette grunnjev dei i at ein har fått ny tilkomst til eigedomen. Å kunne "køyre heilt til døra" er ein faktor som er relevant ved kjøp og sal av ein eigedom.

Andre meiner at sjølv om det er ein landbrukseigedom med konsesjonsplikt, så har verdien av eigedomen auka. Dei trur at betalingsvilja vil vere høgare blant aktuelle kjøparar når skogteigane har vegtilknytning.

Kva er den faktiske situasjonen?


Spørsmålet blir forsøkt svart objektivt av meg, og går på noko meir handfast. Om partane sine opplysingar er korrekte har synt seg vanskeleg å verifisere. Partane har ikkje kome med særskilt dokumentasjon på at vegen har utløyst ein gevinst, dette er partane sine personlege synspunkt. Det er gjort eit forsøk på å innhente informasjon frå tredjepartar om mengd tømmer som er selt og inntekt i sakene der ein har henta ut tømmer. Det er òg forsøkt å innhente opplysingar om mogleg pris for ein eigedom utan tilkomstveg, som gjennom jordskifte har fått slik tilkomst. Eg har ikkje lukkast i å innhente konkrete opplysingar for alle eigedomar, for å klårleggje dette betre må ein nytte seg av ei anna metode.

Miljømessig effekt

Når det gjeld miljøeffekt, har landskapet blitt endra i sju av dei åtte jordskiftesakene. Endringa kjem som ei direkte følgje av at det er bygd veg. Dei største endringane utanom vegen er hogst og nyplanting av skog og ei generell endring av bruken i eit område som før var utilgjengeleg.

Fire av vegane er skogsvegar, medan dei resten er tilkomstvegar til bustader og landbruksveg til innmark. For å syne omfanget av vegane er det vedlagt flybilde for kvart jordskiftefelt. Nokre av vegprosjekta er svært omfattande og spørsmålet partane har stilt seg er om det var naudsynt å byggje vegane i det omfanget dei er bygd, eller om det kunne ha vore tilstrekkeleg med ein veg i ei anna vegklasse.

Som ein ser av figur 55, meiner 94 % at vegen ligg hensiktsmessig i terrenget. Desse partane har svart at vegtraséen ligg gunstig i terrenget og at traséen, slik den er i dag er den beste løysinga. Mange har påpeika at sjølv om vegen grip inn i eit tidlegare urørt terreng, var dette naudsynt for å ta området i bruk og halde det i hevd.



Figur 55: Partane sine synspunkt om det var tatt omsyn til vegtraséen i terrenget.

Ei sak som konkret synleggjer miljømessige effektar er sak nr. 1210-1996-0028 Seim. Som ei direkte følgje av vegen har partane fått offentlege tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland til å bevare kulturlandskapet gjennom prosjektet "Landskap i drift". Slike tilskot og miljøtiltak er ikkje tatt med i vurderinga av nytte på fremjingstidspunktet av jordskifteretten og er heller ikkje vanlege å ta med. I Noreg i dag er det frå politisk hald eit stort fokus på å ta vare på kulturlandskapet. Ein kan spørje seg om det i framtida kan vere aktuelt for jordskifterettane, under fremjing av saka, å drøfte om vegane vil kunne ha ein positiv effekt på miljøet.


Jordskiftet på Østerbø synleggjer òg ein miljømessig effekt. Partane har i fellesskap samla inn kongler i det aktuelle området. Årsaka til dette er for å kunne plante furu med same genmateriale. Ved å plante tilbake stadstilpassa furu veit ein korleis planta tåler veksttilhøva

og klimaet. Partane er òg blitt samde om at det ikkje skal bli planta gran i feltet. Ein ynskjer ikkje at gran skal spreie seg mellom teigane og skygge for nyplanta furuer.

Om lag alle partane nemner under intervju at ein nyttar vegen til rekreasjon og at dei verdset dette høgt. Spørsmålet har eg som intervjuar ikkje stilt, dette har partane nemnt sjølv. Jones og Rønningen (2007:387) omtalar dette som rekreasjonsøkonomi. Areal- og naturressursane sine verdiar er i endring. Tradisjonelle verdiar som skog og mat, er mindre viktige og det ser ut til at rekreasjonsverdiane aukar.

Sosiale effektar

Under intervju har alle partar svart på korleis den sosiale relasjonen mellom partane i jordskiftesaka er etter jordskiftet. Som ein ser av figur 56, har 69,4 % prosent av partane svart at den sosiale relasjonen er endra til det positive, 5,6 % har meint at jordskiftet har ført til ei negativ endring, medan 25 % gav uttrykk for at relasjonen ikkje var endra.




Figur 56: Er det sosiale forholdet mellom partane blitt endra etter jordskifte, og i kva retning?

I sakene der relasjonen ikkje er endra, var det før jordskiftet eit dårleg tilhøve mellom partane. Partane som har fått betra den sosiale relasjonen har vektlagt at prosessen under jordskiftesaka, god rettleiing frå jordskiftedommar og samarbeid med dei andre partane om vegprosjektet, har ført til at ein har blitt betre kjent og at ein dermed har fått ein betre relasjon. I tillegg har mange partar i dei ulike sakene påpeika at vegen i tillegg til hovudføremålet er mykje nytta til rekreasjonsformål. Når ein går tur møter ein naboen og slår av ein part. Vegen som eit møtepunkt var der ikkje tidlegare, og ein gler seg over å møte andre som nyttar seg av området.

Partane som har uttrykk at den sosiale relasjonen er blitt dårlegare peikar på at dette gjeld ikkje alle partar, men nokre få. Dei har forklart at prosessen vart overstyrt både frå andre partar og jordskifteretten. Spesielt var gruppa som ynskte veg, pågåande slik at gruppa som ikkje ynskte veg tok avgjerder ein angrar på i dag.

Under intervju er det stilt spørsmål om kor lenge ein har eigd eigedomen, og om eigedomen har tilhøyrt familien i fleire generasjonar. Figuren under syner samanheng mellom dette og sosiale endringar.



Figur 57: Sosiale forhold for familieeigedomar.

På spørsmålet om eigedomen har tilhøyrt familien i lengre tid og om det sosiale forholdet er endra har 54,2 %, svart ja i ei positiv retning. Til same spørsmål har 37,5 % svart inga endring. Situasjonen der relasjonen ikkje er endra, har det vore konflikt før jordskiftet. Partane har opplyst at konflikten oppstod før dei overtok eigedomane, men sida ein overtok etter nær familie blei konflikten overført ved eigarskifte. Nokre partar har også svart at sjølv om jordskifte har medført ei endring av den sosiale relasjonen i negativ retning, er det ikkje jordskifteprosessen og resultatet som har ført til dette. Årsaka desse partane har gjeve er at det var ein relasjon før jordskifte som ikkje var dårleg, men heller ikkje god. Gjennom jordskifte kom motstridande meiningar og interesser fram, som igjen førte til at konfliktar oppstod.

Eit viktig moment som kom fram under intervju av eit mindretal av partane var at løysinga som jordskifteretten vedtok og vedtektene for vegen var den beste og einaste løysinga. Årsaka

til at ein ikkje klarar å nytte vegen for å oppnå ein gevinst, er partane sine relasjonar. Dette framhevar partane som eit moment jordskifteretten ikkje kunne ha gjort noko med og heller ikkje tatt høgde for i si nyttevurdering.

Det er tydeleg at partane sin relasjon til eigedomane og ei eventuell endring av denne kan føre til ei endring i den sosiale relasjonen. I motsetning til studia Laskemoen og Skaug gjorde i høvesvis 2011 og 1993, har det i studien min framkome ei endring av den sosiale relasjonen i positiv retning. Partane har tydeleg vektlagt at ein er nøgd med resultatet og at sjølve jordskifteprosessen var avgjerande for at relasjonen mellom dei ikkje blei dårleg.

Kapittel 7 Avsluttande refleksjonar

Casestudier synest eg har fungert godt til å undersøke effektar av jordskifte. Når det gjeld intervju som datakjelde har eg fleire refleksjonar. Partane blei på førehand kontakta ved eit informasjonsskriv. Informasjonsskrivet var for å opplyse om at jordskiftesaka ville vere med i ein studie, men òg for at partane skulle starte ein tankeprosess. Storparten av partane var førebudd og hadde venta på at eg skulle ta kontakt for intervju. Desse partane hadde klare førestellingar om kva dei ynskte å fortelje om prosessen. Det kom fram mange opplysingar om sjølve jordskifteprosessen, kostnaden med anlegget, korleis vegen fungerer i dag, den økonomiske konsekvensen for eigedommen og ulike miljømessige og sosiale effektar. Det som var problematisk for dei fleste var å konkretisere kva den faktiske økonomiske verknaden hadde vore for eigedommen.

Intervju som metode for å avdekkje den faktiske økonomiske situasjonen har synt seg å vere lite eigna. Skal ein avdekkje økonomisk effekt for ein eigedom etter jordskifte må ein innhente andre opplysningar enn dei eg fekk fram under intervju. Opplysingane kan vere frå eit skogeigarlag som omsetter tømmeret, takst på ein eigedom før og etter jordskifte, føretaksrekneskap og liknande. Intervju som metode for å avdekkje sosiale og miljømessige effektar har synt seg å vere eigna. Dette er forhold som er lett for partane å setje ord på. Ein må ikkje på same måte som ved økonomisk effekt ha kontroll på opplysningar i tal. Sosiale- og miljømessige tilhøve er noko ein kan ”*oppleve*” kvar dag.

Under eit jordskifte er det retten som tar den endelege avgjerda. Partane sine påstandar, påstandsgrunnlag og forslag til løysingar blir vurdert og tatt omsynt til av retten. Ved eit investeringstiltak om veg vil retten uansett måtte gjere ei vurdering om gjennomføringa av prosjektet vil ha høgare kostnad enn nytte for eigedomane, vurderinga skal grunngjevast. Etter jordskiftelova § 3 bokstav a skal jordskifteretten grunngje nytta for den einskilde eigedom og skiftefeltet samla. Som nemnt i kapittel 3 meiner både Reiten (2009) og Austenå (1997) at rettstryggleiksgarantien eller ikkje-tapsgarantien i jordskiftelova § 3 bokstav a skal grunngjevast godt, og at ein bør stille strenge krav til denne grunngjevinga. I kapittel 4 presenterte eg jordskiftesakene. Det kjem fram at grunngjevinga ved fremjing er mangelfull og i nokre tilfelle fråverande. Det er vanskeleg å undersøke kva effektar eller gevinstar jordskifteretten meinte partane ville oppnå ved jordskiftet, når jordskifteretten sjølv ikkje har sagt noko om dette.

Jordskiftelova frå 1979 er frå ei tid då landbrukseigedomane kunne handsamast meir likt enn no. Som drøfta tidlegare i oppgåva, er det ei utvikling med omsynt til norske landbrukseigedomar frå det homogene til det heterogene. I tillegg er det ikkje lenger berre reine landbrukseigedomar som er partar i eit jordskifte. Spørsmålet er om jordskiftelova og dei vurderingane som må gjerast i medhald av den vil kome i utakt på grunn av desse endringane? I dag skal eigedomane vurderast objektivt ut i frå ein normalisert eigar av eigedomen. Som følgje av denne utviklinga kan det tenkast at i framtida må jordskifteretten først ta stilling til om dei skal vurdere eigedomane subjektiv eller objektivt. Sevattal (1989:295-296) opererer med foretaksmessig-, kapitalmessig-, sosial- og konsumentmessige funksjonar, der målsetninga til den enkelte eigar klårt varierer med kva funksjon eigedomen har for han. Ei slik inndeling er viktig når subjektiv og objektiv nytte skal drøftast. Å ikkje ta omsyn til dagens eigar er i tråd med Austenå og Øvstedal (2000), men slik situasjonen er på "bygda" i dag, er kanskje dette utdatert. Det er vanskeleg for den norske bonden å drive eit økonomisk rekningsvarande landbruk. Jordskiftelova § 42 andre ledd opnar for ei meir subjektiv vurdering, der ein kan ta omsyn til partane si økonomiske evne, men dette framstår som ei naudløysning med omsyn til investeringar. Ein skal vurdere eigedomen etter "tid og tilhøve", jf. jskl. § 1 første ledd. Kva om ein snur litt på dette, og utvidar regelen i jordskiftelova § 42 andre ledd? I staden for å ta omsyn til parten si økonomiske evne og eigedomen etter tid og tilhøve, kan ein ta omsyn til *parten sin moglegheit til auka inntekt og sjå på parten si evne til å utnytte eigedomen etter tid og tilhøve*. Utviklinga i samfunnet har òg ført til at det ikkje lenger er så mange typiske arealbyttesaker slik det var før. Ser ein på årsrapportane for jordskiftedomstolane er det ei tydeleg auke i bruksordningar av ulike slag. Auke i slike saker fører til at også her må subjektiv og objektiv vurdering drøftast. Eit jordskifte kan takast opp til ny verdering etter ti år, jf. jskl. § 4. Kor stor skade kan det då vere å vurdere eit tiltak subjektivt for eigaren?

I oppgåva har eg ikkje studert og drøfta aktuelle metodar for kostnadsfordeling mellom eigedomane. Jordskifterettane i sakene har ikkje drøfta konkret korleis ein kom fram til fordelinga og partane har heller ikkje tatt dette opp.

Dersom partane var meir involverte i kva del eigedomen skulle få i opparbeiding og vedlikehald, kunne ein då ha auka sjansen for at kvar part ytte sin del i fellesskapet? Etter jordskiftelova § 17a skal partane få høve til å uttale seg om skifteplan før vedtak. Retten skal deretter utarbeide eit utkast som skal leggjast skriftleg fram for partane som kan kome med

merknader, og etter dette skal vedtaket fattast. I sakene som er undersøkt der konfliktnivået er høgt har som nemnt partane uttalt at vedtaket og vedtektene for vegen er godt utforma. Problemet ligg i ikkje der, det er partane sine relasjonar som set ein stopp for samarbeidet. Spørsmålet er då: Korleis skal jordskifteretten gå fram for å unngå dette?

Ei metode som er vanleg å nytte under rettsmekling for å kome fram til ei semje er ”*en-tekst prosedyren*” (Rognes, 2008:106). ”*En-tekst prosedyren*” er ei grov løysingsskisse, som først tar for seg kva partane er samde om, og deretter blir det utvikla ei ferdig avtale. Dette er ei metode for å danne et godt samarbeidsmiljø. Løysingar som partane sjølve har vore med på å utforme er enklare å etterleve sidan ein som oftast ikkje angripe noko ein sjølv har utforma (Austbø og Engebretsen, 2003).

Vanlegvis kjem det fram under handsaminga av jordskiftesaka om forholdet mellom partane er dårleg. I jordskiftesaker med høgt konfliktnivå bør kanskje jordskifteretten under utforming av vedtektene gå fram på ein annan måte enn i saker der konfliktnivået er lågt. Er det ein dårleg relasjon mellom partane kan ein nytte seg av ulike forhandlingsteknikkar for å kome fram til ei løysing partane har lettare for å etterleve. Det er lite hjelp i å gjennomføre eit investeringstiltak dersom partane ikkje kan bli samde om naudsynt vedlikehald og bruk av vegen.

Av tidlegare studiar av sakstypen sams tiltak har eg synt til rapporten *Gevinstbetraktningar ved jordskifte*. Arbeidsgruppa konkluderte med at betre vegnett i utmarksområde sikrar enklare tilgong til skog- og utmarksressursane, også for samfunnet generelt. Noko som har kome fram under intervjuar er at vegen ikkje berre har utløyst verdier som før var utilgjengelege, det har også auka rekreasjonsaktivitetane til partane. Nokre partar meinte vegen kunne ha blitt bygd berre for rekreasjonsføremålet. Eit slikt funn er interessant, og ein ville truleg ikkje ha fått eit slikt funn om ein gjekk tilbake éin generasjon. Rekna frå notid kan ein seie at tredje generasjon brukte utmarka til å byggje landet, andre generasjon brukte utmarka for å oppnå økonomisk velferd, medan første generasjon brukar utmarka i stor grad til helse og rekreasjon. Slik bruk av utmarka kjem òg tydeleg fram i den norske politikken. Kulturlandskapet er i dag framheva som viktig å ta vare på, og som ein del av vår kulturarv. Det er blitt eit politisk tema å ta i vare kulturlandskapet sidan det ikkje lenger blir drifta som før. Noreg har i dag tjuuein utvalde kulturlandskapsområde med eigen skjøtselplan. Jordskifterettane har i hovudsak hatt fokus på dei privatøkonomiske effektane, men ifølgje

Sky (2009:385) ser ein no ei utvikling der andre effektar blir vurderte for å underbygge om eit jordskifte skal avvisast eller fremjast. Kanskje vil verknaden for miljøet spele ei sterkare rolle i framtida ved fremjing.

Laskemoen (2011:119) fann at ved oppløysing av sameige gjennom jordskifte kunne ein påvise sosiale effektar. Desse effektane slo ut både positivt og negativt, men med størst tendes mot det negative. Skaug (1993) kom òg til same konklusjon etter ein studie av effektar ved jordskifte i skog.

Mine funn har ein tendes mot det positive. Veggen har opna for ein møteplass mellom partane som før ikkje var der, dette har fleirtalet sett på som positivt. Der det er ein dårleg relasjon mellom partane, har dette ført til ei avgrensing i bruken av veggen og areala rundt. Spesielt har denne relasjonen slått ut i vedlikehald av anlegget. Mange har den holdninga at; *"kvifor skal eg gjere veggen betre, når naboen ikkje gjer det."* Det syner å vere klårt for meg at sjølv om retten utformar reglar for bruk og vedlikehald så setter partane dette til side dersom relasjonen mellom dei ikkje er god.

Når det gjeld vidare arbeid har eg gjort meg nokre tankar. Intervju synte seg å vere lite eigna som einaste metode for å få fram objektive økonomiske data. Kva slags metode ein alternativt kunne nytte har eg ikkje umiddelbart svart på. Eit forslag til vidare arbeid er å hente inn økonomiske data ved hjelp av ei anna metode, i tillegg til intervju. Når det gjeld utvalet av studieobjekt vil det kunne vere aktuelt å studere krav som ikkje blei fremja. Jordskifteretten kan avvise kravet fordi nytta ikkje oppveg ulempa og kostnaden ved tiltaket. Om desse tiltaka er gjennomført på anna måte og om dei vurderingane jordskifteretten har gjort har vist seg å stemme, er interessant å undersøke.

Til slutt vil eg ta opp igjen noko om meiningsinnhaldet i omgrepet effekt. Det har synt seg å vere eit problematisk omgrep, noko eg har vore inne på fleire stadar undervegs. Det kunne vere særst nyttig forskning å gjennomarbeide dette omgrepet med målsetning om å kome fram til meir operasjonelle omgrep til bruk i evaluering av jordskifte. Innbakt i slik forskning vil det ligge ein del metodeproblem. Reint stikkordsmessig vil eg ymta frampå om kausalitet, isolering av jordskifte frå andre årsaksfaktorar og det kontrafaktiske som element i slike studium. Heilt tilslutt problemet med aukane heterogenitet mellom ulike eigarar med omsyn til nyttefunksjon av eigedomar.

Kjelde

Bibliografi:

Arnulf, O., & Gauer, E. (1998). *Vegloven, kommentarutgave (3. utgave)*. Oslo: Universitetsforlaget.

Austebø, A., & Engebretsen, G. (2003). *Meklinger i rettskonflikter*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.

Austenå, T. (1997). *Vilkårene for å kreve jordskifte*. *Kart og plan* (57) 1997, s. 224-232.

Austenå, T., & Øvstedal, S. (2000). *Jordskifteloven med kommentarer (3. utgave)*. Oslo: Universitetsforlaget .

Bernt, C., & Mykland, S. (2009). *Materiell Prosessledning. I Ravna, Ø. (red.). Perspektiver på jordskifte, s. 335-368*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Bjerva, Ø., & Sevatdal, o. H. (2009). *Jordskifte i teoretisk perspektiv. I Ravna, Ø. (red.). Perspektiver på jordskifte, s. 65-90*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Buhaug, O., Melbø, A. K., & Ranum, O. (2007). *Behovet for og betydningen av bruksordninger og eiendomsendrende tiltak. I Ravna. Ø. (red.). Areal og eiendomsrett, s. 341-359*. Oslo: Universitetsforlaget.

Bullard, R. K. (1990). *Environmental Impact of Land Consolidation*. *Surveying Science of Finland*, No. 1.

Enger, J., & Opheim, T. (1992). *Jordskifte i skog, Enger, J. (red.)*. Ås: Landbruksbokhandelen.

Engjaberg, I. (1986). *Effekt av jordskifte, studie av tre jordskiftefelt i Møre og Romsdal*. Ås: Institutt for jordskifte og arealplanlegging. Norges Landbrukshøgskole.

Flø, O. A., & Haraldstad, H. S. (2009). *Bruksordning av private veier. I Ravna, Ø. (red.). Perspektiver på jordskifte, s. 397-428*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Grønmo, S. (2007). *Samfunnsvitenskapelige metoder* . Bergen: Fagbokforlaget.

- Johannessen, A., Kristoffersen, L., & Tufte, P. A. (2009). *Forskningsmetode for økonomisk-administrative fag*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Jones, M., & Rønningen, K. (2007). *Jordskifte og kulturlandskap. I Ravna, Ø. (red.). Areal og eiendomsrett, s. 370-390*. Oslo: Universitetsforlaget.
- King, R., & Burton, S. (1983). *Rural Change in Agriculture. The Geography of Land Consolidation*. Progress in Human Geography. Vol. 7(1), ss. 471-486.
- Kirk, J., & Miller, M. (1986). *Reliability and Validity in Qualitative Research*. California: Sage Publications.
- Laskemoen, A. K. (2010). *En studie av sosiale effekter av jordskifte ved oppløsning av semeie*. Ås: Institutt for landskapsplanlegging. Universitet for Miljø- og Biovitenskap.
- Lotherington, A. T. (1990). *Intervju som metode*. Tromsø: Forelesning for hovedfagstudenter i offentlig politikk, ISV.
- Nord, E. (2009). *Jordskifte i byer og tettsteder. I Ravna, Ø. (red.). Perspektiver på jordskifte, s. 485-511*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- NOU 2002:9. *Jordskifterettens stilling og funksjoner*. Landbruksdepartementet.
- Ot.prp.nr.106 (2002-2003) *Om lov om endringer i domstolloven og jordskifteloven (jordskifterettens stilling og funksjoner)*. Landbruksdepartementet.
- Ot.prp.nr.56 (1978-1979). *Om lov om jordskifte o.a.* Landbruksdepartementet.
- Ot.prp.nr.57 (1997-1998) *Om lov om revisjon av lov 21. desember 1979 nr 77 om jordskifte o.a. og endringer i enkelte andre lover*. Landbruksdepartementet.
- Ot.prp.nr.78 (2004-2005) *Om lov om endringer i jordskifteloven m.v.* Landbruks- og matdepartementet.
- Reiten, M. (2009). *Avgjerd om fremme av jordskiftesak. I Ravna, Ø. (red.). Perspektiver på jordskifte, s. 235-259*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Roalkvam, O. (2003). *Jordskiftelova § 3 a og "nytt for kvar einskild eigeidom"*. Ås: Institutt for landskapsplanlegging. Norges landbrukshøgskole.
- Rognes, J. (2008). *Forhandlinger*. Oslo: Universitetsforlaget.

Sevatdal, H. (2007). *Utdanning i jordskiftefag - eit prosessperspektiv*. Kart og plan (67) 2007, s. 201-210.

Sevatdal, H., & Sky, P. K. (2003). *Eigedomsteori. Seire D. Rapport 1*. Ås: Institutt for landskapsplanlegging. Norges landbrukshøgskole.

Sevtadal, H. (1989). *Eigedomsteori og eigedomsutforming. I Steinsholt, K. (red.). Perspektiver på eiendom, s. 294-310*. Ås: Institutt for jordskifte og arealplanlegging. Norges landbrukshøgskole.

Skaug, H. (1993). *Effekter av jordskifte i skog- Et studie av skiftefeltet Bråta i Eidskog*. Ås: Institutt for planfag og rettslære. Norges landbrukshøgskole.

Sky, P. K. (2009). *Jordskiftets ulike effekter. I Ravna, Ø. (red.). Perspektiver på jordskifte, s. 369-396*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Tenkanen, A. (1991). *Environmental Aspects of Finnish Land Consolidation*. Surveying Science in Finland, No. 1, s. 16-25.

Øygard, I., Høyvik, S., Olsen, M., Verkland, L., & Sætermo, I. A. (2009). *Gevinstbetraktninger ved jordskifte*. Trondheim: Domstoladministrasjonen.

Internettkjelde:

Domstoladministrasjonen, (2006, 21. desember). *Om jordskiftedomstolene*. Henta 19.01.2012 frå Domstoladministrasjonen: <http://www.domstol.no/no/Enkelt-domstol/Jordskiftedomstolene/Om-jordskiftedomstolene/>

Regjeringen.no – informasjon frå regjeringa og departementa (2009): *Høyringsnotat om ny jordskiftelov (og endringar i andre lover)*. Henta 15.02.2012 frå: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/horinger/horingsdokumenter/2009/horing---utkast-til-ny-jordskiftelov-/horingsnotat.html?id=575900>

Fylkesmannen i Hordaland (2012): *Landskap i drift*. Henta 03.03.2012 frå: http://fylkesmannen.no/landskap_i_drift_brosjyre_trykk_Lg6i3.pdf.file

Norge i bilder (2012) Tjenesten er levert av Skog og landskap, Statens vegvesen og Statens kartverk. Henta 26.04.2012 frå www.norgebilder.no med søketekst for det aktuelle området.

Rognstad, O. (2009, 26. august). *Utviklingen i antall gårdsbruk – Ett av tre gårdsbruk lagt ned siden 1999*. Henta 03.02.2012 frå Statistisk sentralbyrå:

<http://www.ssb.no/vis/emner/00/01/10/valgaktuelt/art-2009-08-26-01.html>

Statens landbruksforvaltning (2012, 12. april). *Tømmeravvirkning og –priser*. Henta 15.04.2012 frå: <https://www.slf.dep.no/no/statistikk/skogbruk/tommeravvirkning>

Statistisk sentralbyrå (2011). *Bygging av skogsveier. Kilometer*. Henta 03.02.2012 frå :

<http://www.ssb.no/aarbok/fig/fig-360.html>

Statistisk sentralbyrå (2009). Henta 03.02.2012 frå Statistisk sentralbyrå:

<http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk/fig-2009-06-23-01.html>

Statistisk sentralbyrå (2009, 23. juni). *Landbruksundersøkinga, 2008. Skogbruk. Endelege tal. Ein av fire med utmarksinntekter*. Henta 03.02.2012 frå Statistisk sentralbyrå:

<http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogbruk/index.html>

Statistisk sentralbyrå (2011, 2. mai). *Skogsveier for motorkjøretøyer, 2010. Oppgang i skogveibyggingen*. Henta 03.02.2012 frå Statistisk sentralbyrå:

<http://www.ssb.no/emner/10/04/20/skogsvei/index.html>

Øygard, I, (2011, 30. august). *Fleire løyste tvistar i jordskiftedomstolane*. Henta 19.01.2012 frå Domstoladministrasjonen: <http://www.domstol.no/no/Aktuelt/Nyheter/Fleire-loyste-tvistar-i-jordskiftedomstolane/>

Lovregister:

Lov av 1. juni 1917 nr. 1. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker [skjønnsprosessloven].

Lov av 18. mars 1955 nr. 02. Lov om tilskiping av jordbruk (jordlova).

Lov av 21. juni 1963 nr. 23. Veglov.

Lov av 21. desember 1979 nr. 77. Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven).

LOV av 12. mai 1995 nr. 23. Lov om jord (jordlova).

Lov av 27. mai 2005 nr. 31. Lov om skogbruk (skogbrukslova).

Lov av 15. juni 2007 nr. 40. Lov om reindrift (reindriftsloven).

Lov av 27. juni 2008 nr. 71. Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

Forskrifter:

FOR-1996-12-20-1200 (Landbruks- og matdepartementet).

Avgjersler publisert i Norsk Retstidende og Rettens Gang:

Rt-1987-595

Rt-2000-1119

RG-1988-488

VEDLEGG

Vedlegg 1: Infoskriv til partane i jordesiftesakene.

Vedlegg 2: E-post frå Nortura, informasjon om slaktepris på sau.

Vedlegg 3: Søknad til fylkesmannen i Hordaland frå eigarar på Seim om tilskot til Landskap i drift

Vedlegg 4: Flybilde av vegane. Henta frå www.norgebilder.no

Vedlegg 5: Tilbakemelding frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Vedlegg 1: Infoskriv til partane i jordeskiptesakene.

Til

Fornamn Etternamn Adresse

Intervju av partar i jordeskiptesak (saks nr. og navn på saka) angående etablering av privat veg

Som avslutning på mitt masterstudium ved Universitet for miljø- og biovitskap (UMB, Ås) skriver eg denne våren ei masteroppgåve. Studien er saker frå Gulating jordeskiptedøme. Eg har valt eit studium om jordskifte, og problemstillinga er: *"Effektar av sams tiltak – ein studie av private vegar etablert gjennom jordskifte"*. Hensikta med arbeidet er å studere effektar av ein ny veg.

Gjennom jordeskiptekontor i Gulating jordeskiptedøme har eg samla inn 8 rettsbøker som er relevant for min studie. Rettsbøker er offentleg, men med dette skrivet vil eg informere at ei jordeskiptesak som du har deltatt i er aktuell for min studie.

Jordeskiptesakene som er valt ut er saker der det gjennom jordskifte er etablert ein veg. Eg ønskjer med studien å dokumentere dei faktiske forhold i marka. Eg skal reise ut til jordskiptefeltet for å dokumentere om det er etablert ein veg. Deretter ønskjer eg kontakt med partar i saka for å få dykkas syn på jordskifte.

Nokon av spørsmåla eg ønskjer svar på er mellom anna:

- Har det blitt etablert veg?
- Blei vegen bygd slik jordskipteretten fastslo?
- Har jordskiptevegen utløyst ein gevinst for din eigedom?

I løpet av mars månad vil eg gjennomføre ein spørjeundersøking på telefon. Eg kjem til å ringe for å høyre kva tankar dykk har rundt jordeskiptesaka og for å avtale ei eventuell synfaring av området. Eg håpar at dykk vil hjelpe meg med å belyse desse forholda, slik at eg kan dokumentere gjennomføringa av slike saker. Dersom eg ikkje har kontakta deg iløpet av mars månad er det ønskeleg at du tar kontakt med meg. Kontaktinformasjon finn du nedst i dette skrivet.

Namn, adresse, gard- og bruksnummer og eventuelt andre personopplysningar vil ikkje bli dokumentert i oppgåva, og desse opplysningane er det berre eg som intervjuar som har tilgong til. Under intervju vil eg ta notat for hand. Desse notatane vil bli makulert ved prosjektet slutt, 1. juni 2012.

Ved Universitetet for miljø- og biovitskap er professor Hans Sevatdal ved Institutt for landskapsplanlegging min rettleiar.

Eventuelle spørsmål kan og rettast til han på telefon: 95 13 45 46

På førehand takk.

Med vennlig helsing

Cathrine Liss Hoddevik

Ved spørsmål eller feil i partslista kan du kontakte meg på:

Telefon: 97 61 57 24 og e-post: cathrineliss@gmail.com

Vedlegg 2: E-post frå Nortura, informasjon om slaktepris på sau.



Dato: 10. april 2012.

Vedlegg 3: Søknad til fylkesmannen i Hordaland frå eigarar på Seim om tilskot til prosjektet Landskap i drift

Prosjekt Seimshagen i Drift

Prosjektskildring

Seimshagen omfattar største delen av den utskifta heimeutmarka til garden Seim. Etter utskiftninga i 1946 vart deler av området inngjera av dei ulike eigarane, standskogen hoggen og teigane nytta som kulturbeite. Med det store hamskiftet i landbruket på 60 og 70-talet minka bruken av beita sterkt og skogen dominerar i dag store deler av heimeutmarka. Med minkande beiting fall også gjerdevedlikehaldet bort. I dag kan største delen av området ikkje nyttast som beite med bakgrunn i manglande gjerde. Området er eigd/ disponert av 2 heiltidsbønder og ein deltidbond. Med nye offentlege krav til tidsrom husdyr skal vera ute på beite, samt ynskje og stimulering til skjøtsel av kulturlandskapet, ynskjer brukarane no å gjerda inn om lag 367 da av den tidlegare heimeutmarka. Samla yttergrense som må ha nytt gjerde er 2 650m. Deler av dei gamle skiftegjera mellom bruka skal også fornyast, samt at det må setjast opp nye gjerde som delar større teigar. Mellom bruk 1 og 2 skal det setjast opp eit lett straumgjerde som vert demontert i den tida av året det ikkje går hestar/ storfe på beitet. Samla lengde for interngjerde er 1280m. Dette vil føra til meir oversiktelege teigar med tanke på tilsyn, samt at beitetrykket kan styrast betre i sterkaste vekstsesongen. Trass i ein nedgang i aktive gardsbruk i Guddal/ Seim er etterspurnaden av beite veksande.

Grunneigarar/ brukarar

gnr/bnr	eigar	brukar	tot	nytta areal
•				
•				
•	91	Diverse veggrunn, kvernhus etc	10	10
	Samla areal		367	118

Med eit samla areal innanfor feltet på tot. 367da, og eit eksisterande areal beite/ dyrka på 118 da vil prosjekter føra til at det samla vert rydda og teke i bruk 249 da nytt beite.

Framdrift

Prosjektet kan delast i 6 aktivitetar:

1. Hogging/ rydding av gjerdegrase yttergrenser. Vår 2012
2. Gjerding yttergrenser. Haust 2012 - vår 2013.
3. Hogging/ rydding av beite Haust 2012 – 2016
4. Hogging/ rydding for interngjerding Haust 2012
5. Gjerding interngjerde 2013 – 2014
6. Merking og tilrettelegging av turveggar m/ grindar- klyver 2012 – 2014

Kvar grunneigar/ brukar tek ansvar for oppsetting av gjerde innan for sin teig i trå med gjerdeplikt fastsett i jordskifte, samt nye gjerde som er del av prosjektet. Grunneigar/ brukar er også ansvarleg for rydding av sin eigen teig.

Beitebruk

	i dag			2017		
91/1	sau 0	storfe 0	hest 0	sau 20	storfe 6 - 8	hest 1
91/2	sau 0	storfe 0	hest 1	sau 10	storfe 6-8	hest 3
91/3	sau 5	storfe 5	hest 0	sau 60 – 80	storfe 10 – 15	hest 5
91/4	sau 0	storfe 5	hest 0	sau 30	storfe 5	hest 1
Totalt	5	5	1	120-140	27-36	10

Dyretalet for 2017 er eit estimat ut frå tilgjengeleg areal, middels hardt beitetrykk, samt at brukarane ynskjer å auka dyretalet på bruka i takt med tilgjengeleg beiteareal. Det er også ein auka etterspurnad på leige av inngjerda innmarksbeite i god hevd.

Det er ikkje planlagt foringsplasser innan for feltet.

Ålmenta, friluftsliv og informasjon

Eigarane/brukarane ynskjer gjennom prosjektet å synleggjera dei verdiar og kvalitetar landbruket disponerar i dag. Området er i dag lett tilgjengeleg for ålmenta og fleire turstiar er nytta i dag. Gjennom betre tilrettelegging eksisterande stiar, samt etablering av nye stiar og informasjon vil ein gjera området meir tilgjengeleg og attraktivt som tur og rekreasjonsområde. Her vil grindar, gjerdeklyver, informasjon og merking vera viktige tiltak. Innan for området finn vi mellom anna "Elveparken" ved Guddalselva, Havforskinga sin forskingsstasjon samt "Seimskvedno". Dette er på kvar sin måte viktige kultur og driftselement som fortel om fortid og framtid. Med tanke ein felles dokumentasjon og informasjon for prosjektet kan ein tenkja seg å nytta bygningane ved Seimskvedno. Ansvar for informasjonen ligg til prosjektet. Seimssfoss grendalag er invitert med i planlegginga av prosjektet og vil verta ein viktig samarbeidspartnar og bindeledd mot ålmenta.

Kostnader/inntekter

Gjerde yttergrense materiell	2650m a kr. 35,-	kr. 92 750,-
Gjerde internt materiell	1280m a kr. 35,-	kr. 44 800,-
Arbeidstimar gjerding	393t a kr 250,-	kr. 98 250,-
Grindar køyrebreidd	4stk a kr. 3000,-	kr. 12 000,-
Grindar gangvegar	5stk a kr. 1000	kr. 5 000,-
Gjerdeklyver	10stk a kr. 150,-	kr 1 500,-
Informasjonstavler/ skilt	5 stk a kr 1000,-	kr 5 000,-
Rydding av skog og beite	1000t a kr. 250	kr. 250 000,-
Salg av ved	360m ³ a kr.500	kr. 180 000,-

Av den totale lengda nytt gjerde i yttergrense har Kvinnherad kommune ca 200m gjerdeplikt og private grunneigarar i Seimshamrane byggefelt ca 380m gjerdeplikt. Kostnadane med nytt gjerde vil verta refundert av tomteeigarane og kommunen.

Alle gjerder skal byggjast med imregnerte pålar c/c 1.0 – 1.5m, streng oppe og nede, sekskantnot. Armeringsjern vert bora ned i fjell der det ikkje kan nyttast trepàlar.

Budsjett

	kostnader	inntekter
Gjerdemateriell	kr 137 550,-	
Grindar, klyver	kr 23 500,-	
Informasjonsmateriell	kr 5 000,-	
Arbeid gjerding/ grindar	kr 98 250,-	
Rydding beite/ hogging av skog	kr 250 000,-	
Sal av ved		
LID-tilskot tilsagn 2011		kr 47 000,-
LID-tilskot 2012 og 2013		kr 152 500,-
SMIL – tilskot		kr 50 000,-
Refunder frå tomteeigarar og kommune		kr 34 800,-
Eigeninnsats gjerding		kr 50 000,-
Sal av ved		kr 180 000,-
	<u>Kr 514 300,-</u>	<u>kr 514 300,-</u>

Prosjektet er tufta på ein stor grad av eigeninnsats, gjennom oppsetting av gjerde og rydding av beite, hhv kr 50 000,- og kr 70 000,-, samla kr 120 000,-.

Det vart i 2011 gjeve tilsagn om eit LID- tilskot på kr 47 000,-. I tillegg vil prosjektet søkja om SMIL-tilskot stort kr 50 000,-.

Som restfinansiering av prosjektet søker Seimshagen i Drift med dette om eit LID- tilskot stort kr. 152 500,-

Seimsfoss ²⁵/3 2012




Seimshagen i Drift

Vedlegg 4: Flybilde av vegane. Henta frå www.norgebilder.no

Tømmerstøl:



Moldrheim:




Hauge:




Østerbø:



Seim:




Storskjær:



Flatråker:



Rygg og Fosse Indre og Ytre:



Vedlegg 5: Tilbakemelding frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 2
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Hans Sevtdal
Institutt for landskapsplanlegging
Universitetet for miljø- og biovitenskap
Postboks 5003
1432 ÅS

Vår dato: 28.03.2012

Vår ref: 29879 / 3 / AH

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 16.02.2012. All nødvendig informasjon om prosjektet forelå i sin helhet 27.03.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

29879	<i>Effektar av sams tiltak – ein studie av private vegar etablert gjennom jordskifte.</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Universitetet for miljø- og biovitenskap, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Hans Sevtdal</i>
Student	<i>Cathrine Liss Hoddevik</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.06.2012, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen


Knut Kalgraff Skjåk


Åsne Halskau

Åsne Halskau tlf: 55 58 89 26
Vedlegg: Prosjektvurdering
Kopi: Cathrine Liss Hoddevik, Ranheimsveien 135B, 7053 RANHEIM



Prosjektets formål er å studere effekter av en ny vei. Utvalget består av 140 parter/eiendommer fra 8 jordskiftesaker. Førstegangskontakt og rekruttering går via student ved at hun gjennom jordskiftekontoret i Gulating jordskiftedømme får utlevert 8 rettsbøker med jordskiftesaker. Her henter hun ut navneliste og gårds- og bruksnummer på potensielle informanter. Student har opplyst at disse dokumentene er offentlig informasjon og ombudet forutsetter at taushetsplikten ikke er til hinder for førstegangskontakt og rekruttering.

Ombudet forstår det slik at det ikke skal samles inn andre opplysninger fra rettsbøkene enn ovennevnte. Videre skal det tas bilder av veiene som er bygget etter jordskiftene. Bildene vil kun være av veier/omgivelser. Det skal videre gjennomføres personlige intervju via telefon hvor det registreres opplysninger om informantens syn på jordskiftesaken, jordskifteprosessen, hva som har skjedd etter at saken var ferdig, samt informantens refleksjoner/syn på effekten av jordskiftesaken.

Det vil tas notater for hånd under intervjuet. Navneliste (koblingsnøkkel) blir oppbevart på studentens personlige mappe på terminalserveren til Gulating jordskifteoverrett, med eget brukernavn og passord. Ombudet legger til grunn at veileder og student setter seg inn i og etterfølger Universitetet for miljø- og biovitenskap sine interne rutiner for datasikkerhet.

Det skal gis skriftlig informasjon og innhentes muntlig samtykke. Ombudet har mottatt informasjonsskrivet 27.03.2012 og finner det tilfredstillende. Personvernombudet finner at behandlingen kan hjemles i personopplysningsloven § 8 (samtykke).

Prosjektsslutt er angitt til 01.06.2012. Senest ved prosjektsslutt vil koblingsnøkkel være slettet, og øvrig datamaterialet slettet/anonymisert, jf. informasjonsskriv. Ombudet minner om at et anonymt datamateriale kun består av opplysninger som ikke på noe vis kan identifisere enkeltpersoner, verken direkte gjennom navn eller personnummer, indirekte gjennom bakgrunnsvariabler, eller gjennom navneliste/koblingsnøkkel eller krypteringsformel.